

# Årsrapport for 2012

---

## Føreord

Difi skal medverke til at statsforvaltninga er kjenneteikna av kvalitet, effektivitet, brukarretting, openheit og medverknad, og til at forvaltninga er godt og målretta organisert og leidd.

Desse måla, henta frå vårt tildelingsbrev for 2012, er store og krevjande. Samstundes viser formuleringa «medverke til», at Difi sitt arbeid berre kan vere éin av innsatsfaktorane for å få til den ynskte utviklinga av forvaltninga. Det mest vesentlege arbeidet går føre seg i den enkelte verksemda, i tillegg til at ei rekkje tverrgående tiltak frå andre enn Difi også bidreg.

Min ambisjon for Difi er at vi greier å finne fram til innsatsområde der vårt bidrag kan gjere ein merkbar skilnad – område der forvaltninga treng oss, og er vi har kompetanse til å bidra. Difis nye strategi, som vart sett i kraft i 2012, har etter mi meining hjelpt oss godt på veg med å finne dei riktige innsatsområda.

Eg meiner denne årsrapporten viser at Difi har gjeve vesentlege bidrag til forvaltningsutviklinga i 2012 innanfor leiing og organisering, digital forvaltning, og offentlege anskaffingar.

Oslo 28. februar 2013



Hans Christian Holte  
direktør

# Innhold

|          |   |           |
|----------|---|-----------|
| <b>1</b> | <b>Samandrag</b> .....  | <b>4</b>  |
| <b>2</b> | <b>Måloppnåing</b> .....  | <b>7</b>  |
| 2.1      | Hovudmål 1 Forvaltning skal vere velorganisert og brukarretta .....   | 7         |
| 2.2      | Hovudmål 2 Forvaltninga skal vere open og kommuniserer godt med innbyggjarane.....  | 17        |
| 2.3      | Hovudmål 3 Forvaltninga har kompetente leiarar og medarbeidarar .....   | 23        |
| 2.4      | Hovudmål 4 Digital forvaltning skal vere sikker og koordinert og underbyggjer målet om ein effektiv og brukarretta offentleg sektor ..... | 33        |
| 2.5      | Hovudmål 5 IKT-politikken skal gje gode rammevilkår for verdiskaping og deltaking i samfunnet .....                                       | 47        |
| 2.6      | Hovudmål 6 Offentleg sektor skal gjennomføre samfunnsnyttige, kostnadseffektive og kvalitetsretta anskaffingar.....                       | 54        |
|          | Omtale av oppdrag som blir finansiert over budsjett i andre departement.....  | 62        |
| <b>3</b> | <b>Administrative føringar og organisasjon</b> .....  | <b>66</b> |
| 3.1      | Fellesføringar .....  | 66        |
| 3.1.1    | Prioritering av økt rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne i arbeidet med inkluderande arbeidsliv .....                       | 66        |
| 3.1.2    | Auke av talet på lærlingar i statsforvaltning .....   | 67        |
| 3.1.3    | Vidarebruk av offentleg data.....   | 67        |
| 3.1.4    | Utvikling i geografisk fordeling av statlege arbeidsplassar .....   | 67        |
| 3.2      | Styringskrav .....  | 68        |
| 3.2.1    | Likestilling .....  | 68        |
| 3.2.2    | IKT sikkerheit .....  | 69        |
| 3.2.3    | Evalueringar .....  | 69        |
| 3.2.4    | Klart språk .....   | 72        |
| 3.2.5    | Etiske retningslinjer og risiko for misleghald .....  | 72        |
| 3.2.6    | Samisk språk .....  | 72        |

## Vedlegg

- Vedlegg 1: Oversikt over lengre utgreiingsprosjekt
- Vedlegg 2: Oversikt over rådgevingsmøte og føredrag
- Vedlegg 3: Oversikt over møteplassar arrangerte av Difi
- Vedlegg 4: Oversikt over Difi-publikasjonar omtalt i media og på nettsider
- Vedlegg 5: Oversikt over presentasjonar, kurs, rådgeving m.m. i samband med Klart språk i staten-prosjektet
- Vedlegg 6: Difis kurs, seminar og konferansar
- Vedlegg 7: Forklaringer til statsregnskapet
- Vedlegg 8: Likestilling

---

# 1 Samandrag

Difi skal medverke til at statsforvaltninga er kjenneteikna av kvalitet, effektivitet, brukarretting, openheit og medverknad, og til at forvaltninga er godt og målretta organisert og leidd. Det arbeider vi for med eit breitt spekter av verkemiddel og metodar. Vi gjev råd, gjer analysar og evaluerer på eige initiativ og på oppdrag frå ei rekkje departement og verksemder for å bidra til ei godt organisert og brukarretta forvaltning. Vi driv kompetanseutvikling både gjennom tradisjonelle kurs og e-læring. Vi rettleier og stimulerer til betre offentlege anskaffingar gjennom nettverk og nettstaden anskaffelser.no. Vi utviklar, driftar og forvaltar felleskomponentar på IKT-området, og standardiserer, samordnar og samarbeider med andre om ei heilskapleg IKT-utvikling.

## **Sentrale utviklingstrekk**

Fleire trekk i forvaltningsutviklinga i 2012 har påverka rammene for arbeidet i Difi. Det er grunn til å trekkje fram spesielt to område; framlegginga av digitaliseringsprogrammet, og den forvaltningspolitiske debatten i etterkant av rapporten frå 22.juli-kommisjonen. Begge desse utviklingstrekk har lyft sentrale delar av Difi sin portefølje høgare på den politiske dagsorden og som tema i samfunnsdebatten.

Framlegginga av Regjeringa sitt digitaliseringsprogram i april var ei tydeleggjering av den viktige rolla digitalisering spelar i den vidare utviklinga av norsk forvaltning. Breidda i programmet, den sterke politiske forankringa og dei konkrete oppfølgingstiltaka bidrog til dette. Forvaltningsutvikling og fornying gjennom digitalisering er ein viktig del av Difis portefølje, og Difi spelar ei sentral rolle i digitaliseringsarbeidet på tvers av sektorane. Digitaliseringsprogrammet har sett ein klar kurs og ambisjon for digitaliseringa, og tydeleggjort og styrkt Difi si rolle i denne. Det har skjedd blant anna gjennom stadfestinga av prinsippet om digitalt fyrsteval, presentasjon av fleire felles element som må på plass som eit grunnlag for digitalisering, og styrking og utviding av den strategiske samarbeidsarenaen SKATE.

Då rapporten til 22.juli-kommisjonen vart lagd fram i august 2012, gav han ein ny giv for diskusjonen om forvaltningspolitikk i Noreg. I utgangspunktet var kommisjonen sine funn og drøftinga av dei i stor grad retta inn mot justis- og beredskapssektoren. Men funna vart også oppfatta som relevante for forvaltninga generelt, spesielt hovudtilrådinga i rapporten om å styrkje grunnleggjande haldningar og kultur knytt til risikoerkjenning, gjennomføringsevne, samhandling, IKT-utnytting og resultatorientert leiarskap. Utover hausten oppstod fleire debattar i media, politiske miljø, academia, konferansar etc., om organisering, styring av forvaltninga, og om gjennomføringsevna. Difi sin forvaltningskonferanse i november handla om kontroll og rapportering i staten, og trefte svært godt med eit tema som vart debattert i ei rekkje media på det tidspunktet konferansen vart halden.

Digitaliseringsprogrammet og debatten om gjennomføringsevna i forvaltninga har kvar for seg vore viktige for Difi i 2012. Også i samanhengen mellom desse områda ligg det ei vesentleg utfordring og opning for Difi. Vi er av den

---

oppfatninga at planlagd og prioritert digitalisering er blant dei mest kraftfulle verkemidla for å styrkje gjennomføringsevna i forvaltninga. Difor er gode digitaliseringstiltak sentralt i Difi sitt arbeid for fornying og utvikling av forvaltninga. Samstundes krev ei god og heilskapleg digitalisering samhandling både i utviklingsløp og ved etablering av gode modellar for drift og forvaltning på tvers av etablerte ansvarsgrenser. Gode modellar for samordna IKT-utvikling har difor vore eit viktig område når vi generelt har arbeidd med organiseringa av og verkemåten i forvaltninga.

### **Innretning og måloppnåing**

Hovudmåla har eit langsiktig perspektiv og gjeld forvaltninga som heilskap. Effekten av Difis bidrag er ikkje alltid enkel å måle. Samla sett viser denne rapporten at det likevel er grunnlag for å seie at vi har god måloppnåing innanfor alle hovudområda. Ovannemnde utviklingstrekk har lege til grunn for innretninga av mykje av det Difi har gjennomført og starta opp med i 2012.

Dei prioriteringane som er gjorde innanfor dei ulike hovudmåla vil gå fram av omtalen i del 2 av årsrapporten. Nokre hovudtrekk i prioriteringane blir omtalte under.

For hovudmål 1 har Difi spesielt prioritert analysar av samordningsbehov, vekst i kontroll- og rapporteringsordningar, utviklinga av uavhengige forvaltningsorgan, digitalisering som verkemiddel for brukarretta løysingar for innbyggjarane og effektivisering av IKT-funksjonar.

For hovudmål 2 har Difi starta arbeidet med å endre innretninga på innbyggjarretta tenester. Miside er avvikla, og Noreg.no blir vidareutvikla til å vise veg til digitale tenester i forvaltninga. Difi prioriterer arbeid som stør opp om arbeidet med digitalt fyrsteval.

For hovudmål 3 har Difi spesielt følgd opp kompetansestrategien «På nett med læring» gjennom å vidareutvikle tilboda om sentrale digitale læringsverkemiddel og verktøy. Gjennom ny organisering i Difi er det lagt til rette for å sjå organisering, leiing og kompetanse i ein heilskap.

For hovudmål 4 har Difi prioritert arbeidet med realisering av Regjeringa sitt digitaliseringsprogram, med spesiell vekt på dei nasjonale felleskomponentane som skal vere på plass. Mykje kapasitet har gått med til å forvalte og vidareutvikle ID-porten som den nasjonale felleskomponenten Difi har ansvaret for. Vidare har heilskapen i digitaliseringsprogrammet vore ein viktig prioritet, blant anna gjennom førebuing av saker til samarbeidsarenaen SKATE.

For hovudmål 5 har ulike verkemiddel for å stimulere bruken av opne data frå forvaltninga vore prioritert. Her er seminar, utgjeving av rettleiar og drift og vidareutvikling av datahotellet og data.norge.no døme på aktivitetar.

For hovudmål 6 har vi i 2012 dreidd tyngdepunktet i arbeidet med offentlege anskaffingar frå «å gjere anskaffingar riktig» til det å «gjere dei riktige anskaffingane». Tiltak for å styrkje berekraftige og miljøvenlege anskaffingar,

---

innovative anskaffingar, og anskaffingar som medverkar til effektiv ressursutnytting, har fått auka prioritet.

I 2012 har Difi organisert seg i tråd med ny strategi for perioden 2012-2015. Vi har samla kompetanse i meir slagkraftige avdelingar retta inn mot innsatsområda i strategien: digital forvaltning, leining og organisering, og gode innkjøp. Samstundes blir leverandørfunksjonen på IKT-området i avdeling for IT drift og utvikling reindyrka, og administrasjonsavdelinga blir utvikla vidare for å stø opp om verksemda i Difi.

Samla sett gjev ny strategi og dei prioriteringar vi gjør under dei enkelte hovudmåla eit godt grunnlag for å sikre at Difi spelar ei relevant rolle i utviklinga av offentleg sektor. Jf. innleiinga til Difis strategi – vi går inn på «dei områda der det offentlege står føre større, gjennomgripande utfordringar, der Difi med sin kompetanse og sine verkemiddel kan gjøre ein skilnad.»

### **Risikofaktorar**

Utviklinga av risikobiletet for Difi har gått i riktig retning sidan halvtårsrapporteringa for 2012 i august. Det er ikkje introdusert nye vesentlege risikofaktorar, og sannsynet for fire risikofaktorar er redusert sidan halvtårsrapporteringa.

For to risikofaktorar har utviklinga ført til ei endring frå status «kritisk» til status «moderat». Det gjeld faktor A – sviktande verksemdsstyring, og faktor G – kritiske utviklingsoppgåver blir forseinka/stoppar opp. Når det gjeld verksemdsstyringa, vurderer ein no samanhengen i målbiletet i ulike styringsdokument som god, og oppfølging på område som økonomi, informasjonssikkerheit og prosjektstyring blir vurdert som styrkt. Når det gjeld framdrift i utviklingsoppgåvene, blir desse no følgde tettare av ei samla leiargruppe, og prosjektstyringa er styrkt.

Dei to andre risikofaktorane som har fått redusert sannsyn er faktor E – for brei portefølje, og faktor F – manglande effekt av ny strategi. Desse to faktorane har likevel framleis status som «moderat».

Dei to faktorane som framleis har status «kritisk» er faktor C – konsekvensar av utvikling vs. drift/forvaltning, og faktor H – driftsavbrot / alvorlege hendingar for kritiske tenester. Når det gjeld faktor C, arbeider vi i Difi med dette frå fleire angrepsvinklar. Ei sentralisering av IKT driftsutgifter saman med betre oversikt og oppfølging av budsjettet er eitt grep. Eit anna er arbeid med finansieringsmodellar for felleskomponentar i samarbeid med tenesteeigarar. Faktor H blir handtert gjennom jamlege risikovurderingar og profesjonalisering av forvaltningsrolla vi har.

---

## 2 Måloppnåing

### 2.1 Hovudmål 1 Forvaltning skal vere velorganisert og brukarretta

Samanlikna med andre land står norsk forvaltning fram som rimeleg velfungerande og velorganisert og med relativt gode resultat når det gjeld å vareta forholdet til brukarane. Norsk forvaltning skårar jamt over høgt i internasjonale undersøkingar som gjeld dette.

Samstundes er det utvilsamt mykje som kan gjerast betre, og det er grunn til å vere merksam på utviklingstrekk og drivkrefter som kan innebere veksande utfordringar for norsk forvaltning. Korleis forvaltninga er organisert og fungerer, blir i stor grad avgjort innanfor dei enkelte sektorane og verksemdene. Difi har likevel ei særleg rolle med å identifisere sektorovergripande utviklingstrekk og problemstillingar og føreslå tiltak for utvikling og forbetring. I 2012 kom rapporten frå 22/7-kommisjonen der kritikken ikkje berre rammar beredskapsarbeid og politietaten, men for nokre av kritikkpunkta også forvaltninga meir generelt. Den offentlege debatten i kjølvatnet av kommisjonsrapporten kan seiest å ha forsterka dette inntrykket.

På denne bakgrunnen vil vi trekkje fram ein del sentrale utfordringar for organiseringa og brukarrettinga av forvaltninga. Desse utfordringane har lagt premissar for ein stor del av Difi sine aktivitetar og tiltak i 2012:

- **Samordningsbehova synest generelt å auke**, ikkje minst er det stigande forventningar til at forvaltninga framstår samordna overfor innbyggjarane. Vår vurdering er likevel at det trengst ein vedvarande innsats for å styrkje og vidareutvikle mekanismar for samordning. Difi arbeider jamleg med denne problematikken (sjå bl.a. Difi-rapportane 2010:17 og 2010:18), både når det gjeld å samordne infrastrukturen for digitalisering (jf. Skate-samarbeidet) og meir generelt i organiseringsprosjekt ved å identifisere behov og føreslå tiltak for betre samordning.
- **Mål- og resultatstyringssystem møter kritikk** både i kommisjonsrapporten og i andre forum, bl.a. at det som er vanskeleg å kvantifisere, ikkje blir målt, at det blir for mange mål og for detaljert styring, og at systema genererer for meir rapportering enn det er behov for. Difi la i 2012 fram ein rapport der vi kartla kontroll- og rapporteringsordningar og vurderte årsaker til og konsekvensar av at dette er aukande problem (Difi-rapport 2012:14). Vår vurdering er at det bør arbeidast meir med tilpassing av styringssystem og tilhøyrande rapporteringsordningar, jf. omtale av delmål 1.
- Difi har tidlegare vist (Difi-rapport 2011:11) at departementa i aukande grad er utsette for kritikk frå media og Riksrevisjonen for moglege feil og manglar. Dette kan skape ein overdriven **varsemidskultur** som svekkjer motivasjonen til å utvikle innovative løysingar og som freistar til å unngå ambisiøse målformuleringar. Difi har i 2012 sett i gang eit arbeid for å klargjøre korleis vi kan bidra til å styrkje innovasjonsevna i forvaltninga.

- 
- Det har over lengre tid skjedd ein gradvis **vekst i talet på uavhengige forvaltningsorgan**, dvs. at departementa blir avskorne frå å instruere saksbehandling og vedtak i underliggjande organ. Difi har arbeidd med å kartleggje omfanget av dette og peikar på fleire problematiske sider ved ei slik utvikling, bl.a. spørsmål om det er samsvar mellom statsrådets ansvar og mynde, og om korleis ein kan styrkje legitimiteten ved statens ansvarsutøving i slike samanhengar (Difi-rapport 2012:7).
  - Eit viktig ankepunkt i rapporten frå 22. juli-kommisjonen er veikskapar i **gjennomføringsevna i forvaltninga**. Med tilvising til politietaten og beredskapsarbeidet er det bl.a. peika på ansvarspulverisering, svak prosjektleiing, at identifiserte hinder ikkje blir tekne tak i, og at ein er meir oppteken av å gjere tinga riktig enn å gjere dei riktige tinga. I tillegg får iverksetjing og oppfølging mindre merksemd i media og på politisk nivå enn nye initiativ og nye planar. Også rapporten «*Hva skjer i departementene*» (Difi-rapport 2011:11) byggjer opp under inntrykket av at gjennomføringsfasen får for lite merksemd og ressursar. Difi har starta eit arbeid for å sjå nærare på dei utfordringane forvaltninga står overfor i si rolle som gjennomfører av nasjonal politikk.
  - Ei langsiktig og vedvarande utfordring for forvaltninga er å utvikle meir **brukarretta løysingar for innbyggjarane**. Digitalisering er eit viktig verkemiddel for å oppnå dette. Dette blir også slege fast i Difi-rapport 2012:12: «Kontakt oss – fra hjelpetrengende til selvgående brukere», som viser at ein viktig føresetnad for å få dette til er å samordne dei ulike publikumskanalane i den enkelte verksemda. Andre sentrale verkemiddel for Difi i arbeidet med å gjere forvaltninga meir brukarretta er prosjektet Klart språk i staten, gjennomføring av ei ny Innbyggjarundersøking og aktivitetane våre for å formidle metodar og røynsler med brukarrettingsarbeid i forvaltninga.

Gjennomgangen over viser at vi gjennom ulike prosjekt har dokumentert og sett søkjelyset på sentrale utviklingstrekk knytte til organiseringa og brukarrettinga av forvaltninga, og føreslege tiltak som kan medverke til forbetringar. Våre aktivitetar på dette området er meir knytte til dokumentasjon og formidling enn til konkrete utviklingsprosjekt. Organisasjonsutvikling er verksemda sitt eige ansvar, og på dette området er vår primære rolle å bidra til kunnskapsoverføring på tvers i forvaltninga. Med desse aktivitetane meiner vi difor at vi har medverka til god måloppnåing.

### **Delmål 1**

**Difi skal arbeide for meir effektive administrative funksjonar i statsforvaltninga, medrekna meir effektive rapporterings- og kontrollordningar.**

For å oppfylle dette delmålet har Difi dels prioritert å samle kunnskap om omfang og konsekvensar av rapporterings- og kontrollordningar og dels har vi vurdert enkelte tiltak som kan medverke til effektivisering.

Gjennom nokre studiar og ikkje minst gjennom innlegg og diskusjonar i media, er det gjeve eit bilete av at administrative oppgåver og spesielt rapportering og kontroll aukar i offentleg sektor. Dette gjeld både rapportering mellom statlege



---

verksemde, frå kommune til stat og frå private tenesteytarar til staten, til dømes frå legar. Det er mange som opplever at omfanget av kontroll og rapportering er i ferd med å bli større enn ynskjeleg og også ha feil innretning og innhald, men det har vore lite systematiske studiar. Det er også ei erkjenning av at administrative oppgåver må kunne organiserast og utførast på ein meir effektiv måte og at data må kunne sambrukast eller gjenbrukast av dei som krev og treng informasjonen.

For å kunne endre ei uynskt utvikling og setje inn dei rette tiltaka har Difi sett det som viktig å identifisere kva problema består i, moglege årsaker til at dei administrative oppgåvene aukar og kva konsekvensar dette kan ha. Mange administrative oppgåver, rapportering og kontroll er heilt naudsynte, men ein må finne fram til løysingar som kan redusere ressursbruk til administrasjon, forenkla rapporteringa og gje eit godt nok grunnlag for kontroll.

### **Omfanget av rapportering og kontroll i staten – ei kunnskapsoppsummering**

Difi har adressert desse utfordringane i rapporten "Ute av kontroll? ei artikkelsamling om kontroll og rapportering i staten" (Difi-rapport 2012:14) og i Forvaltningskonferansen 2012. Datagrunnlaget har vore egne kartleggingar i forvaltninga og innhenting av faglege vurderingar frå forskarar og andre.

Vi har gjennom arbeidet med rapporten identifisert kva for sider ved rapporteringa og kontrollen som medfører mest frustrasjonar, kva som er årsakene til at dette aukar og kva slags positive og negative konsekvensar utviklinga av rapporterings- og kontrollregima i staten kan ha. Vi har fått eit betre grunnlag for å vurdere om rapporterings- og kontrollordningane er naudsynte og føremålstenleg utforma. Vi ser at administrative oppgåver generelt og rapportering og kontroll spesielt, ikkje kan rivast laus frå og er ein konsekvens av utforming og praktisering av styringssystema, tilsyn med etterleving av regelverk, rettighetsfesting for innbyggjarane, kunnskapsbasert politikktutforming og media og verksemda ved andre kontrollinstansar.

### **Potensialet for gjenbruk og automatisk datafangst**

Det er mogleg å forenkla og effektivisere rapportering og kontroll gjennom automatisert datafangst og gjenbruk av data. Sambruk og gjenbruk av data og informasjon har vore eit effektiviseringstema med varierende innsats i mange år. Difi har i løpet av 2012 gått gjennom relevant dokumentasjon, og ei tverrfagleg gruppe i Difi har hatt møte med ulike verksemder og fagmiljø engasjerte i dette området. Føremålet har vore å få oversikt over status for og røynsler med arbeidet, kva potensial staten har for å auke gjenbruken av data og kva hindringar dei støyter på. Materialet vil bli tilrettelagt våren 2013 og gje grunnlag for å vurdere om og korleis Difi med sin tverrfaglege kompetanse kan bidra til å få meir fortgang i dette arbeidet. Kartlegginga så langt viser at hindringane dels kan henge saman med organisering av arbeidet og arbeidsforma, og dels tekniske og IKT-faglege problemstillingar (inkl. semantikk). Ei tverrfagleg tilnærming er difor viktig for å finne føremålstenlege løysingar, og det er viktig å utnytte røynslene frå gode døme på gode løysingar.

---

## **Sentralisering av IKT-støttefunksjonar**

Eit anna viktig spørsmål er om administrative støttefunksjonar kan løysast med mindre ressursbruk og/eller med betre kvalitet enn i dag. Eit forprosjekt i 2011 gjennomgjekk fem kategoriar av administrative støttefunksjonar: IKT, tekniske tenester, informasjonsforvaltning (arkiv med meir), personal/HR og økonomi, løn og reiseadministrasjon. Difi valde å gå vidare med IKT, og særleg sjå på mogleg effektivisering gjennom å sentralisere IKT-funksjonar. Digitaliseringsprogrammet forsterka og stadfeste denne prioriteringa.

Difi har lagt fram eit omfattande notat med drøfting av ulike tiltak for å betre effektiviteten på IKT-området i statsforvaltninga (Difi-notat 2012:2). Det er eit vesentleg potensial for å effektivisere innkjøp, utvikling og drift av IKT-system, spesielt i små verksemdar. Dei tilrådde tiltaka frå Difi er for det fyrste å inngå sentrale fellesavtalar for innkjøp av standard utstyr og programvare, som det i hovudsak blir obligatorisk å bruke. For det andre føreslår vi at ein inngår sentrale fellesavtalar for drift, som verksemdene skal ta i bruk med mindre dei kan gjere det sannsynleg at deira eigne noverande driftsløysingar er meir effektive. For det tredje bør dei små verksemdene varetakast spesielt, bl.a. ved at dei ikkje skal trenge å ha kontakt med leverandørane direkte, noko som skal varetakast av eit sentralt IKT-fagleg miljø.

Funn og vurderingar har vore presenterte for og diskuterte i FADs referansegruppe, med representantar for ei rekkje departement og direktorat. Arbeidet har hatt vesentlege berøringsflater mot – og så langt det har vore råd koordinert seg med – den interdepartementale arbeidsgruppa for samordning av innkjøp, som har sekretariat i Difi (sjå omtale under hovudmål 6, supplerande tildelingsbrev 4).

Med desse aktivitetane har Difi både medverka til å forbetre kunnskapen om omfanget av rapportering og kontroll i staten og vi har også vurdert og føreslege konkrete effektiviseringstiltak.

Delmålet er oppnådd.

## **Delmål 2**

**Difi skal innhente, systematisere og spreie kunnskap om utviklingstrekk nasjonalt og internasjonalt om organisering av og verkemiddelbruk i forvaltninga.**

Difi har ei spesiell rolle i å identifisere og dokumentere tendensane i dei endringane som skjer, analysere tverrgåande problemstillingar, og å skissere idear og moglege tiltak for utvikling. Det gjeld bl.a. å fange opp endringar som kanskje kan vere godt tilpassa sektorvis og lokale forhold ut frå ei ad hoc-vurdering, men som i sum kan ha utilsikta effektar på statsforvaltninga. Dessutan gjeld det å formidle slik kunnskap til forvaltninga for å setje opplevde problem inn i ein samanheng, for å styrke medvitet om at det ofte er felles problem på tvers av sektorar, og at det er eit potensial for å lære av og å utveksle røynsler med kvarandre og for å samarbeide om løysingar. Som utviklingstrekk og utfordringar for forvaltninga har vi i omtalen av hovudmålet drege fram aukande samordningsbehov, auka vekt på kontroll og

---

rapportering, vekst i uavhengige forvaltningsorgan, veikskapar i gjennomføringsevne, og behovet for brukarretting.

I rapportar, seminar, konferansar, avisartiklar og i møte med forvaltninga har Difi sett søkjelys på denne typen utviklingstrekk, identifisert årsaker og konsekvensar og peika på moglege tiltak. Difi ser det som viktig å få til ein god balanse mellom direkte kontakt og rådgjeving til enkeltverksemder og det å lage rapportar og seminar som summerer opp røynslene våre, og der råda våre når eit breiare publikum. Kontakten med enkeltverksemder gjev Difi verdifull kunnskap om behov og problemstillingar som bør takast tak i. Samstundes er det viktig at dei røynslene vi får gjennom kontakt med statlege verksemder blir gjorde om til produkt som kan kome forvaltninga som heilskap til gode. Sjå vedlagde oversikt over lengre utgreiingsprosjekt (vedlegg 1) og oversikt over rådgjevingsmøte og føredrag (vedlegg 2).

Den tette kontakten med forvaltninga sikrar blant anna at vi tek opp relevante problemstillingar. Vi er også opptekne av å ha eit nært forhold til relevante forskingsmiljø og hentar inn kompetanse frå desse i ein del av prosjekta våre. Dels ved å invitere dei til å sitje i referansegrupper og dels ved at dei er underleverandørar på nokre av våre prosjekt. Dette bidreg både til å sikre ein høg fagleg kvalitet i våre prosjekt, og det kan bidra til at forskingsmiljøa blir meir opptekne av forvaltningspolitiske problemstillingar.

Alt vårt utgreiingsarbeid munnar ut i rapportar og notat som blir publiserte på Difi.no. Våre rapportar og notat er viktige for å formidle kunnskap om forvaltningspolitiske verkemiddel til forvaltninga som heilskap. Difi arbeider også aktivt for å formidle resultatata gjennom seminar, konferansar og media (sjå vedlagde oversikt over møteplassar – vedlegg 3 og over Difi-publikasjonar omtalte i media og på nettsider i 2012 – vedlegg 4).

Ei rekkje av rapportane har skapt merksemd og debatt, og mange av dei har gått inn som underlagsmaterieil i regjeringa sitt arbeid med stortingsdokument. Difi vil spesielt trekkje fram rapportane

- Hva skjer i departementene? Om utfordringar og utviklingsbehov (Difi-rapport 2011:11)
- Graves det dypt nok? Om utgreiingsarbeidet i departementa (Difi-rapport 2012:8)
- Uavhengig eller bare uavklart? Organisering av statleg styringsutøving (Difi-rapport 2012:7)
- Lokalisering av statlige arbeidsplasser – en kartlegging (Difi-rapport 2012:6)
- Noregs nasjonale ekspertar i kommisjonen. Ein ressurs for Noreg, eller berre for EU? (Difi-rapport 2012:1)
- Ute av kontroll? ei artikkelsamling om kontroll og rapportering i staten (Difi-rapport 2012:14).

Difi opplever stadig at det blir referert til våre publikasjonar nokså lang tid etter publisering. Samstundes kan vi bli endå betre på å formidle resultatata frå prosjekta og rapportane våre. Alt vi gjer, skal ha overføringsverdi til andre. Det er difor viktig at vi stadig har eit kritisk blikk på korleis vi når ut med

---

kunnskapen vår. Hausten 2012 sette vi i gang eit internt utviklingsarbeid for å fornye våre formidlingsformer. Sjå omtale under oppgåve 4.

Delmålet er oppnådd.

### **Delmål 3**

**Difi skal sjå til at omsynet til brukarretting blir vareteke ved iverksetjing av digital fyrsteval.**

Difi har i 2012 prioritert tiltak for å styrkje kunnskapen om korleis omsynet til brukarane blir vareteke i digitaliseringsprosessar. Dette er eit viktig grunnlag for rådgjevingsverksemda vår og for arrangement der vi formidlar ny kunnskap og medverkar til erfaringsutveksling for å styrkje brukarretting og brukarmedverknad, jf. også oppgåve 3 nedanfor.

Som ein konsekvens av digitaliseringa av forvaltninga blir dørene inn til statlege verksemdar endra for brukarane. Difi har difor ynskt å skaffe meir kunnskap om utfordringar knytte til val, organisering og samordning av publikumskanalane. Vi har valt å sjå på kanalar som skrankefunksjonar, telefontenester, brevpost, e-post, og heimesider med tilgang til elektroniske sjølvbetjeningsløysingar og automatiserte tenester i sju innbyggjarretta statlege verksemdar.

Resultatet av dette arbeidet er presentert i Difi-rapport 2012:12 «Kontakt oss – fra hjelpetrengende til selvgående brukere?». Hovudkonklusjonen er at digitaliseringa er ein svært sterk endringsagent som endrar organiseringa og tilrettelegginga av alle publikumskanalar. Det er likevel målet om brukarretting som har stått aller mest sentralt som drivkraft og retningsgjevar for verksemdene sitt arbeid med dette, om enn berre litt større enn målet om effektivisering. «Digitale fyrsteval» blir oppfatta av verksemdsleiarane som verkemiddel nummer éin for å nå desse måla.

Brukarundersøkingar blir gjennomførte i alle verksemdar i kartlegginga, og brukarane blir også involverte i utviklinga av digitale tenester. Å lære av å følgje med på korleis brukarane faktisk opptrer (t.d. kva kanalar som blir brukte, når og av kva for brukargrupper) er verksemdene derimot mindre gode på, og her er det etter Difis meining mykje nyttig kunnskap som ikkje kjem fram trass i potensialet ny teknologi gjev også for dette føremålet.

Den andre undersøkinga dreier seg om å gjennomgå røynsler med utvalde fornyings- og effektiviseringsprosessar i offentleg sektor. Spørsmål knytte til digitalisering har fått ein sentral plass i undersøkinga, blant anna med tanke på korleis brukarane kan medverke i slike prosessar. Prosjektet har valt å avgrense utvalde fornyings- og effektiviseringsprosessar til å gjelde

- 1) nokre store reformprosessar dei siste 5-7 åra (Barnevern og NAV),
- 2) nokre store digitale endringsprosessar (PERFORM i Statens pensjonskasse, MATS i Mattilsynet).

Prosjektet har gjennomført datainnsamling og skal levere rapport i mai 2013.

---

Difi meiner arbeidet som er gjort når det gjeld å auke kunnskapen på området er eit viktig bidrag til måloppnåinga. Det gjev eit betre grunnlag for vårt rådgjevings- og formidlingsarbeid overfor forvaltninga, og i arbeidet framover vil meir kunnskap om brukarrøynsler styrkje kunnskapsgrunnlaget endå meir.

ID-porten er ein viktig felleskomponent i arbeidet med digitalt fyrsteval i forvaltninga. I vidareutvikling av ID-porten har Difi med bakgrunn i tilbakemeldingar frå brukarane arbeidd med design og funksjonalitetsendringar. Gjennom anskaffingar i marknaden er utbreiinga av eID på høgt sikkerheitsnivå i ID-porten auka monaleg. Løysinga er også tilrettelagd for bruk på nye plattformer, både for å leggje til rette for nye publikumstenester på nettet og for å nå brukarane i nye kanalar.

Sjå elles omtale av brukarretting under hovudmål 4. Å sjå til at omsynet til brukarretting blir vareteke ved innføring av digitale tenester er eit langsiktig arbeid som krev vidare arbeid i 2013.

Delmålet er delvis oppnådd.

#### **Oppgåver:**

**1. Bistå FAD i å gjennomføre kartlegging og analyse av administrative støttefunksjonar i staten underlagt departementa, med sikte på å føreslå konkrete tiltak for effektivisering, slik som oppretting av nye administrative fellesfunksjonar.**

Sjå omtale under delmål 1.

**2. Gjennomgå røynsler med utvalde fornyings- og effektiviseringsprosessar i offentleg sektor, medrekna korleis medverknad frå brukarane og deltaking frå tilsette kan bidra inn i slike prosessar. Gjennomgang skal hovudsakleg baserast på eksisterande undersøkingar.**

Prosjektet er i avsluttande fase og skal levere ein Difi-rapport i mai 2013, jf. omtale under delmål 3 over.

**3. Bidra til erfaringsutveksling og informasjon om brukarretting og brukarmedverknad.**

Difi har halde tre arrangement i 2012 med ca.200 deltakarar til saman, med føremål å presentere ny kunnskap og å utveksle røynsler for å styrkje brukarretting og brukarmedverknad.

Brukarretting og brukarmedverknad er viktige tema i fleire prosjekt bl.a. Røynsler frå fornyings- og effektiviseringsprosessar, Organisering av publikumskanalar og prosjektet Klart språk. I tillegg deltek vi på ein del rådgjevingsmøte spesielt knytte til spørsmål om bruk av brukarundersøkingar.

---

#### **4. Leggje ut relevant og aktuell forvaltningspolitisk statistikk på ein sentralt stad på sine heimesider. Statistikken skal vise utviklinga over tid, og han skal vere brukarvenleg og tilrettelagd for vidarebruk.**

Mange statlege verksemder publiserer sin eigen statistikk på eigne nettstader. For å unngå duplisering har Difi difor kartlagt kva slags forvaltningspolitisk statistikk som blir vist av andre offentlege databasar og register. Vidare har vi arbeidd med å identifisere data som Difi sjølv har samla inn i samband med undersøkingar, kartleggingar og evalueringar som i dag er presenterte i ulike Difi-publikasjonar, men som kan vere relevante å publisere på ein stad.

Nettsida har vi kalla Statsforvaltninga i fakta og tal, og ho gjev blant anna oversikt over organiseringa av statsforvaltninga (t.d. talet på statlege forvaltningsorgan etter verksemdstypen), styring (t.d. talet på statsåtte selskap), lokalisering (t.d. kvar i landet forvaltningsorganene er lokaliserte), sysselsetjing (t.d. talet på tilsette i statsforvaltninga) og økonomi (t.d. storleiken på nasjonalbudsjettet). Statistikken er ikkje meint som ei uttømmende og automatisk oppdatert statistikkjelde på desse områda. Brukarane blir viste til andre kjelder og Difi-rapportar for meir utfyllande informasjon, data og analysar. Nettsida vil bli publisert i løpet av mars 2013.

Parallelt har vi arbeidd med å utvikle funksjonalitet på Difi.no for å kunne vise fram grafar og tabellar, attåt høve til å laste ned data for vidare bruk via data.norge.no, som er ein datakjeldekatalog for å laste ned og vidarebruke datasett frå offentleg sektor. Det er ei utfordring å opne for vidare bruk av andre sine datasett og visning av interaktive grafar baserte på datasett som ikkje ligg på data.norge.no, som til dømes SSB- og OECD-statistikk.

Vi har også sett i gang eit arbeid for å gjere statistikken brukarvenleg ved bruk av interaktiv informasjonsgrafikk. Det vil seie at vi for nokre av våre sentrale datasett (som til dømes medarbeidarundersøkinga i staten) legg til rette for å visualisere dataa gjennom informasjonsgrafikk og gjer det lettare for alle våre brukarar å bruke datasetta til sine føremål. Dette skal Difi arbeide vidare med i 2013.

#### **5. Planleggje og gjennomføre innbyggjarundersøkinga, del I.**

Innbyggjarundersøkinga vart sendt ut til 30 000 tilfeldig utvalde innbyggjarar i september 2012. Alle respondentane får tilsendt papirskjema, men kan også svare over Internett. Undersøkinga er tilgjengeleg på nynorsk, engelsk, polsk og urdu i tillegg til bokmål. Datafangsten vil halde fram til midten av april 2013. Publiseringa av resultat og funn vil skje i juni. TNS Gallup har på vegner av Difi ansvaret for sjølve gjennomføringa av undersøkinga.

Hovudkanal for formidlinga av dataa blir Difi sine nettsider. Difi vil utvikle ei enkel grafisk løysing (rapportgenerator) på Internett der lesaren sjølv kan orientere seg i dataa og gjere enkle samanlikningar mellom dei to tidskutta ned på enkeltspørsmål. Vi vil i tillegg oppsummere dei viktigaste funna i ein enkel og kortfatta publisasjon. Modellen bak innbyggjarundersøkinga vil gjere det råd å peike på kva for faktorar som har mest å seie for kor tilfredse innbyggjarane

---

er i dei 23 tenestene vi undersøker. Dette vil bli vektlagt i årets formidling i tillegg til endringar i utviklinga frå undersøkinga i 2009/2010.

## **Supplerande tildelingsbrev 2:**

### **1. Gjennomføring av hovudprosjekt - Administrative støttefunksjonar i staten**

På bakgrunn av tilråding frå Difi om å vurdere å etablere fellesteneste for støttetjenester på IKT-området blir det sett i gang eit kartleggings- og utgreiingsarbeid for å vurdere sentralisering av IKT-støttefunksjonar i staten. Det er føresett at Difi i sitt arbeid skal stø seg på SSB si kartlegging av IKT i statsforvaltninga. Sjå omtale under delmål 1.

### **2. Utarbeide oversikt over administrative byrder for innbyggjarane – utarbeide oversikt**

I supplerande tildelingsbrev nr. 2 for 2012, fekk Difi i oppdrag frå FAD å lage ei oversikt over forhold i forvaltninga som blir opplevde som administrative byrder for innbyggjarane. Det opphavlege mandatet og tidsfristen er endra undervegs i samråd med FAD. Difi har i løpet av perioden 18. desember 2012 til 31. januar 2013 laga ei oversikt basert på intervju med representantar for 15 organisasjonar og seks statlege verksemdar/publikumsetatar inklusive Difi (24 intervju) attåt ein mindre dokumentgjennomgang. Difis vidare arbeid med denne problemstillinga skal avklarast i samråd med FAD.

## **Supplerande tildelingsbrev 3:**

### **1. Kartleggje informasjon om klageatilgang og vente- og saksbehandlingstider**

Difi skal kartleggje statlege etatar sin informasjon om klageatilgang og vente- og saksbehandlingstider.

Leveringsfrist til FAD er sett til 30.06.13 for den kvantitative delen av undersøkinga, medan endeleg rapport blir levert til FAD 1.10.13.

Vi skal undersøkje kor godt verksemdene informerer om klageatilgang og om korleis brukarane skal gå fram når dei vil klage. Vidare skal vi sjå på korleis verksemdene informerer om vente – og saksbehandlingstider. Vi skal finne fram til om det er godt samsvar mellom korleis ein gjev informasjonen og korleis informasjonen blir oppfatta av mottakarane. Det skal også undersøkjast kva slags tiltak verksemdar har sett i verk for å kome fram til dei gode resultatane. I verksemdar som ikkje har lukkast, skal det avdekkjast moglege årsaker til kvifor det ikkje er gjeve god nok informasjon og kva som kan gjerast betre.

Det skal gjennomførast ei spørjeundersøking i desse verksemdene:

- Arbeids- og velferdsetaten (NAV)
- Skatteetaten
- Statens vegvesen
- Utlendingsdirektoratet
- Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat).

---

Undersøkinga vil bli utført av ein ekstern leverandør. Anbudsdokumenta vart publiserte på Doffin 24.01.13. På bakgrunn av funn i spørjeundersøkinga skal det gjennomførast intervju i utvalde verksemder.

## **2. Gjennomføre CAF-event 2012**

CAF-brukarkonferansen «CAF-event» med 160 deltakarar frå 20 land vart arrangert i Oslo av Difi i samarbeid med EIPA (European Institute of Public Management). Temaet for konferansen var «CAF as a Driver for Innovation». I løpet av ein og ein halv dag vart det halde plenumsforedrag og 18 europeiske verksemder presenterte røymsler i tre økter med parallellsesjonar under temaa:

- Innovasjon med verknad for borgarar og brukarar
- Innovasjon med verknad for medarbeidarane
- Innovasjon med verknad for resultatata i verksemda



---

## 2.2 Hovudmål 2

### Forvaltninga skal vere open og kommuniserer godt med innbyggjarane

I digitaliseringsprogrammet gjev regjeringa klare føringar om at digital kommunikasjon skal vere hovudregelen når forvaltninga skal kommunisere med brukarane. Eit anna mål er å bidra til at forvaltninga utviklar fleire og brukarvenlege digitale tenester som brukaren kan og vil ta i bruk. Teknologisk utvikling og digital modning i befolkninga står opp om dette, og føringane stiller krav til at Difi vurderer verkemiddelbruken og tiltaka sine.

Innbyggjarportalane Noreg.no og Miside har vore verkemiddel for å gje innbyggjarane lettare tilgang til offentleg informasjon og tenester. I fleire år har bruken av Noreg.no, Miside og Svartenesta gradvis gått ned, samstundes har verksemdene sjølve er vortne betre på samordna og heilskapleg informasjon og rettleiing til brukarane. Som ein konsekvens av dette vedtok Difi å endre innretninga på dei innbyggjarretta tenestene sine. Miside vart avvikla vinteren 2012. Noreg.no vil frå våren 2013 vise veg til digitale tenester frå forvaltninga.

Sjølv om utviklinga av digitale tenester går i riktig retning, er det framleis mange tenester som manglar og mykje arbeid som står att for å gjere tenestene så brukarvenlege som mogleg. Vi veit òg at mange innbyggjarar framleis seier at dei helst vil ha tradisjonell kommunikasjon med forvaltninga<sup>1</sup>. Difi prioriterer å utvikle verkemiddel som står opp om dette arbeidet i etatane. Her blir kriteriesett for kvalitet i digitale tenester, arbeid med klart språk, kartlegging av brukarrøynsler med digitale tenester, arbeidet med universell utforming av IKT, og å kontinuerleg overvake og måle status for digitalisering i forvaltninga viktige verkemiddel.

Samla sett har Difi medverka godt til måloppnåinga og samstundes gjort naudsynte endringar av verkemiddelbruken for å leggje betre til rette for framtidige resultat.

#### **Delmål 1**

#### **Innbyggjarane finn lettare fram til riktig forvaltningsorgan og har enklare tilgang til informasjon og tenester.**

Difi har fleire verkemiddel for å stå opp under dette delmålet. Nettportalane Noreg.no, OEP og Norsk lysingsblad i tillegg til ei svarteneste (telefon, e-post, nettprat, SMS) er tenester som rettar seg direkte mot innbyggjaren. Kvalitet på nett og Los (ein ontologi for offentlege tenester, brukt av om lag 150 kommunar) er tiltak retta mot forvaltninga. Alle har som siktemål å gjere møtet med forvaltninga enklare. Vi viser også til omtale under hovudmål 1, delmål 3 om brukarretting ved digitalisering av offentlege tenester.

---

Som følge av den digitale utviklinga, og nedgangen i bruk av tenestene I 2012 har vi arbeidd med å utvikle og gje desse tenestene ei ny innretning.

31. mai vart Miside.no avvikla og komponenten **Finn teneste** oppretta på Noreg.no. Her får innbyggjarane no oversyn over og kan søkje etter statlege og kommunale digitale tenester.

Nettstaden **Norge.no/Noreg.no/Norway.no** er ein generell vegvisar til offentleg informasjon og tenester. Det er i 2012 vedteke å gjere Noreg.no om til ein ny overordna vegvisar saman med Finn teneste, i tråd med føringane i digitaliseringsprogrammet. Nye Noreg.no skal hjelpe innbyggjarane til å finne offentlege digitale tenester. Brukaren vil også finne lenkjer til informasjon og kontaktinformasjon til etaten/kommunen som eig tenesta.

Noreg.no-portalen har hatt nedgang i trafikken dei siste åra, og talet på besøk er i 2012 redusert med om lag 19 prosent, til i gjennomsnitt 164 000 per md.

Trafikken til **svartenesta** har vorte redusert med vel 11 prosent i 2012, til eit gjennomsnitt på 1 300 kontaktar per md. Trafikknedgangen på svartenesta følger trafikktala på nettportalen, som er den viktigaste profileringskanalen. Svartenesta vil ikkje vere ein del av nye Noreg.no. Det er den einskilde verksemda som har ansvaret for å informere og rettleie brukarane sine, og den overordna vegvisaren vil vise brukaren til rett verksemd.

I 2012 vart eit mellomår i arbeidet med **Kvalitet på nett**, utan vurderingar og kåring. Dette vart avgjort etter dialog og tilbakemeldingar frå brukarane om at verksemdene treng betre tid for å innarbeide endringar i kriteriesettet i sine egne løysingar. I 2012 vart kriteriesettet revidert med ein open høyringsrunde, og 700 nettstader skal vurderast våren 2013. Parallelt har Difi starta arbeidet med indikatorutvikling for å kunne måle kvalitet på digitale tenester. Gjennom å måle brukaropplevingar og kvaliteten i dei digitale tenestene ynskjer Difi å bidra til at forvaltninga utviklar fleire og betre digitale tenester som brukaren kan og vil ta i bruk. Dette arbeidet blir ferdigstilt i 2013.

**Los** er ein felles informasjonsstruktur for offentlege tenester, og har som mål å gjere det lettare for innbyggjaren å finne fram til rett teneste på offentlege nettsider. Strukturen koplpar omgrep mot teneste, slik at brukaren finn fram til rett informasjon uavhengig om ho vel å søkje på synonyme og /eller utgåtte omgrep, som til dømes begravelse vs. bisettelse eller gravferd.

Informasjonsstrukturen blir tilbydd som maskinleseleg datasett, og kan enkelt takast i bruk av offentlege verksemdar for å strukturere tenesteinformasjon på egne nettstader. Til no er det berre kommunar som har teke i bruk informasjonsstrukturen, noko som kjem av at strukturen hovudsakleg inneheld eit kommunalt tenestespekter. I 2012 er det i overkant av 150 kommunar som bruker Los i ei eller anna form. I 2012 vart det starta eit arbeid med vurdering av innretning av tenesta. Dette arbeidet blir avslutta vinteren 2013.

**Offentleg elektronisk postjournal** omtalt under oppgåve 1 under, bidreg òg til å nå målet.

---

**Norsk lysingsblad** har i 2012 publisert 11 241 kunngjeringar med bakgrunn i Lovverk og forskrift. Den totale kunngjeringsmassen har frå 2011 ein nedgang på 2,6 prosent.

2012 har vore eit mellomår i arbeidet med å betre møtet mellom forvaltninga og innbyggjarane. Difi har vurdert eksisterande verkemiddel og konkludert med at Difi sitt arbeid må rettast meir mot å medverke til digitalisering av fleire offentlege tenester og betre kvalitet på desse. Dette er i tråd med regjeringa sin politikk på området, slik det er uttrykt i digitaliseringsprogrammet.

Endringane knytte til fleire sentrale verkemiddel under dette delmålet påverkar resultat. Trass i dette meiner vi det har vore naudsynt å prioritere arbeidet med ny innretting av verkemiddelbruken for å leggje betre til rette for framtidige resultat.

Delmålet er oppnådd.

## **Delmål 2**

### **Fleire statlege verksemdar kommuniserer klårt og forståeleg overfor brukarane og samfunnet generelt.**

Difi har i 2012 vidareført og avslutta prosjektet «Klart språk i staten» i samarbeid med Språkrådet. Målet for prosjektet har vore å auke merksemda om klarspråk i statsforvaltninga og leggje forholda til rette for at statlege verksemdar skal kunne forbetre språket i sin skriftlege kommunikasjon med innbyggjarane. Dei fleste av dei største, publikumsretta etatane og fleire departement arbeider no målretta og systematisk med klarspråk, og dei fleste av desse som ein direkte følgje av satsingane og oppfølginga i hovudprosjektet.

Vi ser at tiltaka våre medverkar til auka medvit og kompetanse om klarspråk i dei statlege verksemdene. Midtvegsevalueringa av prosjektet (2011) peikar på at det sentrale klarspråksprosjektet har vore den viktigaste drivkrafta for at statlege verksemdar har starta opp eigne klarspråksprosjekt, også for dei som ikkje har fått økonomisk støtte. Prosjektet har også hatt ein legitimerande verknad ved at det har gjort det lettare for initiativtakarar i verksemdene å få gjennomslag for klarspråksatsinga i leiinga si. Andre suksesskriterium for det lokale klarspråksarbeidet er leiarforankring, økonomisk og fagleg støtte, kurs/kompetanseheving og tilbod om møteplassar og nettverk.

Vi har difor også i 2012 vidareført mange av tiltaka frå tidlegare og det har vore stor aktivitet både i prosjektet og i dei enkelte verksemdene som arbeider med klarspråk. (Sjå vedlegg 5 for oversikt over presentasjonar, kurs, rådgevingssmøte m.m.)

I 2012 fekk 23 verksemdar støtte gjennom prosjektets støtteordning, i form av pengar, kurs og/eller rådgeving frå Difi og Språkrådet. Verksemdene har også i år vist stor vilje til å dele kunnskap og råd med kvarandre, noko som medverkar til at kompetansen spreier seg i forvaltninga. Fleire er dessutan i gang med målingar og evalueringar av sitt klarspråksarbeid, og dette er arbeid prosjektet

---

har følgt opp i 2012. Resultata av dette vil bli viktig inn i sluttevalueringa som er planlagt i 2013.

I februar gjennomførte vi Klarspråkskonferansen (278 deltakarar), der vi blant anna presenterte hovudresultata frå midtvegsevalueringa av prosjektet. Vi har også arrangert fire frukostseminar med stor deltaking. Alle arrangementa har fått gode evalueringar, og tilbakemeldingane er at det er viktig med slike møteplassar for kompetanseheving og erfaringsutveksling.

Både det sentrale prosjektet og lokale klarspråksprosjekt som vi har støtta, har vore synlege i fleire media i 2012. Prosjektet har også samarbeidd med Forum for offentleg service og vore rådgjevar i arbeidet deira for å få eit tilsvarande prosjekt for kommunal sektor.

Arbeidet med lovspråk har vore organisert som eit eige delprosjekt, «Klart lovspråk». Delprosjektet gjennomførte i 2012 ei undersøking i forvaltninga om kva som hindrar eit klart språk i lover og forskrifter og korleis saksbehandlarar i direktoratet og regionane arbeider med tekstane. Rapporten «Kan lovspråk temmes? Difi-rapport 2013:1» var ferdig ved årsskiftet, men vart publisert tidleg i 2013.

Gjennom støtteordninga frå hovudprosjektet tilbydde vi også to kurs om språk og struktur i regelverk, som vart gjennomførte av Språkrådet og lovavdelinga i Justisdepartementet. Dette er eit viktig tiltak i arbeidet med betre tekstar i utarbeidinga av regelverk. Delprosjektet har også etablert eit samarbeid med Juridisk fakultet og Humanistisk fakultet ved UiO om ei seminarrekke om juss og klarspråk, kalla *Lovlig uklart?* Målet med seminara er å utvikle tankar som kan generere forskning, undervisning og kunnskap om klart språk i regelverk, og dei to seminara i haust hadde også stor deltaking frå både forvaltning og academia. Noregs arbeid med klart lovspråk vart dessutan presentert på den internasjonale klarspråkskonferansen Clarity2012 i Washington med deltakarar frå heile verda.

Sjølv om prosjektet «Klart språk i staten» frå 2013 er avslutta som prosjekt, vil samarbeidet mellom Difi og Språkrådet om klart språk halde fram. Vi ser av tilbakemeldingane vi får, midtvegsevalueringa i 2011 og eigne røymsler at verkemidla og tiltaka i prosjektet har hatt god effekt og medverka til at målet for prosjektet er nådd. Når så mange verksemder arbeider målretta og systematisk med klarspråk, vil det på sikt medverke til ein meir brukarvenleg og effektiv stat.

Delmålet er oppnådd.

### **Delmål 3**

#### **Fleire statlege verksemder utarbeider nettsider på samisk.**

Difi har ikkje utført vidare kartleggingar etter Difi-notat 2012:1 der status vart kartlagt, og kan difor ikkje svare på om fleire har utarbeidd nettsider på samisk i løpet av 2012. Vi har likevel laga ei forbeta utgåve av den samiske versjonen av ID-porten, som medverkar til at det blir enklare for verksemdene å utvikle

---

digitale tenester også på samisk. Vidare har vi lagt til rette for at statlege verksemder skal kunne publisere samisk innhald på nett gjennom arbeidet med å innføre teiknsettstandarden UTF-8 som gjer bruk av samiske teikn mogleg. Difi har gjennomført eit forprosjekt for å kartleggje status for bruk av UTF-8 standarden i staten og identifisere tiltak for å auke etterlevinga av standarden. Sjå nærare omtale under hovudmål 5, supplerande tildelingsbrev 2: UTF-8.

Det ligg ikkje føre eit tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere om delmålet er nådd, men det er gjennomført tiltak som legg betre til rette for framtidig måloppnåing.

### **Oppgåver:**

#### **1. Forvalte og vidareutvikle Offentleg elektronisk postjournal (OEP) og vidareføre Elektronisk Postjournal (EPJ) som historisk database på ny plattform.**

Offentleg elektronisk postjournal formidla 201 435 innsynskrav til 105 statlege verksemder i 2012. Dette er ein auke på 29 prosent frå 2011. 11 nye verksemder tok OEP i bruk i løpet av året. Dei fleste verksemdene som er omfatta av kravet i offentlegheitsforskrifta, bruker no løysinga. Til saman vart det publisert 2,5 millionar journalpostar i løpet av året, og totalt 5,5 millionar sidan lanseringa av OEP i 2010.

Elektronisk postjournal (EPJ) vart overført som historisk base til ny teknisk plattform frå 1.2. 2012. Det vart tildelt tilgang til 68 brukarar til EPJ i 2012. Tenesta er lite brukt.

Difi har gjennomført ei brukarundersøking for OEP som viser stor grad av måloppnåing med tenesta, og nøgde brukarar av OEP

#### **2. Vurdere alternativ for publisering av fulltekstdokument (OEP-dokument) i forvaltninga. vere pådrivar for at forvaltninga gjer dokumenta sine tilgjengelege for ålmenta.**

Difi leverte vurderinga av alternativ for publisering av fulltekstdokument i OEP i november. Tiltrådinga er at ein koplpar informasjonen i OEP til dokument publiserte på verksemdene sine eigne nettsider.

#### **3. Difi skal førebu korleis arbeidet med «Klart språk» kan vidareførast når prosjektperioden er over (ultimo 2012).**

For å planleggje vidareføringa av arbeidet med klart språk etter enda prosjektperiode arrangerte vi i juni eit arbeidsseminar med deltakarar frå ni erfarne klarspråksverksemder. Målet var å få innspel på kva behov, forventningar og utfordringar statlege verksemder ser i det framtidige klarspråksarbeidet. Basert på desse innspela og på resultatata frå midtvegsevalueringa og føringane frå Digitaliseringsprogrammet og språkmeldinga, la vi i haust fram eit forslag til FAD på kva for tiltak som bør vidareførast i arbeidet med klart språk frå 2013.

---

**Supplerande tildelingsbrev 1:**

**1. Klart språk i staten**

Sjå omtale under delmål 2, og oppgåve 3.

---

## 2.3 Hovudmål 3

### Forvaltninga har kompetente leiarar og medarbeidarar

Verdien av at statlege leiarar har solid leiingskompetanse og -kapasitet i tillegg til å vere fagleg habile, har vore omtalt i ein del år, og vart sett ekstra på dagsorden i 22.juli-kommisjonens rapport. I diskusjonar med leiarar om oppfølging av rapporten har det blant anna vorte stilt spørsmål ved kor vidt Plattform for leiing godt nok legg vekt på leiaransvaret for gjennomføring av politikk, ansvaret for å definere sitt handlingsrom og å ta det i bruk. Difi vil saman med departementet planleggje korleis dette skal følgjast opp. Ein gjennomgang av dei overordna prinsippa for leiing i staten må sjåast i samanheng med eksisterande rammevilkår for utøving av leiarskapet, som til dømes styringsdialogen og insentiv og påskjønningssystem knytte opp mot kontraktar med meir.

Leiarar og leiargrupper på ulike nivå er viktige målgrupper innanfor fleire av Difi sine fagområde, til dømes når det gjeld strategisk forståing og forankring av innsatsområde innanfor anskaffingar eller arbeidet med digitalisering av forvaltninga. Difi si tilnærming til leiar- og leiingsutvikling byggjer på forskinga som viser at leiarutvikling best går føre seg der ein skal skape resultat, og i reelle leiargrupper. Statlege verksemdar bruker også mykje ressursar på intern leiarutvikling.

For at leiarutviklingstiltaka som blir drivne i dei statlege verksemdene, anten i regi av Difi eller andre skal få effekt, må dei i større grad enn i dag vere strategisk forankra. Vi ynskjer å dreie tilboda til leiarar frå individretta tilbod til tilbod retta mot leiargrupper. Samstundes, for å få større effekt, vil vi stille krav til verksemdene om at tiltaka går inn i ein strategisk samanheng.

Som kompetanseintensiv verksemd konkurrerer staten om den best kvalifiserte arbeidskrafta i landet. Spanande arbeidsoppgåver er statlege arbeidsgjevarar sitt ”gull”, men kompetente medarbeidarar forventar også fagleg og personleg utvikling, godt læringsmiljø og moderne arbeids- og læringsmetodar og verkemiddel.

Statlege verksemdar har auka behov og forventar større krav til kompetanseutvikling i åra som kjem. Samstundes er kompetanseutvikling i staten dårleg forankra i leiinga, for lite strategisk og for dårleg kopla mot styring, endringsbehov og ressursforvaltning. Difi ser det som vesentleg å arbeide vidare saman med statlege verksemdar for å målrette og styrkje kompetanseutviklinga i tråd med mål og framtidige utfordringar i verksemdene og ynske og behov den einskilde har.

Difi følgjer opp kompetansestrategien ”På nett med læring” gjennom å vidareutvikle tilboda om sentrale digitale læringsverkemiddel og verktøy som kan brukast inn i heilskaplege læringsprogram der verksemdene sjølv legg til rette for lokale læringsprosessar tilpassa deira behov, mål og læringskultur. Vi arbeider med å vidareutvikle modellar for dette samspelet mellom sentrale og lokale læringsverkemiddel og prosessar, og å leggje til rette for erfarings- og

---

kunnskapsdeling mellom statlege verksemder. I dette ligg også at vi førebur grunnen for å kunne realisere ambisjonane om ein felles statleg læringsportal der system, fagleg innhald og lærings- og utviklingsprosessar skal kunne fungere som eit fruktbart heile.

Når det gjeld samspelet mellom sentrale digitale tiltak og korleis verksemder bruker tilboda, ser vi gode resultat der verksemdene sjølv arbeider med forankring. Elles ser vi at det trengst ei meir offensiv marknadsføring av våre tilbod og auka samspel med statlege verksemder. HR blir ein viktig samarbeidspartnar for Difi. Måloppnåinga vil også i stor grad vere påverka av ei eventuell avgjerd om ein felles statleg læringsportal.

Difi har gjennom 2012 styrkt det leiingsfaglege miljøet og vidareført arbeidet med leiarutvikling med utgangspunkt i e-læringsprogrammet Sats og mentorprogrammet. Vi har gjennom ulike verkemiddel kome godt på veg i å leggje grunnlaget for ei felles plattform for læring og kunnskapsdeling i staten. Det har vore god deltaking på Difi sine kurs, konferansar og seminar. Samla sett har vi medverka godt til måloppnåing på området.

### **Delmål 1**

**Difi vidarefører arbeidet for å realisere ambisjonen om ei felles plattform for læring og kunnskapsdeling i staten. Det blir lagt til rette for sentrale tilbod som vidarefører satsinga på e-læring og samansette læringsformer i tillegg til meir tradisjonelle tilbod. Statsforvaltninga tek aktivt i bruk kurs og kompetansetilbod frå Difi.**

Difi leverte i desember 2011 eit notat som skildrar korleis staten ved å etablere ei **felles læringsplattform** kan stimulere til kunnskapsdeling og skape eit betre digitalt læringstilbod og -miljø i staten. Forslaget består av desse elementa:

- Det skal utviklast ei felles læringsplattform i staten, standardar for deling av opplæringstiltak og leggjast til rette for meir målretta og strategisk kompetansestyring i den enkelte verksemda.
- Difi skal produsere fleire sentrale, digitale opplæringstiltak på aktuelle tema og satsingsområde for forvaltninga. Tiltaka skal samspele med læringsmiljø i verksemdene, og det skal utviklast ulike modellar for blanda læring.
- Difi blir etablert/vidareutvikla som ei tydeleg sentral eining som er pådrivar og fasilitator for kunnskapsdeling i staten og ansvarleg for etablering av ei felles læringsplattform.

I notatet er det også presentert utrekningar av finansieringsmodellar for forslaget.

Forslaget frå Difi vart brukt som innspel til ei interdepartemental arbeidsgruppe under leiing av FAD. Som eit ledd i regjeringa sitt digitaliseringsprogram skulle arbeidsgruppa sjå på korleis kompetansearbeidet i dei statlege verksemdene kan vidareutviklast og styrkjast. Difi har på førespurnad vore til hjelp for FAD under oppdraget til arbeidsgruppa og avventar tilrådingane frå arbeidsgruppa.



---

Utviklinga innanfor dette området går svært raskt, og i arbeidet med å realisere ambisjonane om felles læringsplattform er det naudsynt å søkje etter løysingar som kan utnytte nye opningar og møte behova i åra framover. Difi deltek bl.a. i nettverket REN (Research and Educational Network) for å styrkje kompetansen, dele røynslar og følgje med innanfor utviklinga av nye former for digitale læringsverkemiddel og læringsplattformer.

Difi følgjer opp eit **nettverk for kompetansestyring** som følgjer prosessen og deler røynslene med implementering av nytt system for kompetansestyring, medarbeidarutvikling og læringsplattform i Skatteetaten. I nettverket deltek UD, DSS, Tolletaten, Lånekassen, UDI og Difi. Desse røynslene er viktige å ta med inn i arbeidet med å realisere ambisjonen om etablering av ei felles læringsplattform i staten.

Difi har gjeve **råd og bistand til verksemder** som ynskte å utvikle eigne leiarutviklingsopplegg med utgangspunkt til nettkurset Sats og andre leiarutviklingsverktøy frå Difi, sjå omtale under tilbod til nye leiarar og vedlegg 2 for oversikt over rådgevingsmøte og føredrag 2012. Sjå også omtale under delmål 3.

For å systematisere og spreie røynslene med utvikling av heilskaplege og blanda læringsprogram, har Difi utvikla ein **pedagogisk rettleiar – La Stå** – som ei felles fagleg plattform for Difis utvikling av formidlings- og kompetansetiltak. Rettleiinga stør opp om satsinga på e-læring og skal bidra til effektiv design av heilskaplege og samansette læringsprogram.

**Medarbeidarsamtalen** er eit viktig instrument i statens arbeidsgjevarpolitikk, men det er eit stort utviklingspotensial knytt til medarbeidarsamtalen (Medarbeidarundersøkinga i staten 2010), både som instrument for individuell utvikling og kompetansestyringa i verksemda. Difi har difor utvikla e-læringsprogrammet «Snakk om utvikling» - medarbeidarsamtalen i staten. Føremålet med e-læringsprogrammet er å få betre kvalitet på medarbeidarsamtalane for å oppnå betre kompetansestyring, betre personalleiing og styrkt medarbeidarutvikling i staten. «Snakk om utvikling» er eit utviklingsverktøy for den einskilde leiaren og medarbeidaren, samstundes som programmet stør opp om den strategiske kompetansestyringa i verksemda gjennom eigne modular for leiargrupper og HR.

Programmet vart lansert og gjort gratis tilgjengeleg på Difi sine nettsider 12. desember 2012. Difi har starta eit pilotprosjekt med tre statlege verksemder. Føremålet er at statlege verksemder raskt skal ta programmet i bruk, få fram og dele røynslar og utvikle modellar for implementering av sentrale, digitale verktøy der lærings- og utviklingsprosessane blir tilpassa lokal røyndom. Programmet er finansiert av dei tariffavsette kompetansemidlane for 2010-2012.

**Kurs, konferansar og seminar** er eit viktig verkemiddel for å nå Difis mål og styrkje forvaltningskompetansen i staten. Vi har til saman hatt 6 500 deltakarar på ulike arrangement, noko som er ein auke på 500 frå 2011. På somme av opplæringstilboda har det vore ventelister, men ved stor etterspurnad prøver vi å

---

halde ekstrakurs. Det er god tilbakemelding frå deltakarane både på kurs, konferansar og seminar, jf. Vedlegg 6.

Delmålet er oppnådd.

## **Delmål 2**

**Difi held fram utviklinga av eit leiingsfagleg miljø i staten for å vere ein viktig og relevant bidragsytar i utviklinga av statens leiarskap og leiarar. Difi skal samarbeide med eksisterande leiingsfaglege miljø i og utanfor statsforvaltninga.**

Difi driv eit aktivt **samarbeids- og formidlingsarbeid** både internt i Difi og retta mot brukarar når det gjeld forskning på feltet og for å formidle praksis. Dette skjer i faglunsjar, på frukostmøte og gjennom seminar og konferansar. I utvikling av nye tilbod til forvaltninga nyttar vi oss av dei beste fagressursar på det aktuelle området.

Etablering av **Fagleg råd om leiing** er eit eige tiltak, og har bestått av deltakarar frå akademia (NHH, BI, NTNU, SINTEF og UiO) og leiarar frå forvaltninga. Rådet har gjennom fire møte gjeve råd og innspel om leiingsutfordringar og -potensial som oppstår i kjølvatnet av ei meir digitalisert forvaltning. Basert på innspela frå rådet, valde Difi å gjennomføre eit kartleggingsprosjekt der vi har identifisert suksesskriterium i leiing av digitale endringsprosjekt. Kartleggingsprosjektet og bidrag frå det faglege rådet har ført til auka kunnskap og forståing i Difi for kor viktig det er med god leiing i digitaliseringsprosjekt, og synleggjort grenseflater til andre prosjekt og satsingar internt i Difi.

I løpet av våren 2013 vil Difi bruke dette kunnskapsgrunnlaget til å formidle råd til forvaltninga om god leiing i **endringsprosjekt**, gje innspel til FAD på området og vurdere tiltak på leiingsområdet som kan stø opp om verksemda sitt arbeid med digitalisering.

Tilbakemeldingane på våre tiltak er at dei blir opplevde som relevante. Det er utfordrande å nå sentrale målgrupper av leiarar med tiltak retta mot enkeltindivid. Eitt tiltak vi er i gang med, er å rette innsatsen i større grad mot organisasjonar og grupper av leiarar. Samstundes merkar vi auka etterspurnad etter tilbod til leiargrupper.

Utviklinga av eit leiingsfagleg miljø er ein langsiktig målsetnad, og det vil ta noko tid før vi kan forvente full effekt av dei tiltaka som er sette i verk. Ny organisering i Difi, der organisering, kompetanse og leiing i større grad blir sedde i samanheng, attåt nyrekruttering på leiingsområdet i Difi er også bidrag i dette.

Delmålet er delvis oppnådd.

---

### Delmål 3

**Difi tilbyr utviklingstiltak for leiarar og leiargrupper basert på Plattform for leiing i staten. Tiltaka skal byggje på solid kunnskap om forvaltninga og relevant forskning på området.**

Leiarutvikling frå dag éin er eit mål for Difi, og **nye leiarar er eit satsingsområde**. E-læringsprogrammet Sats er kjernen i tilbodet til nye leiarar. I tråd med vår kompetansestrategi legg vi til rette for at verksemdene med bakgrunn i eigne føresetnader og behov sjølv legg til rette for at tilbodet blir teke i bruk av eigne leiarar. Fleire og fleire verksemdar gjer dette. Gjennom å skildre dei ulike modellane og dokumentere røymsler med ulike løysingar, formidlar Difi desse til HR-leiarar for inspirasjon og hjelp til iverksetjing i eiga verksemd. I somme tilfelle hjelper vi også verksemdene med å kome i gang. Vi ynskjer å forsterke innsatsen retta mot verksemdsnivå, der utvikling av leiarar/leiargrupper blir knytt opp mot verksemdene sin strategi og krav til eigne leiarar. Røymsler med verksemdstilpassa tilbod med utgangspunkt i Sats, viser at ein med små endringar lett tilpassar tilbodet også mot meir røynde leiargrupper på mellomleiar nivå.

Det var om lag 350 nye registrerte brukarar av Sats i 2012, og i tillegg har nokre verksemdar lagt programmet inn på eigne tenarar. Vi har sett nytta av å leggje nokre tiltak rundt e-læringsprogrammet, både for å hjelpe leiarar gjennom programmet, og for å bidra til nettverksbygging på tvers av verksemdar. Difi har i 2012 gjennomført to oppstartssamlingar i framkant av nettkurset, og éi treningssamling for deltakarar som er ferdige med e-læringsprogrammet.

Nytt i 2012 var Difis Sats-kafear – som er to-timars lunsjmøte der vi utdjuar nokre tema frå nettkurset. Målet med kafeane er å dele opp Sats-kurset i overkomelege bolkar for å hjelpe dei nye leiarane med framdrifta (sjå vedlegg 3 Oversikt over møteplassar som Difi arrangerte i 2012). Det er også eit mål å skaffe møteplassar for nettverks- og læringsgrupper.

Difi arrangerte Årskonferanse for nye leiarar i staten med bidragsytarar frå nasjonale og internasjonale universitets- og konsulentmiljø. Om lag 100 nye leiarar var påmelde på konferansen.

Enkelte verksemdar bruker Sats som ein raud tråd i arbeidet med leiarutvikling både for nye og røynde leiarar og leiargrupper. Etterspurnaden etter kunnskap om korleis dette kan gjerast, er aukande. Difi heldt i 2012 to workshops for HR- og leiarutviklarar; éin med tema «Hvordan ta Sats i bruk i egen virksomhet?» og éin med «Læringsmål, effekt og evaluering av egne lederutviklingstiltak» som tema. Det er eit mål at deltakarane får fagleg og metodisk kunnskap, men like viktig er det at Difi legg til rette for erfaringsutveksling på tvers av verksemdar. Dette har vi gjort ved å be verksemdar som har arbeidd mykje med desse temaa om å presentere arbeidet sitt. Tilbakemeldingar frå verksemdar og deltakarar viser at dei bruker både det faglege rammeverket dei har fått presentert, og at dei byggjer nettverk og lærer av kvarandre på tvers i forvaltninga.

---

Difi tilbyr **mentorprogrammet** for leiarar i statsforvaltninga. Det berande elementet i programmet er mentor-adept relasjonen, og mentorpara møtest til faste og førebudde samtalar gjennom det ni månader lange programmet. I tillegg til samtalaner arrangerer Difi jamleg fellessamlingar for både mentorar og adeptar. Plattform for leiing i staten ligg til grunn for samlingane. Nytt program starta opp i august 2012 med 18 deltakarar.

Tilbakemeldingane frå både mentorar og adeptar er at ordninga medverkar til gjensidig læring, utvikling og nettverksbygging. Det er samstundes ein ambisjon for Difi å kunne knyte tiltaket til HR-strategiar i dei enkelte verksemdene, for på den måten å sikre lokal forankring for ordninga. Det er vidare eit ynske å kunne gjere programmet tilgjengeleg for eit større tal mellomleiarar i staten.

Delmålet er oppnådd.

#### **Delmål 4**

#### **Difi medverkar til at statlege verksemdar får auka kompetanse i mangfalds- og IA-arbeidet.**

Difi har sett mangfald og inkluderande arbeidsliv på dagsorden overfor statlege verksemdar både gjennom trainee-programmet, gjennom eigen IA-konferanse og ved at ulike aspekt ved mangfaldsproblematikken er tekne opp i andre samanhengar, slik som på konferansen "Del og lær – kompetanseutvikling som gir resultater".

Traineeprogrammet medverkar til at statlege verksemdar får mangfald på arbeidsplassen. Difis samarbeids- og utviklingsprogram skal bidra til at både verksemdene, leiarane og traineeane får mest mogleg læring og utvikling i løpet av Traineeprogrammet. Programmet kombinerer læring og praksis ute på arbeidsplassen, og medverkar slik til nyttige røymsler, refleksjonar og innsikt for leiarar, medarbeidarar og HR-leiarar, som igjen kan gje ringverknader i rekruttering, leiing og mangfald i verksemda for framtida.

Delmålet er oppnådd.

#### **Styringsparametrar for hovudmål 3:**

- **Talet på deltakarar i målgruppene leiarar, fagpersonell og tilsette i administrative støttefunksjonar, fordelt på hovudgrupper av tiltak. Der det er relevant ift. måloppnåing, oppgjev ein fordeling på kjønn, aldersgruppe, type verksemd (departement, underliggjande verksemd, ev. sektor). Totalt søkjartal. Talet på produserte rapporter, bøker, rettleiingar etc.**
- **Deltakarane sin kontinuerlege opplevde kvalitet og nytte av tiltaka og verksemdar sin opplevde kvalitet og nytte.**

I 2012 har i underkant av 6500 delteke på våre 56 kurs, 44 seminar og 14 konferansar. Om lag 5000 deltek på seminar og konferansar og 1500 på våre kurs.

---

81 % av dei som deltek på våre kurs, seier at dei i stor grad eller svært stor grad er nøgde med kurset totalt sett. 62 % seier det same om våre konferansar og 65 % om våre seminar.

77 % seier dei har hatt fagleg utbyte av kursa i stor eller særleg stor grad, tilsvarande tal for konferansar er 61 % og seminar 58 %. Samla sett ser vi at den faglege nytta er stor. For dei deltakarane som har svart på evalueringane har høvesvis 96 % (konferansar og seminar) og 98 % (kurs) hatt fagleg utbyte av tiltaka.

Dei fleste deltakarane på kursa våre er i aldersgruppa 31-50 år, på konferansar er hovudvekta 41-60 år. Det er flest rådgjevarar og saksbehandlarar som deltek på kurs, medan leiardelen er 9 %. På konferansar er leiardelen 28 %. Sjå også vedlegg 6 – Difis kurs, seminar og konferansar.

- **Det skal utviklast minst eitt høgkvalitets e-læringsprogram innanfor prioritert satsingsområde i perioden, innanfor budsjettamma.**

I 2012 utvikla Difi e-læringsprogrammet «Snakk om utvikling» – medarbeidersamtalen i staten. Dette vart sett som ei oppfølging av dei dårlege resultatane på statens medarbeidarundersøking 2009, og vart finansiert av partane i staten. I tillegg hadde Difi planlagt eit nytt program innanfor eiga budsjettamme. Arbeidstittel var forvaltningslova, god forvaltningskikk med meir. Programmet «Snakk om utvikling» vart forseinka, og dette fekk store konsekvensar for Forvaltningslovprosjektet, som no er tilsvarande forseinka.

### **Oppgåver:**

- 1. Ha beredskap for å følgje opp ein felles statleg stillings- og rekrutteringsportal, jf. Difis notat av 2011. Dette blir avklart i samband med rapporteringa frå Difi.**

12.desember 2011 sende Difi notatet «Felles stillings- og rekrutteringsportal til FAD», og vi har presentert det for ei tverrdepartemental arbeidsgruppe leidd av FAD. Det er førebels ikkje teke stilling til vidare framdrift.

- 2. Leggje til rette for å stimulere rekruttering av kvinner til toppleing.**

Etter tidlegare kartleggings- og utgreiingsarbeid innanfor feltet kvinner til toppleing, har vi i 2012 jobba med moglege tilnæringsmåtar og rammeverk for tiltak, og alternative måtar å organisere eventuelle tiltak på. I eit slikt forprosjekt har Difi lagt spesielt vekt på å skaffe til veges gode døme på organisering av slike tiltak, gjennom eit samarbeid med leiarutviklar Anne Grete Solberg – og gjennom eit studiebesøk til svenske KRUS (Kompetensrådet for utvekkling i staten). I eit møte med FAD 19.12.2012, vart FAD og Difi samde om at det ikkje skal setjast i verk særskilte tiltak i form av større rekrutteringsprogram eller liknande for å auke delen kvinner til toppleing. Dette blir grunngeve både i ei stigning på 10 % i talet på kvinner på statens leiarlønssystem dei siste 6 åra, og i at det er viktig å prioritere oppfølging av 22. juli rapporten i Difi sitt arbeid med leing i 2013.

---

Difi varetek perspektivet generelt i tilboda vi utviklar, og vi bruker eksisterande arenaer til å ta opp temaet, f.eks. i mentorprogrammet.

### **3. Slutføre arbeidet med tariffavsette kompetansemiddel og ha beredskap for ei eventuell ny avsetning for tariffperioden 2012-2014, og bidra til å spreie røynsler frå støtta prosjekt.**

Difi har fordelt dei tariffavsette kompetansemidlane for 2010-2012. Hovuddelen av administrasjon og tildeling av midlane er rapportert for i 2011. Sluttrapport frå fordeling av kompetansemidlane for tariffperioden 2010-2012 vart lagt fram for partane den 28. juni 2012. Endeleg oversikt over fordelinga av midlar for tariffperioden 2010 - 2012 vart godkjend.

Difi har informert om ordninga på sine nettsider. I tillegg har vi sendt eit rundskriv til alle postmottak.

Difi har medverka til å spreie røynsler frå støtta prosjekt for tariffperioden 2010-2012. Difi har saman med partane valt å gjennomføre erfaringsspreiing ved å utarbeide eit hefte/ein rettleiar basert på reelle dilemma og historier frå kompetanseprosjekta, attåt å gjennomføre ein konferanse basert på dette materialet. Konferansen hadde 100 deltakarar, med innleiingar frå FAD og hovudsamanslutningane. Historier og refleksjonar frå arbeidet med prosjekta vart formidla, og det faglege innhaldet til ein rettleiar vart presentert. Dette vart følgt opp av erfaringsdeling blant deltakarane, som i etterkant varte tekne inn i den faglege framstillinga til ein rettleiar/eit hefte. 94 % av deltakarane vurderte konferansen som nyttig. Konferansen vart i tillegg dokumentert med film som ligg på regjeringen.no. Lenkje til denne vart sendt til alle deltakarane, ligg på Difi si nettside og er også aktivt distribuert til andre interesserte.

Når det gjeld «beredskap for en eventuell ny avsetning for tariffperioden 2012-2014», sjå «Tilskudd til kompetanseutvikling» på neste side.

### **4. Vidareføre tilbodet om medarbeidarundersøkingar til statlege verksemdar.**

Tilbodet til statlege verksemdar om eit gratis system med høg kvalitet for medarbeidarundersøkingar er vidareført i 2012. Det har vorte halde fire kurs med i alt 48 deltakarar. 57 offentlege verksemdar hadde tilgang til AVANT per utgangen av 2012. Det er aukande interesse for systemet.

Difi har i 2012 forbetra produktet og gjort det meir brukarvenleg:

- Avant blir no tilbydd på samisk og nynorsk i tillegg til bokmål og engelsk.
- Det er vorte gjennomført ei undersøking blant AVANT-brukarar som dannar eit godt grunnlag for å vidareutvikle eit heilskapleg tilbod.
- I rapporteringa til verksemda blir resultatata samanlikna med dei andre verksemdene som har brukt AVANT, der det tidlegare vart samanlikna med resultatata frå Medarbeidarundersøkinga 2010.

---

I 2013 vil resultatene frå brukarundersøkinga bli brukt for å levere eit endå meir heilskapleg og brukarretta tilbod til forvaltninga.

**5. I løpet av hausten 2012 planlegg vi å lyse ut eit nytt traineeprogram for personar med nedsett funksjonsevne, med tanke på igangsetting våren 2013.**

Traineeprogrammet for personar med nedsett funksjonsevne og høgare utdanning 2013-14 vart starta hausten 2012. Difi og FAD heldt eit informasjonsmøte for interesserte verksemdar i september. 20 verksemdar har meldt seg på programmet med 37 ulike stillingar i forvaltninga. I samarbeid med HR i verksemdene vart programmet annonsert i felles annonse med alle stillingsutlysningane i desember. Søknadsfrist for å søkje på stillingar i Traineeprogrammet var 25. januar 2013.

**Tilskot til kompetanseutvikling. Belastningsfullmakt på kap.1502 post 70**

Difi skal slutføre arbeidet med oppfølging av avsetninga, medrekna å:

**Publisere informasjon om ordninga og leggje til rette for at røymsler og kunnskapar frå prosjekta som mottek støtte, kan delast og spreiaast. Rapportere til sentrale partar om tildelinga av midlar i tariffperioden.**

Under følgjer rapportering på tariffmidlane 2012- 2014. For rapportering på tariffmidlane 2010-2012, sjå Oppgåver 3 ovanfor.

Difi skal fordele tariffavsette kompetansemidlar, attåt å medverke til å dele og spreie røymsler frå prosjekta som har fått tildelt midlar. Søknadsfristen for tariffperioden 2012-2014 var 12. oktober 2012. Det kom inn 54 søknader. Det samla søknadsbeløpet var på i underkant av 35 mill. kroner, og det vart fordelt 20,7 millionar kroner til i alt 45 prosjekt. Det vart sett av opp til 1 mill. kroner til erfaringsspreiing.

Difi har informert om ordninga på sine nettsider. I tillegg har vi sendt ut e-post til alle tidlegare søkjarar i tillegg til interessentar, og ein e-post (rundskriv) til alle postmottak.

I løpet av 2013 vil søknadsprosessen bli evaluert for å auke kvaliteten på søknader, spreie kunnskapen om kompetansemidlane og lette søknadsprosessen for verksemdene.

**Supplerande tildelingsbrev 1:**

**1. Traineordning for personar med nedsett funksjonsevne**

Difi skal fullføre og avslutte traineeprogrammet for personar med nedsett funksjonsevne og høgare utdanning.

Traineeprogrammet for personar med nedsett funksjonsevne og høgare utdanning 2011-2012 er gjennomført og avslutta sommaren 2012 med gode

---

tilbakemeldingar. 18 verksemdar deltok i programmet med 23 ulike stillingar i forvaltninga. Difi gjennomførte eit samarbeids/utviklingsprogram for traineeane, leiarane med personalansvar for traineeane, og ei mentorordning inkludert i programmet. Programmet inkluderte tre 3-dagssamlingar for traineeane, tre ½-dags samlingar for leiarane og for mentorane, og oppfølgingsmøte med alle verksemdene.

## **Supplerande tildelingsbrev 2:**

### **1. IA – tiltak 2012**

Difi skal arrangere to IA-konferansar hausten 2012, som teknisk og fagleg arrangør, i tett samarbeid med hovudsamanslutningane og FAD.

Ein IA-konferanse vart halden i Oslo 29. november 2012 med 62 deltakarar. Konferansen var retta mot leiarar, HR-tilsette og tillitsvalde og dekte fylka Oslo, Akershus, Buskerud, Oppland, Hedmark, Vestfold og Østfold. Programmet hadde innslag frå NAVs arbeidslivssenter, FAD og forskning. Konferansen inviterte deltakarane til ei interaktiv øving som handla om lokalt IA-arbeid, noko som var svært populært og vellukka.

Den andre konferansen skulle ha vore gjennomført i Kristiansand 22. november, men vart avlyst grunna for svak påmelding. Dei som hadde meldt seg på til konferansen i Kristiansand fekk tilbod om å delta i Oslo og å få dekt dei ekstra reise- og opphaldsutgiftene dette ville medføre. Den avlyste konferansen er planlagd gjennomført i Stavangerregionen i løpet av fyrste halvår 2013.

## **Supplerande tildelingsbrev 3:**

### **1. Medarbeidarundersøking i staten**

Difi skal gjennomføre medarbeidarundersøkinga i samsvar med dei føringane som vart gjevne ved utarbeiding av konkurransegrunnlaget for engasjering av ein oppdragstakar for datainnsamlinga og i møte om saka. Det er føresett at Difi gjennomfører undersøkinga i samråd med departementet.

Undersøkinga er gjennomført etter planen, i samarbeid med TNS Gallup. I samråd med FAD er undersøkinga sendt eit større utval enn tidlegare. Mange av temaa er bevarte for å kunne ta ut tidsseriar. Innretninga på undersøkinga er vidareutvikla basert på tidlegare modell, og vil i løpet av mars 2013 gje ny og verdifull kunnskap som grunnlag for utvikling av politikk og tiltak. Det er også lagt vekt på vidareutvikling av formidlingsmåtar) slik at resultatata kan bli inspirasjon for både forvaltning og eventuelle forskarar.



---

## 2.4 Hovudmål 4

### Digital forvaltning skal vere sikker og koordinert og underbyggjer målet om ein effektiv og brukarretta offentleg sektor

I fjorårets årsrapport skildra vi dette målet som eit uttrykk for ein langsiktig ambisjon, som vil krevje innsats over fleire år. Også i 2012 ser vi at utviklinga går i rett lei, eksemplifisert ved

- 27,5 millionar innloggingar til offentlege tenester via ID-porten, ei stigning på om lag 14,5 % frå 2011
- 27 % av statlege verksemdar tilbyr brukarane å leggje inn og hente informasjon tilrettelagt for den enkelte brukar. Dette er ei stigning frå 16 % i 2011 (IT i praksis)<sup>2</sup>.

Samstundes er det er mykje som står att, eksemplifisert ved at

- berre 34 % av statlege verksemdar tilbyr enkle interaktive tenester
- berre 16 % av statlege verksemdar tilbyr tenester som krev organisatorisk og teknisk samhandling mellom fleire etatar eller verksemdar (IT i praksis).

Lanseringa av Digitaliseringsprogrammet i april 2012 har sett digitalisering høgt på agendaen. Ved at statsministeren omtalte fulldigitalisering av offentleg sektor som den neste store reforma, har regjeringa markert verdien av denne satsinga. Ikkje minst er dette viktig for verksemdsleiarar i forvaltninga, som har ei avgjerande rolle for digitalisering av den enkelte verksemda.

Utnytting av informasjonsteknologi kom også tydeleg på dagsorden ved at 22. juli-kommisjonen i sin rapport så klart peika på mangelfull IT-utnytting. Rapporten legg eit tydeleg ansvar på leiarane. Vi opplever at ikkje berre kommisjonen, men heile samfunnet har forventningar til at forvaltninga greier å ta i bruk IT for tilby betre tenester, arbeide smartare og meir effektivt.

Som ledd i å implementere Difi sin nye strategi for 2012-2015 har vi gjennomført ei organisasjonsendring. Strategien inneber ein styrkt innsats på digitaliseringsområdet. Den nye organiseringa har resultert i ei meir kraftfull og tydelegare avdeling for digital forvaltning samstundes som det tverrgående samarbeidet med kompetansmiljøet for leiing og organisering i Difi er styrkt.

Omtalen under hovudmål 2 i årsrapporten viser korleis vi no styrkjer pådrivarrolla vår for å stø opp om utviklinga av fleire og betre digitale tenester.

Hovudmål 4 gjev ambisjonar på særleg desse områda;

- Sikker digital forvaltning
- Koordinert utvikling
- Effektiv og brukarretta offentleg sektor

---

<sup>2</sup> «IT i praksis 2012», Rambøll Management Consulting og Den Norske Dataforening

---

Samla sett har vi gjennom ulike verkemiddel bidrege godt til måloppnåing på desse områda.

### **Sikker digital forvaltning**

Digitaliseringa skaper nye opningar, men også nye trugsmål og risikoar. Nye IKT-løysingar blir innførte, arbeidsmåtar og rutinar endrar seg og vi kommuniserer og omgås på heilt nye måtar.

Både Riksrevisjonen, Nasjonal sikkerheitsmyndigheit (NSM) og Datatilsynet har i revisjonar, årsmeldingar og fråsegner dei seinare åra sagt at tilstanden innanfor informasjonssikkerheit ikkje er god nok i forvaltninga. Det er for mange verksemdar som manglar tilstrekkeleg oversikt over og kontroll med risikoane.

Vi ser at det skjer feil og sikkerheitsbrot, og med stadig fleire digitale tenester og meir digital oppgåveløysing og informasjonsbehandling blir vi meir sårbare og utsette for risiko for slike. Godt arbeid med informasjonssikkerheit, fundert på gode vurderingar av risiko og kor vesentleg noko er, blir difor stadig viktigare. Det er ein føresetnad for at befolkninga, næringslivet og politikarane skal ha tillit til forvaltninga. Temaet er grundig skildra i Difi rapport 2012:15, Styringssystem for informasjonssikkerhet. Rapporten vil utgjere eit sentralt grunnlag for det nye kompetansesenteret for informasjonssikkerheit i Difi.

ID-porten medverkar til informasjonssikkerheit, og gjennom denne er offentleg forvaltning sitt behov for sikker autentisering langt på veg dekt. ID-porten står fram som ein pålitelig og fleksibel felleskomponent, og ved at Bank-ID no inngår, er han endå meir tilpassa både verksemdene og innbyggjarane sine behov. Dette blir uttrykt både gjennom positiv utvikling i bruk og talet på tenester, og i stabil drift. I tillegg gjev tilbakemeldingar frå tenesteeigarane inntrykk av at dei opplever dette som ei nyttig og velfungerande teneste.

### **Koordinert utvikling**

Koordinering av IT-utviklinga er eit breitt tema. Digit-utvalet<sup>3</sup> seier at sektoriell styring og lokal sjølvråderett kan vere til hinder: *«I mange tilfeller ser det ut til å være for svak grad av samhandling, og det har manglet tydelig styring»*. Difi har i 2012 vore særleg opptatt av dei nasjonale felleskomponentane. Dei har ein koordinerande effekt, og medverkar til at innbyggjarar og næringsliv opplever at digitaliseringa står fram meir heilskapleg. Dei utgjer også ein heilt sentral infrastruktur som digitaliseringa skal kvile på. Sjølv om det er samarbeid mellom felleskomponentforvaltarane, er det behov for meir samordna utvikling gjennom felles målbilete, strategi, utviklingsplanar, finansiering og styring. Utvikling og prioriteringar er i dag prega av sektortenkning.

Blant dei verkemidla som er tekne i bruk for å sikre koordinert utvikling på eit overordna nivå er toppleiarforumet Skate. Skate har no fått eit formelt mandat vedteke av regjeringa og er utvida med Politidirektøren og leiar av KommIT. Skate har så langt diskutert etablering av ID-porten og vidareutvikling av

---

<sup>3</sup>NOU 2013:2 Hindre for digital Verdiskaping

---

Altinn. Skate kan spele ei avgjerande rolle for å sikre at infrastrukturen blir godt koordinert.

### **Effektiv og brukarretta offentleg sektor**

Å realisere ein effektiv og brukarretta offentleg sektor krev både at forvaltninga tilbyr nyttige og brukarvenlege tenester og at innbyggjarane tek desse i bruk. Sjølv om nokre verksemder tilbyr mange og gode digitale tenester, så er vi ikkje tilfreds med samla status som blir påvist i «IT i praksis», og utviklinga går for sakte.

Vi veit også at ikkje alle innbyggjarane er «digitalt modne». Same undersøkinga viser at mange innbyggjarar framleis føretrekkjer tradisjonelle kanalar; 27 % føretrekkjer å kommunisere med offentleg sektor per telefon, medan 20 % føretrekkjer via nettside eller elektronisk sjølvbetjeningsløysing. Det er naudsynt med eit forsterka trykk på utvikling av digitale tenester, med utgangspunkt i innbyggjarane sine behov. Tydelege krav om digitalisering av relevante skjema gjennom Digitaliseringsrundskrivet er eit fyrste steg i riktig retning. Samstundes representerer denne typen digitale skjema berre enkle tenester utan dei største vinstane. Ambisjonen i Digitaliseringsprogrammet er at forvaltninga skal tilby meir avanserte, digitale tenester.

Analyseselskapet Gartner meiner at *digital innovasjon* gjer det mogleg å bruke informasjon på nye måtar, og også korleis tenestene frå verksemdene kan utøvast. Difis innsats med å gjere offentlege datasett tilgjengelege for gjenbruk er eit viktig tiltak under dette.

Difi har sett behov for å styrkje pådrivarrolla si for å medverke til fleire og betre digitale tenester. Som konsekvens av Difis nye strategi dreier vi nå innretninga på vegvisarfunksjonen og arbeidet vårt med kvalitet på nett slik at desse verkemidla i endå større grad vil konsentrere seg om digitale tenester og bidra til å realisere Digitaliseringsprogrammet. Det er behov for betre digital kompetanse knytt til brukarorientering, nytenking og innovasjon og samarbeid med andre verksemder.

### **Delmål 1**

**Difi har ei pådrivarrolle for at eigna tenester i offentleg sektor primært blir utvikla som elektroniske tenester, og at offentlege verksemder er betre til å gjennomføre digitaliseringsprosjekt og til å realisere ynskte vinstar.**

Delmålet er todelt. For det fyrste har Difi ei pådrivarrolle for at eigna tenester i offentlege verksemder primært blir utvikla som elektroniske tenester. Difi har hatt lite ressursar på dette området og har difor prioritert tiltak som rettar seg mot ei breiare målgruppe.

I 2012 har vi blant anna gjennomført desse tiltaka:

- Digitaliseringskonferansen innretta mot leiarar og andre med ansvar for digitalisering i sine verksemder hadde 423 deltakarar frå stat, kommune og næringsliv. Konferansen er vorten ein viktig arena og møteplass for alle som arbeider med digitalisering i forvaltninga.

- 
- Difi får ofte førespurnader om å halde føredrag på konferansar. Dersom målgruppa og temaet er relevant, prioriterer vi i størst mogleg grad å delta. Vi får gode tilbakemeldingar på slike bidrag.
  - Vi har gjeve faglege innspel til Dataforeningen si kartlegging «IT i praksis» som omfattar ei kartlegging og ein analyse av status for digitalisering. Resultata var relevante og analysane gode. Vi har også gjeve faglege innspel til ei tilsvarande kartlegging hjå SSB.

Betre kunnskapsgrunnlag i form av døme, case-studiar og evalueringar i tillegg til rettleiarar i kva gode digitale tenester er og korleis dei kan utviklast og innførast, vil vere gode tiltak for å bidra til at fleire utviklar digitale tenester. Vi har sett i gang ein case-studie om « Suksesskriterier i ledelse av digitale endringer» som skal ferdigstillast i 2013. I tillegg gjennomfører vi ei undersøking om røynsler med effektiviserings- og fornyingsprosessar i forvaltninga, der gjennomføring av digitaliseringsprosessar er eit sentralt tema.

Difi medverkar vidare til at offentlege verksemdar er betre til å gjennomføre digitaliseringsprosjekt og til å realisere ynskte vinstar.

Dette målet vart ytterlegare aktualisert gjennom 22. juli kommisjonens rapport om mangelfull utnytting av IT og for svak gjennomføringsevne. Samstundes veit vi at mange IT-prosjekt feilar, og at kompetanse til å styre og leie digitaliseringsprosjekt er svak. For å auke den «digitale kompetansen» for verksemdsleiarar, linjeleiarar og prosjektleiarar slik at dei er betre i stand til å styre og gjennomføre digitaliseringsprosjekt, er Prosjektveiviseren lansert i ein 2.0- versjon. Prosjektveiviseren 2.0 har fått stor merksemd og tydeleg treft eit behov.

Ein felles prosjektmodell gjennom Prosjektveiviseren utgjer eit viktig grunnlag for å sikre betre styring av statlege IT-prosjekt. Prosjektmodellen legg vekt på den viktige innleiande fasen, der grunnlaget for eit godt konseptval, samfunnsøkonomiske analysar og kost-nytte vurderingar blir gjorde. Men i tillegg varetek prosjektmodellen alle fasane i gjennomføringa, inkludert avsluttande fase med overføring til forvaltning og vinstrealisering.

Førebels røynsler frå Danmark som inneheld denne typen tiltak er positive, men vil gje endå større effekt om dei blir supplerte med andre og sterkare styringstiltak. Vi tilrår nærare vurdering av denne typen forslag i løpet av 2013.

Difi sine verkemiddel for å bidra til at offentlege tenester blir utvikla som elektroniske tenester, har primært vore knytt til konferansar, føredrag og innspel til statuskartleggingar. Den tilrådde prosjektmodellen i Prosjektveiviseren vil også vere eit viktig bidrag å gjere offentlege verksemdar betre til å gjennomføre digitaliseringsprosjekt.

Delmålet er oppnådd.

## **Delmål 2**

**Digitalt fyrsteval blir innført basert på ei felles plattform for elektronisk kommunikasjon.**

---

Ei plattform for elektronisk kommunikasjon er fyrste gong skildra i notat til FAD hausten 2011. I tillegg bidrog Difi i arbeidet FAD gjorde med regjeringa sitt digitaliseringsprogram der plattformen er skildra.

Som ei oppfølging av dette har Difi etablert felles register for innbyggjarar sin kontaktinformasjon, sytt for høg utbreiing av eID på nivå 4, utgreidd korleis sikker digital post til brukarane av det offentlege bør realiserast og utgreidd korleis innbyggjarar skal kunne reservere seg mot digital kommunikasjon med det offentlege.

Difi har gjennom dette sytt for å levere delar av plattformen. I tillegg er arbeidet med sikker digital postkasse godt i gang og i samsvar med plan. Gjenståande delar er no avhengig av korleis regelverket blir utforma, dette gjeld reservasjonsordninga og korleis sikker digital post blir regulert.

Delmålet er oppnådd.

### **Delmål 3**

**Ein robust, behovsdriven og framtidsretta eID-infrastruktur er tilgjengeleg for forvaltninga og brukarar av offentlege tenester.**

ID-porten er i stabil drift og det er god vekst i talet på transaksjonar. I 2012 var det 27,5 millionar innloggingar til offentlege tenester via ID-porten, ei stigning på om lag 14,5 % frå 2011, sjå veksttal i omtalen av styringsparametrane nedanfor.

Det har vore få hendingar og feilsituasjonar i 2012. Eksempelvis er det ikkje registrert driftsproblem i ID-porten i samband med nokre av tenestene frå Skattedirektoratet, heller ikkje då Altinn hadde driftsproblem i samband med utlegg av sjølvmeldinga for personlege skatteytarar i mars.

Tabellen nedanfor viser gjennomsnittleg oppetid og responstid for MinID og ID-porten i 2012:

| <b>SLA</b>                         | <b>Krav</b>            | <b>Gjennomsnitt levert 2012</b> |
|------------------------------------|------------------------|---------------------------------|
| Oppetid MinID                      | 99,90 %                | 99,998 %                        |
| Oppetid ID-Porten                  | 99,80 %                | 99,9875 %                       |
| Responstid MinID ved pålogging     | 90,00 % innan 3 sekund | 100 %                           |
| Responstid ID-Porten ved pålogging | 90,00 % innan 3 sekund | 99,9983 %                       |

Dei fleste tenestene som er tilgjengelege gjennom ID-porten er på mellomhøgt sikkerheitsnivå. Innbyggjaren kan då velje å logge seg inn med MinID eller ein

---

e-ID på høgaste sikkerheitsnivå (nivå 4). Frå 2010 har Difi hatt avtalar med Buypass AS og Commfides Norge AS om at e-ID nivå 4, utferda av desse to leverandørane, kan brukast i ID-porten.

Det har vore ei utfordring at få personar har hatt ein e-ID frå Buypass eller Commfides (under 400 000 til saman). Dette har gjeve avgrensa bruk av tenester på høgaste sikkerheitsnivå og den låge utbreiinga har også vorte vurdert som eit hinder for utvikling av nye avanserte tenester. På bakgrunn av dette vart det hausten 2011 etablert eit forprosjekt for å utgreie eventuelle tiltak for å auke talet på brukarar som kan bruke tenester på nivå 4 gjennom ID-porten.

Forprosjektet vart fullført vinteren 2012 og konkluderte med at ein ny konkurranse om tilknytning av e-ID nivå 4 til ID-porten var det tiltaket som raskast kunne løyse utfordringa med låg utbreiing. Difi tilrådde overfor FAD utlysing av ny konkurranse og i pkt. 3.1 i Digitaliseringsprogrammet heiter det: «Regjeringen vil åpne opp for at eID fra flere enn dagens leverandører kan brukes på offentlige nettjenester.»

Konkurranse med forhandling vart kunngjort i Doffin og TED 30. mars 2012. Tre leverandørar fekk tildelt kontrakt og BankID vart sett i produksjon som nytt innloggingsalternativ i ID-porten i slutten av november 2012.

BankID har høg utbreiing, med om lag 2,8 mill. brukarar. Difi har med dette tiltaket sikra at ein vesentleg del av befolkninga kan bruke tenester også på høgaste sikkerheitsnivå gjennom ID-porten. Dei nye avtalene har gjeve grunnlag for ei betre kostnadsfordeling mellom tenesteeigarane og lågare pris.

Førebels kan e-ID frå BankID, Buypass og Commfides brukast til autentisering. Avtalane inneheld opsjonar for signering og kryptering som kan utløysast dersom behovskartleggingar og kost/nyttevurderingar tilseier at det bør etablerast fellesløysingar for avansert elektronisk signatur eller ende-til-ende kryptering.

ID-porten er såleis både robust og framtidsretta, samstundes som det er lagt til rette for at vidareutviklinga skal vere behovsdriven.

Delmålet er oppnådd.

#### **Delmål 4**

**Ein felles arkitektur for statleg sektor for realisering av digitalt fyrsteval med basis i obligatoriske og tilrådde standardar og nasjonale felleskomponentar er skildra for og forankra i forvaltninga.**

Difi har gjennom arbeidet med ei felles plattform for digital kommunikasjon arbeidd med kva slags løysingar som bør tilbydast i fellesskap for at forvaltninga skal kunne kommunisere sikkert med brukarane sine. I tillegg har det vore utgreidd ei rekkje standardar som er relevante for ein felles arkitektur.

---

Difi utarbeider arkitekturen gradvis med utgangspunkt i nye tenester som skal etablerast, fyrst eID, dernest sikker post osv.

Arkitekturarbeidet inkludert dei ulike standardane er godt forankra gjennom standardiseringsrådet, ulike arbeidsgrupper og møte.

Delmålet er oppnådd.

### **Delmål 5**

#### **Informasjonssikkerheit i statlege verksemder blir fremja med vekt på digitalt fyrsteval og god sikkerheitskultur.**

Difi har halde to heildagsseminar om informasjonssikkerheit med til saman 184 deltakarar. Styringssystem var tema på det fyrste seminaret og sikkerheitskultur på det andre. Dessutan har vi halde eit frukostseminar om risikovurdering (33 deltakarar) og tre samlingar i Nettverk for informasjonssikkerheit.

Det viktigaste temaet i sikkerheitsarbeidet har vore etablering og bruk av styringssystem for informasjonssikkerheit. Difi har her gjennomført eit større arbeid oppsummert i Difi-rapport 2012:15 «Styringssystem for informasjonssikkerhet. Erfaringer med og anbefalinger om standardene ISO 27001 og ISO 27002». Rapporten klargjer både utfordringane, kjernen i ISO-standardane og ei rekkje styringsomgrep som gjerne blir brukte litt uklart og om kvarandre. Rapporten gjev att og vurderer ei rekkje røynsler frå forvaltninga - både frå revisjons- og tilsynsorgan og frå verksemder som har etablert slike styringssystem og brukt dei aktuelle standardane. Rapporten inneheld også ei samling av råd frå desse verksemdene til andre verksemder som skal etablere styringssystem for informasjonssikkerheit. Målgruppa er både departement og verksemder, og rapporten kan også vere nyttig for kommunar.

Difi har også bidrege i ulike arbeidsgrupper/forum med innsats inn mot ny nasjonal strategi for informasjonssikkerheit, rettslege hinder for digitalt fyrsteval og digital kommunikasjon, vidareutvikling av ISO-standardane mv.

Delmålet er oppnådd

### **Styringsparametrar for hovudmål 4**

- **Relevante indikatorar for utvikling og bruk av digitale tenester (brukarretting og effektivisering) skal auke.**

Dei data vi på noverande tidspunkt har, gjer det utfordrande å gje eit komplett bilete når det gjeld auke i utvikling og bruk av digitale tenester. Vi registrerer likevel vekst i talet på transaksjonar, brukarar mv. i ID-porten og legg til grunn at dette representerer at utvikling og bruk av digitale tenester aukar. Statistikk frå ID-porten viser også at talet på kommunale tenester i ID-porten utgjer om lag 80 % av totalen. Bruken av kommunale tenester utgjer likevel berre om lag 20 % av den totale bruken. Difi vil i 2013 følgje med på denne statistikken og bruke han som mogleg indikator for utvikling og bruk av digitale tenester i kommunane.

I 2012 arbeidde Difi saman med Statistisk sentralbyrå om undersøkinga «Bruk av IKT i staten» med sikte på å innhente data om digitalisering av offentleg sektor. Tala frå denne undersøkinga er med på å danne eit nullpunkt for vidare datainnhenting i 2013. Under følgjer dei mest relevante 2012-tala for styringsparameteren om digitale tenester. Tilsvarende tal frå 2008 er også tekne med, men vi gjer merksam på at desse ikkje er fordelte på innbyggjarar og næringsliv, og dermed ikkje direkte kan samanliknast.

|  | <b>Blir tilbydd<br/>privatpersonar</b> | <b>Blir tilbydd<br/>næringslivet</b> | <b>Tal frå 2008<br/>(samla)</b> |
|--|--|--------------------------------------|---------------------------------|
| Delen statlege verksemdar som gjev innbyggjarar og næringsliv høve til å velje elektronisk kommunikasjon med etaten/verksemda        | 61,9 %                                 | 46,6 %                               | 66,0 %                          |
| Delen statlege verksemdar som tilbyr innbyggjarar og næringsliv innsending av opplysningar i eit elektronisk skjema                  | 49,1 %                                 | 36,4 %                               | 60,4 %                          |
| Delen statlege verksemdar som tilbyr innbyggjarar og næringsliv innsending av opplysningar i eit delvis preutfylt elektronisk skjema | 19,1 %                                 | 17,8 %                               | 30,5 %                          |
| Delen statlege verksemdar som tilbyr innbyggjarar og næringsliv sjølvbetjente tenester med elektronisk tilbakemelding                | 16,1 %                                 | 8,1 %                                | 37,6 %                          |

Undersøkinga «IT i praksis 2012» viser at 1 av 4 verksemdar oppgjev at kommunikasjonen med innbyggjarane går føre seg digitalt. Dette representerer ein nedgang frå 2011, og inneber at dei manuelle kanalane er meir utbreidd enn dei digitale. For kommunikasjon med næringslivet oppgjev 36 % at kommunikasjonen er digital, som er det same som i 2011.



- **ID-porten**

| Styringsparameter                                       | 31.12.2011 | 31.12.2012  | Vekst i % |
|---|------------|-------------|-----------|
| Vekst i talet på transaksjonar i ID-porten              | 23 997 303 | 27 4563 991 | 14 %      |
| Vekst i talet på unike brukarar av ID-porten            | 2 687 809  | 2 857 337   | 6,6 %     |
| Vekst i talet på tenesteeigarar som bruker ID-porten*   | 217        | 273         | 26 %      |
| Vekst i talet på tenester gjennom ID-porten på nivå 3** | 138        | 233         | 69 %      |
| Vekst i talet på tenester gjennom ID-porten på nivå 4   | 2          | 5           | 150 %     |

\*Talet på statlege etatar og kommunar som har inngått Samarbeidsavtale om bruk av ID-porten

\*\*Talet på føderasjonar. Bak kvar føderasjon kan det vere mange tenester. Dette gjeld eksempelvis for portalor som Altinn og skjemaportalor for kommunar.

- **Auka bruk av forvaltningsstandardar som medverkar til realisering av eit digitalt fyrsteval.**

Difi har levert ei revidert Forskrift om IT-standarder til FAD i 2012. Vi har også publisert ein ny versjon av referansekatalogen med ny tilrådde krav.

Difi har i hovudsak sett krav til standardar i grensesnittet mellom offentleg sektor og innbyggjarar; publiserings- og utvekslingsformat. Dette medverkar til auka digitalt fyrsteval. Kravet om å følgje Elmer for enklare skjema til innbyggjarane er utvida. Siktemålet er at omlegginga til fleire elektroniske skjema skal bli betre.

Vi har tilrådd ein standard for koding av språk på nettsider. (Dette medverkar også til betre utnytting av samiske sider, sjå hovudmål 2, oppgåve 3 og hovudmål 4, delmål 3 om universell utforming). Vi peikar også på standard for eBøker.

Difi har tilrådd tekniske og organisatoriske standardar for informasjonssikkerheit. Dei tekniske gjer det enklare å levere digitale tenester med sensitiv informasjon til innbyggjarar, og vil bidra til å forenkle samhandling mellom verksemdar slik at dei kan lage meir heilskaplege og avanserte tenester. Dei organisatoriske skal vareta at innbyggjarar og næringsliv har tillit til digitale tenester.

Ein stor del av offentleg tenesteyting handlar om informasjonsbehandling. For å bidra til enkel forståing, god sikkerheit, heilskap i tenestene og utsiktene til samarbeid på tvers av verksemdar, har Difi tilrådd standardar knytte til omgrepsskildringar og terminologiarbeid.

---

- **Auka utbreiing av styringssystem for informasjonssikkerheit.**

I undersøkinga «Bruk av informasjonsteknologi i staten» frå Statistisk sentralbyrå var det i 2012 også spørsmål om styringssystem for informasjonssikkerheit. SSB-undersøkinga viser at 66,5 % seier at verksemda har etablert eit styringssystem for informasjonssikkerheit. 63,7 % seier at dette er basert på ISO 27001.

Denne undersøkinga kunne vore eit nullpunkt for denne styringsparameteren. Samstundes gjev revisjons- og tilsynsorgana i våre intervju bak Difi-rapport 2012:15 (jf. framom) ein noko annleis. Også våre intervju med verksemdar som i følgje undersøkinga skulle ha kome langt, indikerer eit anna bilete enn det SSB-undersøkinga viser.

Det kan på denne bakgrunnen reisast spørsmål ved korleis verksemdene i SSB-undersøkinga har forstått spørsmåla om informasjonssikkerheit og i kva grad dei som svarer har god kunnskap om det dei svarer på. Dette manar til varsemd i bruken og tolkinga av svar på slike overordna spørsmål, og inneber at vi heller ikkje har tilstrekkeleg grunnlag til å seie noko om etterleving.

For å avdekkje den eigentlege statusen i verksemdene er det truleg naudsynt å rette blikket mot innhald og verkemåte i styringssystema. Ein må sjå på kva slags styrings- og internkontrollelement som faktisk inngår og korleis dei fungerer. Ei spesiell utfordring vidare blir å finne meir pålitelege styringsparametrar utan å auke rapporteringsbyrda i verksemdene til eit ikkje føremålstenleg nivå.

- **Auka etterleving av styringssystem for informasjonssikkerheit.**

Vurderinga inngår i Difi-rapport 2012:15 (jf. delmål 5, hovudmål 4).

- **Auka etterleving av UTF-8 standarden i statleg og kommunal sektor.**

SSB har spurt om bruk av UTF-8 i interne system og ekstern kommunikasjon i spørjeundersøkinga si «IKT-bruk i staten». Svaralternativa var anten ja eller nei. Når dei fleste verksemdar har 50 til fleire hundre system og mange samhandlingspunkt, gjev det ikkje meining å svare ja eller nei. Difi vil difor kartleggje bruk av UTF-8 i fyrste kvartal 2013 for å kunne synleggjere eventuelle forbetringar i løpet av året, som resultat av dei tiltaka som blir gjennomførte.

### **Oppgåver:**

- 1. I samarbeid med FAD utarbeide ein overordna gjennomføringsplan for strategisk viktige løysingar for realisering av digitalt fyrsteval.**

Difi har vore til hjelp i perioden januar til mars.

---

## 2. Innan fyrste juni:

- **Kvalitetssikre og detaljere eit kortsiktig løysingskonsept for felles digital postkasse, og utgreie dei økonomiske og administrative konsekvensane for statleg forvaltning.**

Som oppfølging av foranalysen i «En felles digital meldingsboks» - Difi rapport 2011:7, har Difi vurdert tre ulike private og statlege løysingar for innføring av ei sikker digital postkasseteneste opp mot kvarandre, og gjort ein marknadsanalyse og samfunnsøkonomisk analyse av alternativa. Difi-rapport 2012:10 – «Sikker digital post fra det offentlige» vart oversendt FAD i juni 2012. Alle tre alternativa som er vurderte i rapporten er lønsame og ein rask overgang frå papirpost til digital post gjev størst vinst. Difi tilrår i rapporten at det offentlege tek i bruk løysingar i marknaden, og at ein anskaffingsprosess av postkassetenester blir sett i gang så snart som råd.

- **Utgreie løysingskonsept og økonomiske og administrative konsekvensar for felles sms-varsling og reservasjon mot digital post og informasjon for forvaltninga.**

Difi-notat 2012:5 «Servicemeldinger på SMS» vart publisert i juni og omhandlar løysingskonsept og økonomiske og administrative konsekvensar for ei felles løysing for SMS-varsling.

I notatet konkluderer Difi med at den enkelte verksemda bør etablere lokale løysingar ved behov, eksempelvis ved å ta i bruk marknadsløysingar. Vi rådde vidare til at verksemdene nyttar seg av det felles kontaktregisteret som er etablert i ID-porten for tilgang til oppdaterte data om mobiltelefonnummer.

Difi utgreidde fyrste halvår 2012 moglege konsept for reservasjon mot digital post frå offentleg forvaltning. Utgreiinga vart utgjeven som Difi-notat 2012:4 «Etablering av løysing for reservasjon mot digital post», og den endelege versjonen av utgreiinga vart oversendt til FAD 13.06.2012.

Fleire moglege reservasjonsløysingar vart vurderte, og utgreiinga konkluderte med at det bør etablerast ei enkel basert på eit ja eller nei til å ta mot digital post frå det offentlege, og at denne løysinga seinare kan utvidast.

Det vart føresett at det vart gjennomført naudsynte lovendringar for å innføre ei reservasjonsløysing for innbyggjarar. Det vart også føresett at det vart obligatorisk for offentlege verksemdar å bruke reservasjonsregisteret for å sjekke om innbyggjarane var reserverte.

Kostnadene for å utvikle ei løysing vart estimert til 3 millionar kroner. I tillegg kjem årlege kostnader på drift, forvaltning og brukarstøtte på om lag 3 millionar kroner.

---

### **3. Etablere ei kortsiktig løysing for digital kontaktinformasjon i tilknytning til ID-porten.**

I supplerande tildelingsbrev nr 1, av 19. april 2012, er det fristilt midlar til utgreiing av fleire løysingskonsept for digital kontaktinformasjon, blant anna ei løysing for brukarane sin digitale kontaktinformasjon. Difi leverte ei utgreiing om digital kontaktinformasjon til FAD 15.07.2012. Notatet gjer greie for dei vurderingane som er gjorde i samband med etablering av den kortsiktige fellesløysinga for digital kontaktinformasjon, og peikar ut ei retning for det vidare arbeidet.

Fyrste versjon av fellesløysinga for Digital kontaktinformasjon vart sett i produksjon 20. november 2012. Kontaktinformasjonen omfattar e-post adresser og mobilnummer. Dette er informasjon som fleire tenesteeigarar brukar, og både brukarvenleg utforming og datakvalitet vil bli betra ved sentralt ajourhald. Når tenesteeigarane tek fellesløysinga i bruk, vil det vere tilstrekkeleg at innbyggjarane oppdaterer opplysningane sine éin stad.

### **4. Vere til hjelp med, og om naudsynt leie, forprosjekt i samband med etablering av ei langsiktig løysing for felles digital postkasse.**

Difi rapport 2012:10 «Sikker digital post til det offentlige» vart oversendt FAD i juni 2012 med tilråding om å setje i gang anskaffingsprosess av postkassetenester så snart som mogleg. Dette alternativet der sluttbrukaren sjølv vel kva for ein postkasse frå marknaden han vil bruke, var også den tilrådde langsiktige løysinga frå foranalysen i Difi rapport 2011:7 en felles digital meldingsboks. Hausten 2012 starta Difi opp arbeidet med å førebu anskaffingsprosessen. I tillegg til kravspesifiseringsarbeid og anskaffingsstrategi vart det sett i gang eit arkitekturprosjekt og ein ROS-analyse. Arkitekturprosjektet skal skildre ein målarkitektur for sikker digital postkasse som viser korleis arbeidsprosessar og komponentar i løysinga spelar saman på ein sikker og effektiv måte. Målarkitekturen skal brukast som grunnlag for anskaffing og etablering av postkasseløysinga og blant anna medverke til eit definert basis sikkerheitsnivå. ROS-analysen skal synleggjere vesentlege risikoar og akseptert risikonivå hjå eit utval avsenderverksemdar og skildre eventuelle sikkerheitstiltak og innverknaden deira på risiko for sikkerheitsbrot.

Arbeidet med etablering av postkasseløysinga er organisert i eit program som vil vare inntil løysinga er etablert og systemeigaraskapen og forvaltninga er overført til linjeorganisasjonen. Etter politisk behandling vart det primo november avgjort at det på bakgrunn av anbodskonkurransen skal etablerast ei løysing for digital postkasse til innbyggjarane, basert på konseptet om at innbyggjarane kan velje mellom ulike postkassar i marknaden. Innretninga på programmet vart etter dette avgrensa til å etablere ei løysing for innbyggjarar, ikkje for verksemdar. Avgjerda om valfridom mellom fleire postkassar inneber at ein meldingsformidlar som syter for at posten kjem til den postkassen kvar innbyggjar har valt, må vere med i løysinga.

---

**5. Tiltrå innretning på standardiseringsarbeidet framover slik at det i størst mogleg grad medverkar til realisering av digitalt fyrsteval.**

Ut frå referat frå etatsstyringsmøte 10.09.2012 har oppgåva gått ut.

**6. Utarbeide ei kort vurdering av mogleg pålegg om bruk av ISO-2700-1 og 2700-2 standarden i statlege verksemder.**

Vurderinga er del av Difi-rapport 2012:15, publisert 21.12.2012.

**7. Vere til hjelp for FAD med å identifisere regelverksendringar som vil medverke til digitalt fyrsteval.**

Difi har delteke i arbeidsgrupper for regelverksendringar på førespurnad frå FAD.

**8. Vere til hjelp for FAD med å vurdere satsingsforslaga i samband med statsbudsjett.**

Difi har stått til teneste i februar.

**9. Leggje til rette for bruk av verksemdssertifikat i staten ved å bidra til at verksemdssertifikata for statlege einingar er tilgjengeleg registreringsinformasjon i eit dertil eigna register, eksempelvis ELMA ved Einingsregisteret.**

I samråd med fagavdeling i departementet vart oppdraget tolka til å etablere ei løysing for å gjere verksemdssertifikat tilgjengelege i eit eigna register. Oppdraget inkluderer ikkje å jobbe med tiltenkte bruksområde for sertifikat, utbreiing eller befolkning av registeret.

I kravspesifikasjon for ELMA er informasjon om verksemdssertifikat teke inn som eitt av føremåla med registeret og det blir innleiingsvis gjort greie for ulike bruksområde av verksemdssertifikat og kort om korleis dei overordna blir brukte.

Status for realisering av ELMA-registeret, sjå omtale av supplerande tildelingsbrev 3 nedanfor.

**Supplerande tildelingsbrev 1:**

**1. Etablering av felles infrastruktur for digital kommunikasjon med innbyggjarar**

Sjå omtale av aktivitetar under oppgåve 4 ovanfor.

---

### **Supplerande tildelingsbrev 3:**

#### **1. Elektronisk adresseregister for verksemder (ELMA) skal etablerast innan 1. april 2013**

Det var lagt til grunn at ELMA skulle bli eit fellesregister for elektroniske adresser til alle offentlege og private verksemder i Noreg. Behovet på området innanfor elektronisk faktura og elektronisk handel for å erstatte PEPPOL SMP-registeret var fyrste steg. Elma skulle utgjere register over verksemdssertifikat.

På bakgrunn av ei rekkje uavklarte forhold, gjort greie for i vårt brev til FAD datert 13.11.2012, tilrådde Difi at det bør gjennomførast ei ytterlegare utgreiing for å avklare behov, gjennomføring og finansiering av ei felles sentral løysing for dei elektroniske adressene til verksemdene før ei avgjerd om realisering blir teken. Denne utgreiinga bør sjåast i samanheng med utgreiinga av alternativ for elektronisk dokumentutveksling i offentleg sektor.

Adressering knytt til elektronisk faktura og elektronisk handel blir i dag dekt av Alfa1lab som er drifta frå Peru. Denne løysinga tilfredsstillar krava til PEPPOL som den norske infrastrukturen er bygd rundt.

---

## 2.5 Hovudmål 5

### IKT-politikken skal gje gode rammevilkår for verdiskaping og deltaking i samfunnet

Tilgjengeleggjing av offentlege opne data har eit potensiale for nærings- og samfunnsutvikling basert på vidarebruk av dataa. Sjølv om fleire verksemder har delt datasett, så synest det likevel ikkje som at 2012 har vore året der vidarebruk av offentlege data har teke av. Årsaka til dette er samansett, men det kan synast som om området framleis er i modning både hjå offentlege verksemder og miljø som kan vidarebruke dataa som blir gjorde tilgjengelege.

I digitaliseringsrundskrivet i 2011 og 2012 pålegg regjeringa statlege verksemder å gjere informasjon tilgjengeleg i samsvar med vidarebruksføresegna i offentleglova i maskinleseleg format. Det synest likevel ikkje som om føresegna blir følgt opp i vesentleg grad. Basert på spørsmåla Difi får om dette, som er både teknisk, juridiske, økonomiske og prosessmessige, er Difi si vurdering at verksemdene manglar kunnskap om dette området.

Den største utfordringa synest likevel å vere knytt til medvitet i verksemdene om informasjonen sin. Oversikt over kva for data som blir brukte til kva, kva slags data som er verneverdige og kva slags som ikkje er det, synest å vere låg. I tillegg synest det å vere kulturelle utfordringar knytt til å tenkje openheit og meiroffentlegheit.

Det vidare arbeidet med opne data i Difi bør for det fyrste dreie seg om kunnskap og kultur. Å ta tak i dei identifiserte problemområda og å skape arenaer for kompetanseutvikling og erfaringsutveksling bør framleis vere eit viktig område. Dette både retta mot verksemder som deler data, men også potensielle datakonsumentar.

Det er også vesentleg at opne data får eit større strategisk fokus både frå FAD og Difi si side. Ein ting er målet om størst mogleg openheit og flest mogleg datasett, men like viktig er det å sjå opne data inn i ein samanheng. Ikkje minst er det viktig at verksemdene sine data er skildra på ein måte som gjer at verksemda sjølv og dei som skal nytte seg av dataa, forstår kva dei ulike dataelementa tyder og kva datasetta dermed representerer. Behovet for deling av data offentlege verksemder i mellom er utan tvil stort. Å tenkje «opne data»-modellen for å dekkje dette behovet, sjå det i samanheng med bygginga av ein felles offentleg arkitektur, ser Difi som eit effektivt verkemiddel i å få endå betre og fleire digitale tenester frå offentleg sektor.

Ved etableringa av kompetansesenterfunksjonen for universell utforming av IKT i 2012 har Difi prioritert å utarbeide informasjons- og rettleingsmateriale som skal presenterast på ein universelt utformanettstad. Det viktigaste satsingsområdet for Difi framover vil vere å drive aktivt informasjons- og rettleingsarbeid, retta mot både privat og offentleg sektor. Målet er å leggje eit best mogleg grunnlag for at krava i forskrift om universell utforming av IKT blir etterlevde. Vi har grunn til å tru at det er knytt store forventingar til Difi som tilsynsorgan, innsatsområda til tilsynet må likevel prioriterast og

---

balanserast ut i frå ressursituasjonen. I tillegg er det behov for aktiv forventningsstyring.

Etter vår vurdering har tiltaka bidrege godt til måloppnåing. Det må leggjast til at på området opne data og felles informasjonsforvaltning er vi i eit tidleg stadium slik at det er vanskeleg å kvantifisere effektane.

### **Delmål 1**

#### **Forvaltninga tilbyr fleire offentlege datasett som blir vidarebrukte aktivt.**

Difi har i 2012 bygd mykje av grunnmuren som er naudsynt for at offentlege verksemder i mykje sterkare grad kan offentleggjere sine data. Ein ny og betre versjon av data.norge.no med oppgradert datahotell er etablert. Vår rettleiar for tilgjengeleggjing av data har fått mykje positiv merksemd frå offentlege verksemder så vel som private aktørar innanfor IT-næringa. I tillegg har FAD gjeve viktige bidrag gjennom Norsk lisens for offentlege data og retningslinjene ved tilgjengeleggjing av data. Dette, saman med kultur- og haldningsarbeid, vil kunne gje resultat fram i tid.

I 2012 har vi konsentrert oss om:

- Rettleie verksemdene i arbeidet med å opne opp data
- Etablere gode døme på deling av data i aktivt samarbeid med enkeltverksemder
- Vere til stades og ha presentasjonar på relevante seminar/møte for å auka kunnskapen om opne data og for å bidra til kulturendring
- Gje ut versjon 2 av «Veileder i tilgjengeliggjering av offentlige data».
- Bygge nettverk nasjonalt og internasjonalt
- Auka innsats knytt til juridisk rettleiing, mellom anna ved å arrangere juridisk konferanse
- Ha god kontakt med vidarebruksmiljøa og bidra til etablering av gode døme på vidarebruk
- Klargjere apps4norge-konkurransen, som starta 1. februar 2013

Talet på tilgjengelege datasett har auka målt mot 2011, jf. styringsparameter nedanfor.

Delmålet er oppnådd.

### **Delmål 2**

#### **Norsk deltaking i det internasjonale IKT- samarbeidet innanfor programområdet ISA og CIP-ICT er godt støtta opp om.**

Difi medverkar til auka konkurranse og innovasjon på IKT-området gjennom å vareta rolla som nasjonalt kontaktpunkt for IKT-delen av EU programmet Competitiveness and Innovation (CIP). Gjennom denne rolla informerer Difi aktuelle søkjarar om programmet, om utlysningar, søknadsprosedyrar og krav til prosjekt.



---

Norsk deltaking i ISA er støtta opp om ved at Difi har delteke i desse arbeidsgruppene under programmet:

- Trusted information exchange
- Interoperability architecture
- Exchange of best practice
- ISA Coordination group

Ved behov blir også andre offentlege verksemder involverte i aktivitetar under ISA-programmet.

Difi har også delteke i arbeidet med å utarbeide nytt rammeverk for EUs eGovernment benchmark.

Delmålet er nådd.

#### **Styringsparametrar hovudmål 5:**

- **Talet på datasett frå statlege og kommunale verksemder som blir gjorde tilgjengeleg for vidaerebruk gjennom data.norge.no, og talet på kommunar og statlege verksemder som leverer datasett.**

Ved utgangen av 2012 var det tilgjengeleg 130 datasett frå 32 ulike etatar og kommunar frå data.norge.no. Det er tre gonger så mange datasett og dobbelt så mange organisasjonar som er registert samanlikna med 2011. Dette er ein konservativ måte å telje på og inkluderer både større og mindre datasett. Til dømes er Einingsregisteret frå Brønnøysundregistra talt som eit datasett. Det er mange organisasjonar/etatar som er iferd med å opne opp data, og vi forventar at mange av kjem i løpet av 2013. Det vil ta noko tid før vi ser den naudsynte kulturendringa som trengst før etatane sjølv aktivt opnar opp sine data.

- **Difi sine informasjonssider gjev oppdatert og kvalitetssikra informasjon og rettleiing om universell utforming av IKT. Alle førespurnader skal svarast på utan unødig opphald.**

Sjå samla rapportering under oppgåve nr. 3 under.

- **Vurdering av Difis innsats for å auke talet på norske søknader til CIP-ICT, medrekna grunngeving for valde mobiliseringsstrategiar og tiltak.**

Difi har i 2012 drive generell rettleiing om IKT-delen av CIP-programmet, halde føredrag, hatt møte med aktuelle søkjarmiljø og formidla partnersøk frå andre europeiske land. Hausten 2012 førebudde vi potensielle søkjarmiljø på 2013-utlysninga gjennom å skrive artiklar på Difi sine nettsider om sannsynlege tema for utlysninga, attåt å varsle potensielle norske søkjarmiljø om den føreståande utlysninga. Vi har også brukt LinkedIn og Twitter i arbeidet.

---

## **Oppgåver:**

### **1. Vere pådrivar for at statlege etatar og kommunar gjer sine data tilgjengelege i samsvar med sentrale retningslinjer.**

I mai 2012 lanserte Difi den fyrste versjonen av «Veileder i tilgjengeliggjøring av offentlige data», som vart teken svært godt imot. Gjeve at opne data-landskapet er i konstant endring, vart det lansert ein ny versjon alt i desember 2012.

Difi har arbeidd tett med Brønnøysundregistra med å opne opp delar av Einingsregisteret. Det er no tilgjengeleg på Difi sitt datahotell, og blir oppdatert fire gonger i veka. Dette medverka til at Noreg vart det fyrste Open Government Partnership-landet som opnar opp bedriftsdata.

Vi organiserte ein studietur til London om opne data i mai. Denne turen førte til at ei rekkje organisasjonar og politikarar frå Noreg fekk høyre suksesshistorier om opne data i England.

Gjennom året har Difi møtt ei rekkje etatar, og hatt presentasjonar på mange seminar. Vi sat også i sekretariatet for FADs «Retningslinjer ved tilgjengeliggjøring av offentlige data» og vi både deltok og bidrog i samrådsmøtet om vidarebruk av offentlege data i mai.

I desember 2012 arrangerte vi juridisk seminar om opne data med 112 deltakarar.

I slutten av 2012 har vi arbeidd med å klargjere apps4norge-konkurransen. Nærare om denne vil bli omtalt i årsrapport for 2013.

### **2. Drifte og vidareutvikle data.norge.no og datahotellet.**

Datahotellet vart i 2012 vidareutvikla og spissa mot publisering av større datasett i samband med at det vart brukt til å publisere einingsregisteret frå Brønnøysundregistra.

Data.norge.no har vorte oppgradert med ny utsjånad og funksjonalitet for å framheve rettleiaren og andre tiltak for å få fleire datasett registrerte.

Begge tenestene har hatt høg oppetid utan driftsavbrot eller andre hendingar

### **3. Vere eit kompetansesenter innanfor uu av IKT for statlege og kommunale verksemdar.**

Hovudtiltak i 2012:

- Etablering av ein universelt utforma nettstad for kompetansesenteret.
- Utarbeiding av relevant informasjons- og rettleiingsmateriell om universell utforming av IKT (web-løysingar) som skal presenterast på nettstaden.

---

Målgruppene er offentlege og private verksemdar som tilbyr webløysingar retta mot ålmenta inkludert leverandørar til desse, nærare bestemt:

- Eigarar/verksemdsleiarar
- IT-ansvarlege
- Utviklarar/designarar
- Nettredaktørar/webansvarlege

Arbeidet har teke utgangspunkt i Retningslinjer for tilgjengelig webinnhold (WCAG) 2.0 og andre alminneleg aksepterte retningslinjer og kriterium for tilgjengelege og brukarvenlege nettsider. Det langsiktige målet er at nettstaden skal bli ein verktøykasse og eit nyttig hjelpemiddel for alle som arbeider med å lage universelt utforma IKT-løysingar.

Lansering av ny uu nettstad var planlagt til desember 2012, men vart utsett til våren 2013. Bakgrunnen for dette er at forskrift om universell utforming av IKT vart sendt på høyring i november 2012. Den eksisterande wikien om universell utforming skulle brukast som informasjonskanal i høyringsperioden og blir erstatta av den nye nettstaden når høyringsperioden er over.

Oppgåvene er løyste delvis gjennom innleigd konsulentbistand, finansiert over eiga ramme og gjennom stimuleringsmidlar frå Regjeringas handlingsplan for universell utforming – Norge universelt utformet 2025.

Andre tiltak

- Oppretting av seksjon for universell utforming

Frå desember 2012 er ressursane som arbeider innanfor kompetansesenterfunksjonen samla i seksjon for universell utforming i avdeling for digital forvaltning. Ved å samle ressursane i éin seksjon blir kompetansesenterfunksjonen meir tydeleg både internt og eksternt, og det gjev eit godt grunnlag for å arbeide systematisk på området.

- Informasjon og rettleiing

Difi har forvalta nettsteden <http://universellutforming.difi.no/>, og svart på førespurnader som har kome inn på e-postadressa [uu@difi.no](mailto:uu@difi.no). Vi har i tillegg delteke med innlegg på konferansar der vi kan nå ut med informasjon om universell utforming til viktige målgrupper:

- Forum for store offentlege nettstader 20.3.2012 – Kva vil forskrift om universell utforming bety for oss.
- Fagkonferanse for K1-tiltaket i Regjeringas handlingsplan for universell utforming, Sarpsborg 17.4.2012 – Kan IKT utformast universelt
- Forum rettsinformatikk 10.5.2012 – Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova og utkast til forskrift om universell utforming av IKT
- Internasjonal konferanse om universell utforming, UD2012 11.6.2012 – Legislating universal design of ICT solutions in Norway: Conditions and benefits. Difi var også delaktig i å arrangere konferansen UD2012.

- 
- Vere til hjelp for FAD i førebuingane av og i høyringsprosessen for forskrift for universell utforming av IKT

Difi har bidrege med faglege innspel på førespurnad frå FAD. Seksjonen har også delteke i standardiseringsarbeid i regi av Standard Norge i komiteen SN/K 520 Universell utforming av IKT. Komiteen har utarbeidd standardar for universell utforming av nettsider, sjølvbetjeningsautomatar og elektroniske dokument.

## **Supplerande tildelingsbrev 2:**

### **1. Leggje til rette for bruk av samisk språk i det offentlege gjennom overgang til teiknsettstandarden UTF-8**

Det er gjennomført eit forprosjekt som gjennom intervju av utvalde verksemder, har sjekka status for bruken av UTF-8 i offentleg sektor og identifisert tiltak for å auke bruken. På dette grunnlaget er det vurdert moglege alternative prosjekt for tilrettelegging av ei kostnadseffektiv innføring av felles teiknsett. Tilnærming er valt og arbeidet har starta.

Hovudprosjektet gjennomfører pilotar for å hente inn røynsler som kan delast med andre. Difi er i dialog med sentrale registereigarar for å få opp testtenester med UTF-8 og samiske teikn. Kartverket har allereie dette på plass. Dialogen med einingsregisteret og Folkeregisteret går framleis føre seg. Det er kartlagt kva for nokre leverandørar som er sentrale i kommunesektoren, og Difi er i ferd med å gå i dialog med desse for å konvertere løysingane deira til felles teiknsett og utarbeide oppskrifter for kva kommunar må gjere for å handtere overgangen. Difi er i ferd med å gå i brei dialog med kommunane for å informere om kravet og leggje til rette for erfaringsutveksling mellom dei. I tillegg er det utarbeidd forslag til tekst om felles teiknsett som skal inngå i offentlege anskaffingar.

Dette prosjektet bidreg også til å leggje til rette for bruk av samiske språk på offentlege nettsider, jf. hovudmål 2, delmål 3..

### **2. Tiltak for personar med nedsett funksjonsevne**

Tildelinga baserte seg på framsett søknad frå Difi til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet til etablering av ein informasjons- og rettleiingsfunksjon på området universell utforming av IKT.

Hovudtataka som er gjennomførte basert på tildelinga, er etablering av ein universelt utforma nettstad og utarbeiding av relevant informasjon og rettleiingsmateriell om universell utforming av IKT (web-løysingar) presentert på ein universelt utforma nettstad, jf. omtale under oppgåve 3 over.

Eit sentralt delmål har vore å byggje kompetanse i faggruppa og i Difi om universell utforming av IKT og lære av prosessen og metodikken gjennom utviklinga av nettstaden.

---

Då nettstaden med informasjons- og rettleiingsmateriell om universell utforming av IKT, som det berande tiltaket knytt til søknaden, på noverande tidspunkt ikkje er lansert, er det vanskeleg å seie noko direkte om resultatane av gjennomførte tiltak.

### **3. DifiCamp 2012**

DifiCamp er eit samleomgrep for ei rekrutterings- og omdømmesatsing med utspring i IDU sin seksjon for systemutvikling. Målsetnaden er å promotere det interne systemutviklingsmiljøet med tanke på rekruttering, samstundes som ein informerer om Difi si rolle i offentleg tenesteutvikling for morgondagens it-konsulentar.

DifiCamp 2012 vart gjennomført i juni/juli i eit samarbeid mellom Difi, Helsedirektoratet og Pasientreiser ANS. dei 13 sommarstudentane utvikla ein prototype som illustrerte kor viktig det er å dele data internt i offentleg sektor når ein utviklar elektroniske løysingar.

Hovudoppgåva var å finne nye måtar å løyse refusjon av reiseutgifter for pasientreiser utan rekvisisjon, men DifiCamp leverte også forslag til fleire nye tenester innanfor området.

Resultatet av DifiCamp har vorte ein viktig ressurs som illustrasjonsprosjekt både i Difi og i Helsedirektoratet.

---

## 2.6 Hovudmål 6

### **Offentleg sektor skal gjennomføre samfunnsnyttige, kostnadseffektive og kvalitetsretta anskaffingar**

Hovudføremålet med gode innkjøp er å bidra til verdiskaping. Skal ein oppnå verdiskaping krev dette at verksemdene i offentleg sektor meistrar å se heilskapleg på innkjøpsarbeidet.

Utfordringa ligg i å endre innkjøpsfaget frå fragmenterte operative og strategiske innkjøpshandlingar til ei strategisk verdiskapande teneste for verksemda.

Anskaffingar blir framleis ikkje i tilstrekkeleg grad sett på som eit strategisk verktøy, og leiarforankringa av dette området er for svak. Det er viktig å adressere dette i det vidare arbeidet.

I ei undersøking PwC har gjennomført i samarbeid med Difi, er utviklingstrenden for anskaffingar i privat og i offentleg sektor frå 2011 til 2012 ei auka modning innanfor alle dimensjonar med unntak av leverandørutvikling.

Undersøkinga har desse fire hovudfunna når det gjeld utfordringsbiletet:

- Fragmentert tilnærming til innkjøpsarbeidet
- Planlegging av innkjøp og styring av risiko har lite oppmerksomd
- Elektroniske verktøy og standardiserte malar blir i liten grad utnytta
- Manglande systematisk kompetanseoppbygging

Vidare oppmerksomd på desse områda er ein føresetnad for å sikre verdiskaping, berekraftig innkjøpsarbeid og utsikter til å realisere utrekna innsparingar. Difi bruker resultata frå statusundersøkinga når vi planlegg vidare tiltak.

Dei viktigaste verkemidla for å nå hovudmålet har vore rettleiing av statlege verksemder gjennom Anskaffelser.no, svar på enkeltføresurnader, nettverksarbeid, seminar, kurs og konferansar, i tillegg til omfattande opplærings- og utviklingstiltak overfor store statlege verksemder.

Difi har utviklet eit breitt tilbod med rettleiingar og verktøy knytt til offentlege anskaffingar. Utfordringa er framleis å få offentlege verksemder til å ta dette i bruk og heile tida forbetre.

Anskaffingskonferansen vart også i år ein suksess med 600 deltakarar og svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

Dei oppdragsgjevande departementa er godt nøgd med det arbeidet Difi gjer på miljø- og samfunnsansvar, og på innovasjon. Arbeidet er godt integrert i

---

heilskapen i Difi, og vesentlege synergjar er etablerte i heilskapen av anskaffingsporteføljen i Difi.

Arbeidet med å få fleire offentlege verksemder til å ta i bruk elektronisk handel og få auka volum på e-handel er vorte vidareført i 2012. Ordrevoluma i 2012 er ikkje på det nivået ein ynskjer, men utviklinga i tal ordrar er svært positivt. Det er ein god vekst i distribusjon av elektronisk faktura. Satsinga på elektronisk fakturering har teke mykje ressursar hjå mange offentlege verksemder. Denne tilrettelegginga og merksemda på elektronisk fakturering er bra for e-handel i eit langsiktig perspektiv.

Samla sett har Difi oppnådd mykje på anskaffingsområdet. Det skjer vesentleg positiv utvikling i ynskt retning, men det bør nemnast at det framleis ligg store urealiserte vinstpotensial.

### **Delmål 1**

#### **Offentlege oppdragsgjevarar sin kompetanse og evne til å sikre effektive og kvalitetsretta anskaffingar er styrkt.**

Det viktigaste verkemidlet Difi har for å bidra til gode og effektive anskaffingar er fagleg godt rettleiingsmateriale, verktøy og beste praksis-døme. Det er vektlagt å tilby eit materiale som samlar og tek omsyn til alle dei faglege vurderingane og pålegga som er relevante for innkjøparar og leiarar, slik at verktøyet blir effektivt og pedagogisk. Hovudspreiingskanalen er [www.anskaffelser.no](http://www.anskaffelser.no). I 2012 vart det lansert ein ny og meir brukarvenleg versjon av portalen. I den samanhengen er innhaldet gjennomgått, omstrukturert og oppdatert. I tillegg blir nytt materiale lagt ut jamleg.

Difi har også gjennomført opplæring gjennom kursverksemd og statlege og regionale nettverk. Det er halde ei rekkje kurs, frukostmøte, seminar i Difis regi, og Difi har delteke i ei rekkje eksterne arrangement og nettverk både for innkjøparar, leiarar, leverandørar og premissgjevarar. Tema har vore samfunnsnyttig og effektiv behovsdekking der anskaffingsprosess, innovasjon, regelverk, miljø- og samfunnsansvar har vore inkorporert. I tillegg har det vorte gjennomført seminar for å heve kompetansen om endringar i regelverket om offentlege anskaffingar. Nytt i 2012 var også eit seminar om planlegging av anskaffingar. Seminaret fekk gode tilbakemeldingar. Den årlege anskaffingskonferansen og bygg- og anleggskonferansen vart arrangerte høvesvis 14. og 15.november. Det var stor oppslutning om konferansen og tilbakemeldingane frå deltakarane var svært gode.

Difi har også starta eit arbeid for å styrkje rettleiinga om evaluering av tilbod. Dette var også tema på den mest besøkte delsesjonen på den årlege anskaffingskonferansen. Malar for konkurransegrunnlag for dei mest vanlege vare- og tenestekjøpa er under utvikling. Det same gjeld rettleiar for helse- og sosialtenester. Verktøyet for tidleg å kunne vurdere konsekvensen ulike val i ein byggjeprosess får for driftsutgifter, er under revidering.

Tilbakemeldingar frå brukarar av portalen har vist at rettleiingstilbodet er nyttig. Brukarundersøkinga Difi gjennomførte i 2012 viser at brukarane

---

opplever rettleiingstilbodet som relevant og at Difi sine arrangement medverkar til auka kompetanse om offentlege anskaffingar.

Det er grunn til å tru at tenestene frå Difi som malar, kurs og rettleiing på portalen har gjort brukarane i betre stand til å gjennomføre samfunnsnyttige anskaffingar.

Delmålet er oppnådd.

## **Delmål 2**

### **Leiarar organiserer og styrer innkjøpsområdet på ein god og føremålstenleg måte.**

For å styrkje styringa og oppfølging av offentlege anskaffingar er det viktig at verksemdene lagar anskaffingsstrategi, og etablerer rutinar for oppfølging av anskaffingar. Difi har tidlegare laga rettleiarar for utarbeiding av strategi og internkontroll på innkjøpsområdet. Rettleiingssidene for styring og leiing av anskaffingar på anskaffelser.no er vidareutvikla og forenkla i 2012. I tillegg har det vore viktig å marknadsføre og gje opplæring i bruken av rettleiingstilbodet. Difi har difor gjennomført ei rekkje seminar om styring og leiing av offentlege anskaffingar, og tilbakemeldingane frå deltakarane har vore gode.

I tillegg har Difi hjelpt fleire statlege verksemder i arbeidet med anskaffingsstrategi og internkontroll, medrekna Direktoratet for økonomistyring, Olje- og energidirektoratet og Noregs vassdrags- og energidirektorat. Tilbakemeldinga er at verktøya blir opplevde som relevante og nyttige. Tiltak for innsamling av betre statistikk til styringsføremål er starta opp.

Aktivitetane har bidratt til å leggje betre til rette for god organisering og styring, men det er nødvendig med vidare innsats frå Difi og den enkelte verksemd.

Delmålet er delvis oppnådd.

## **Delmål 3**

### **Det offentlege tek i større grad ut effektiviseringspotensialet i offentlege anskaffingar.**

Difis arbeid med e-handel og utgreiing om samordning av anskaffingar er viktig for å få meir effektive anskaffingar. Difi har også ei rekkje malar og verktøy for å forenkla gjennomføringa av anskaffingar. I tillegg har Difi gjennomført ei kartlegging og ein analyse av arbeid knytt til effektivisering av anskaffingar. Det har blant anna vorte gjennomført intervju hjå ein del større verksemder for å kartlegge røynsler og suksesskriterium for effektivisering av anskaffingar. Røynslene er dokumenterte i ein intern rapport som skal brukast som «tiltakskatalog» for å spisse Difis arbeid framover med rettleiing og opplæring om korleis effektiviseringspotensialet kan takast ut ved planlegging, gjennomføring og oppfølging av anskaffingar, attåt ev. forslag til departementet om endringar i rammevilkår.



---

Enkeltverksemder har dokumentert uttak av effektiviseringspotensialet. Det ligg ikkje føre eit kvantitativt kunnskapsgrunnlag som gjer det mogleg å kvantifisere måloppnåinga samla, men som nemnt ovanfor er arbeidet med å etablere eit godt datagrunnlag i gang og det blir satsa på å få etablert eit referansepunkt i 2013

Delmålet er delvis oppnådd.

#### **Delmål 4**

##### **Det er auka utbreiing av elektroniske verktøy i anskaffingsprosessane.**

Difi har i 2012 arbeidd vidare med å få fleire offentlege verksemder til å ta i bruk elektronisk handel og få auka volum gjennom desse verktøya. Når det gjeld talet på offentlege verksemder som tek i bruk elektroniske verktøy og teiknar abonnement på Ehandelsplattformen, er talet og interessa større enn nokon gong. Majoriteten av dei nye abonnentane er komen inn som følgje av målretta arbeid frå Difi gjennom generelt marknadsføringsarbeid, og kommunikasjon, samarbeid og støtte til enkeltverksemder. Ein trend for dei nye e-handelsprosjekta er at dei no har svært god leiarforankring og at verksemdene i større grad er villige til å investere meir i prosjekta både finansielt i system og i form av avsette ressursar.

Tradisjonelt har e-handelsverktøy vore brukt på enklare bestillingar frå varekatalogar på område som har vore lite strategiske og der det har vore mange små enkeltordrar. Det som no er trenden, er at dei aller fleste nye prosjekta legg til rette for at e-handel skal brukast for alle typar kjøp for verksemda i løpet av prosjektperioden. Dette vil medføre at verksemdene vil hente ut alle vinstane av å bruke eit elektronisk bestillingssystem samstundes som det vil generere fleire ordrar og høgare ordrevolum over Ehandelsplattformen. Ordrevoluma i 2012 er ikkje på det nivået ein ynskjer, men utviklinga i talet på ordrar er svært positivt. Basert på den positive utviklinga i talet på verksemder som blir abonnentar og med meir offensive mål, bør ein sjå ein klar auke i omsetning om ikkje lang tid. Vi ser samstundes at det ofte kan gå opp mot eitt år frå avgjerd og avtale er inngått på e-handel, til ein er i stand til å byrje å sende ordrar.

I 2012 har satsinga på elektronisk fakturering teke mykje oppmerksomd hjå mange offentlege verksemder. Satsinga på elektronisk fakturering er bra for e-handel i eit langsiktig perspektiv. Forståinga av at fakturaavvik i stor grad kjem av dårlege bestillingar, vil auke og dermed også satsinga på e-handel. I eit kortsiktig perspektiv vil likevel tilrettelegging for og oppfølging av elektronisk fakturering føre til ein viss stagnasjon for e-handel. Dette fordi dei offentlege verksemdene har avgrensa ressursar og kompetanse og det i stor grad vil vere dei same personane som arbeider med begge områda. Difi har motteke mange tilbakemeldingar om at dette har vore gjeldande i 2012.

Difi har i 2012 gjennomført fleire opplæringsdagar i bruk prosjektmetodikken på Prosjektveiviseren.no. Denne metodikken er eit fundament i all opplæring og marknadskontakt Difi gjennomfører på e-handelsområdet. Direktoratet for økonomistyring (DFØ) bruker også denne prosjektmetodikken i prosjekta sine.

---


Det same gjeld private leverandørar av innkjøpssystem som er integrerte mot Ehandelsplattformen (Visma og Agresso). Prosjektveiviseren vart lansert i ein ny versjon i desember 2012 med revidert innhald.

Delmålet er oppnådd, men potensialet for vidare auke er framleis stor.

### **Delmål 5**

#### **Offentleg sektor mottak i større grad fakturaer elektronisk på standardformat.**

I Noreg er PEPPOL infrastruktur, avtaleverk og standardformat lagde til grunn for nasjonal satsing på elektronisk faktura. Dette gjev ei innovativ løysing som er betre og rimelegare både for næringsliv og offentlig sektor. Per nyttår har 30 private verksemdar etablert seg som aksesspunkt i Noreg i samsvar med spesifikasjonane frå PEPPOL-prosjektet. Her finn vi blant anna bankane og ei rekkje andre store og små teneste- og løysingsleverandørar til privat og offentlig sektor. Dette representerer eit gjennombrøt i marknaden for elektronisk fakturering i Noreg. Samstundes er det tilrettelagt for enkle SMB-venlege løysingar. Dette har ført til at det er ein god vekst i distribusjon av elektronisk faktura.



Delmålet er nådd.

### **Styringsparametrar hovudmål 6:**

- **Omfang, kvalitet og brukertilfredsheit av opplæring og rettleiingstilbodet.**

I samband med lansering av ny portal vart det lagt stor vekt på å forenkle og gjere tilbodet meir brukarvenleg. I tillegg til jamne evalueringar av kurs og seminar, har Difi gjennomført ei brukarundersøking om rettleiingstilbodet på anskaffelser.no. Hovudintrykket frå undersøkinga er at brukarane opplever rettleiingstilbodet frå Difi som fagleg godt og nyttig. Dei fleste brukarane opplever også at arrangementa gjev auka kompetanse, større nettverk og inspirerer til eige arbeid.

---

- **Talet på offentlege verksemder som tek i bruk Ehandelsplattformen.**

- Verksemder som har signert avtale per 31.12.2012: 200
- Verksemder som er i produksjon per 31.12.2012: 136
- Tilsvarende ein auke på høvesvis 48 nye signeringar og 45 nye i produksjon i 2012.

- **Omsetning på Ehandelsplattformen, målt i ordreverdi i kroner.**

- Samla ordreverdi i kroner i 2012: NOK 5,89 milliardar
- Auke i omsett ordreverdi i 2012: MNOK 438 (8,0 %)
- Talet på ordrar i 2012: 514 635
- Auke i talet på ordrar i 2012: 73 259 (16,6 %)

- **Talet på statlege verksemder som kan ta imot EHF-format.**

Talet på statlege verksemder: 470 ved nyttår. Det er berre tre kjende som ikkje kan ta mot, Jernbaneverket, Forsvarsbygg og Forsvaret.

- **Talet på godkjende aksesspunkt i drift.**

Det er 30 godkjende aksesspunkt pr. 1. januar 2013. Tre av aksesspunktene har ikkje hatt trafikk endå.

- **Talet på registrerte verksemder i ELMA (elektronisk mottakaradresseregister).**

Per 1 januar 2013 var det 2005 registrerte verksemder i ELMA og 33 % av desse er offentlege verksemder.

- **Talet på fakturaer sendt i PEPPOL-infrastruktur.**

I 2012 vart det distribuert 104 131 faktura og kreditnota i PEPPOL infrastruktur.

### **Oppgåver:**

1. **Leie og slutføre PEPPOL-prosjektet som legg til rette for offentlege anskaffingar på tvers av landegrensar i tråd med avtale med EU. Difi skal syte for at deltakinga i programmet og vidareføring av arbeid på området får synergjar til det andre arbeidet ved Difi.**

PEPPOL-prosjektet vart avslutta ved utgangen av august 2012.

Tilbakemeldingane frå kommisjonen på både leing og gjennomføring av prosjektet har vore svært positive, og alle leveransar i frå prosjektet vart godkjende. Formell administrativ avslutning og utbetaling av sluttoppgjær er forventa gjennomført i fyrste kvartal 2013. Eit 50-tals pilotprosjekt vart gjennomført, og både private og offentlege verksemder i og utanfor landa som deltek i konsortiet, har teke prosjektleveransar i bruk.

Ei av hovudutfordringane for PEPPOL har vore å sikre at dei enkelte deltakerlandene, og EU sjølv bidreg til å sikre varig drift og styring/oppfølging av prosjektleveransane. Mykje av dette fall på plass i 2012 gjennom avgjerder i EU om framleis prosjektfinansiering for vidareutvikling av PEPPOL-løysingar som del av CIP (Competitiveness and Innovation Programme) ICTPSP (ICT Policy Support Programme), Pilot A prosjekt om "Basic Cross Sector Services"

---

(BCSS) der Difi og ei rekkje tidlegare PEPPOL-medlemer er med i konsortiet Kommisjonen sluttforhandlar med. Vidare har DG DIGIT med finansiering gjennom ISA (Interoperability Solutions for European Public Administrations programme) gått aktivt inn i forvaltninga av sentrale komponentar i PEPPOL-infrastrukturen. Sist, men ikkje minst, vart OpenPEPPOL AISBL etablert som ein medlemsbasert non-profit organisasjon for overordna styring av PEPPOL-infrastrukturen og varetaking av forplikingane som følgjer av det juridiske rammeverket for infrastrukturen med verknad frå 1. september 2012. Difi vart teke leinga av OpenPEPPOL AISBL gjennom rolla som generalsekretær.

Noreg:

Deltakinga i dei ulike delprosjekta vart i all hovudsak gjennomført som planlagd. Meir enn 100.000 elektroniske fakturaer vart i 2012 distribuerte gjennom dei nye aksesspunkta. Dei fleste av transaksjonane er gjennomførte mellom norske kundar og deira leverandørar, men det er også gjennomført ei rekkje grensekryssande transaksjonar. I tillegg har fleire skandinaviske og europeiske tenesteleverandørar etablert aksesspunkt i Noreg for å kunne ta del i ein marknad som er veksande, etter pålegget om elektronisk fakturering til statlege verksemdar vart sett i kraft 1.7.2012.

Utfordringane framover er å auke bruken av den PEPPOL-baserte norske infrastrukturen for elektronisk fakturering endå meir og å opne infrastrukturen også for andre handelsprosessar. Den norske PEPPOL-deltakinga har alt gjeve monalege synergieffektar med nasjonalt arbeid. Aktiv deltaking i e-SENS konsortiet (BCSS) og framleis leing av OpenPEPPOL er forventa å styrkje dette endå meir.

## **2. Betre datagrunnlaget om offentlege anskaffingar og syte for at det ligg føre statistikk om offentlege innkjøp som skal brukast i rapporteringa i samsvar med dei internasjonale krava som følgjer av WTO/GPA og EØS-avtalen.**

Krav til datafangst knytt til kunngjeringsar er etablert i kravspesifikasjon for drift av Doffin og vil bli innhenta og gjort tilgjengeleg i samband med etableringa av ny avtale for drift av Doffin. Krav til statistikkrapportering som følgjer av WTO/GPA og EØS-avtalen som krev data som ikkje kan hentast inn gjennom Doffin, er planlagd henta inn gjennom data frå rekneskapssystema til verksemdene (leverandørreskontro). Bruk av leverandørreskontro til betre statistikk for og styring av statlege anskaffingar er utgreidd av Oslo Economics og implementeringsforslag oversendt departementet til drøfting.

## **3. Utarbeide rettleiar i anskaffing av helse- og sosialtenester.**

Å ferdigstille rettleiaren vart, etter avtale med departementet, utsett til våren 2013.

## **4. Halde fram prosessen med anskaffing av ny kunngjeringsdatabase (Doffin) med forventa oppstart av ny teneste innan 01.01.2013.**

Påbyrja konkurranse vart kansellert då Difi identifiserte at begge tilboda som var innleverte, måtte avvisast. Vi inviterte til forhandlingar i samsvar med FOA § 14-4. Saka er påklaga av ein av tilbydarane, dommen i Difis favør vart gjeven

---

16. januar 2013, men er ennå ikkje rettskraftig. Planlagt ny dato for oppstart av drift knytt til ny operatørvtale om drift av Doffin, er sett til 1. januar 2014.

**5. Ved behov, hjelpe FAD i vurdering av samordning av offentlege anskaffingar.**

Difi har leidd sekretariatet som utgreidde samordning av offentlege anskaffingar og aktivt teke del i utvalet. Difi har også leidd arbeidet med ekstern delutgreiing frå Oslo Economics.

**6. Forvalte godkjenning av aksesspunkt fram til 1. august 2012, og førebu varig løysing for godkjenning av aksesspunkt.**

Difi har forvalta oppgåva si som Regional styresmakt i 2012 og godkjent 26 aksesspunkt. Det er berre gjeve ei åtvaring til eit aksesspunkt i 2012.

**7. Vere til hjelp i utvikling av ELMA, og overføring frå mellombels register til ELMA.**

Det er utarbeidd ein kravspesifikasjon for ny ELMA i 2012. Realiseringa av ein ny ELMA vart ikkje gjennomført då det var behov for vidare utgreiing. Difi forlenga avtalen med Alfa1lab på dagens løysing.

**8. Føre oversikt og gjere private webfakturaportalar som leverer EHF-webfaktura i PEPPOL-infrastruktur tilgjengelege i tråd med generelle krav.**

Ved nyttår var det 31 nettfakturaportalar som bruker PEPPOL infrastruktur, desse er lista opp her: <http://www.anskaffelser.no/e-handel/artikler/web-faktura-leverandorer>

**9. Forvalte EHF- standarden i Noreg og følgje opp arbeid med open kjeldekode for aksesspunkt.**

Difi har følgt opp kvaliteten på standardformatet og arbeid for betring av han. Ved oppstarten 1. juli 2012 var det eit høgt tal feil i EHF-faktura og -kreditnota. Difi har arbeidd med å forbetre skildringane til EHF-dokumenta og dette har redusert til ein mykje høgare kvalitet i EHF-filene ved årsskiftet.

**Supplerande tildelingsbrev 1:**

**1. Innføring av elektronisk faktura i offentlig sektor – gjennomføring av konferanse.**

Difi gjennomførte elektronisk fakturakonferansen 12. april 2012 med nesten 600 deltakarar.

**Supplerande tildelingsbrev 4:**

**1. Utgreiing- samordning av statlege innkjøp**

Difi har på oppdrag frå FAD gjennomført ei ekstern utgreiing i samband med arbeidet til den interdepartementale arbeidsgruppa som utgreier moglege former for samordning av statlege innkjøp. Utgreiinga galdt ei samanstilling av røynsler med samordning av statleg innkjøp i Noreg og Norden. Oppdraget vart tildelt Oslo Economics etter konkurranse.

---

Difi er gjeve ansvaret for å utføre utbetalingar i samband med utgreiinga og føre rekneskap over bruken av midlane. Departementet ber om at Difi rapporterer om bruken av midlane i si ordinære rapportering til departementet.

Oppdraget er kommentert under oppgåve 5 over.

## **Omtale av oppdrag som blir finansiert over budsjett i andre departement**

### **Miljøverndepartementet**

Regjeringa la i juni 2007 fram ein handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar, med konkrete tiltak for å fremje etterspørsel etter miljøvenlege varer og tenester som er tilverka med høge etiske og sosiale standardar.

Regjeringa vil generelt

- styrkje kunnskapen om miljø- og klimavenleg forbruk
- at offentlig sektor opptrer som ein ansvarleg forbrukar som kjøper miljøvenlege varer og tenester
- leggje til rette for at kommunar og offentlege institusjonar i større grad kan samordne innkjøpa sine.

Det er eit mål at miljøbelastninga knytt til offentlege anskaffingar skal minimerast. Miljøomsyn i offentlig sektor skal medverke til ein effektiv offentlig sektor og eit konkurransedyktig næringsliv.

Difi er for 2012 gjeve belastningsfullmakter frå Miljøverndepartementet på til saman 19,5 millionar kroner.

Difi si verksemd innanfor resultatområdet til Miljøverndepartementet er i 2012 prega av vesentlege leveransar på prioriterte område. Her medrekna blant anna rettleiingsmateriell innanfor innovasjon/miljøteknologi og miljøvenleg leige av eigedom og av slutføring av prosjekt klimanøytral stat.

Difi slutførte utviklinga av det Altinn-baserte rapporteringssystemet for statleg miljøleieing (MiljøRapp). MiljøRapp vart teke i bruk av Olje- og energisektoren. MD har no tilrådd bruk av MiljøRapp for alle sektorane som rapportering for 2012. Difi har følgd opp med informasjon (møte og på nettet) for departement og underliggjande etatar.

Det er gjennomført ei stor mengd kurs, seminar og konferansar.

Difi arbeider med anskaffingsregelverk, verktøy, anskaffingsfaget generelt og også innanfor spesifikke område som sosialt ansvar (inkludert etisk handel), innovasjon og leverandørutvikling. I tillegg har vi ei satsing på bruk av IKT i anskaffingar, som er ein ressurseffektiv og miljømessig god måte å utføre anskaffingsprosessar på. Dette legg godt til rette for synergjar både på kapasitet og resultat.

Samla sett vurderer Difi at vi leverer gode resultat på måla som er sette av Miljøverndepartementet for verksemda i 2012.

---

### **Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet**

Regjeringa ynskjer å vidareføre arbeidet som er sett i gang for at det offentlege, gjennom sine innkjøp, skal medverke til etisk forsvarleg produksjon, handel og forbruk. Målet er at sosiale og etiske omsyn blir ein naturleg og integrert del av offentlege anskaffingar. Departementet ser det som fordelaktig at aktivitetane blir sedde i samanheng med støttefunksjonane elles for offentlege innkjøparar, og det operative ansvaret for arbeidet er difor lagt til Difi.

Difi er gjeve i fullmakt å belaste statsbudsjettets kapittel 0865 post 21 med inntil 1 million kroner i 2012.

Tiltaket er organisert som eit prosjekt i avdeling for offentlege anskaffingar. Difi si verksemd innanfor området i 2012 er prega av desse resultatata:

- Nye juridiske tolkingar som forenkler og effektiviserer det å etterspørje og etterprøve sosialt ansvarleg produksjon.
- Oppdatering av verktøy og rettleiing
- Integrering av sosialt ansvar på Anskaffelser.no
- Internasjonalt og nasjonalt samarbeid med partnerar som IEH og HSØ.
- Profilerings av Difis tilbod og kompetanse
- Spreiingstiltak som kurs, seminar og frukostseminar.
- Ad-hoc rettleiing/bistand

Samla sett vurderer Difi at vi leverer gode resultat på måla som er sette for verksemda i 2012 jf. tildelingsbrev av februar 2012.

### **Nærings- og handelsdepartementet**

I St. meld. nr. 7 (2008-2009) *Et nyskapende og bærekraftig Norge* og St. meld. nr. 36 (2008-2009) *Det gode innkjøp* blir det peika på at offentlege anskaffingar kan fremje innovasjon i næringslivet og at regjeringa ynskjer å fremje innovasjon gjennom offentlege anskaffingar. Det blir vidare peika på at auka kompetanse hjå offentlege innkjøparar om korleis offentlege anskaffingar kan gjennomførast innovasjonsfremjande, truleg er naudsynt for å oppnå målet.

Tildelinga frå Nærings- og handelsdepartementet skal bidra til at Difi vektlegg innovasjonseffekten av offentlege anskaffingar på lik linje med andre omsyn.

Nærings- og handelsdepartementet har i belastningsfullmakt tildelt Difi 1 million kroner til føremålet.

Difi har i 2012 gjennomført:

- Innovasjonssidene på anskaffelser.no vart ferdigstilt og lansert i juni.
- Steg-for-steg-rettleiaren byggjer på metodearbeidet som er gjennomført i leverandørutviklingsprogrammet. Rettleiaren er bygd ut på punktet metodikk i gjennomføringsfasen.
- Den strategiske planen for spreingsaktivitetar, som vart laga saman med Leverandørutviklingsprogrammet hausten 2011, er følgt.
- Kurstilbodet frå Difi har vorte justert basert på tilbakemeldingar frå kurs-deltakarane

- 
- Samarbeidet med Nasjonalt program for leverandørutvikling er utvida ytterlegare samanlikna med 2011.
  - Difi deltek i nasjonalt råd for miljøteknologi.
  - Difi deltek i eit EU-støtta prosjekt, InnoBuild, som er leidd av Lyngdal kommune.
  - Difi er også engasjert i arbeidet i Nordisk Ministerråd på helse- og miljørada. Vårt bidrag til arbeidet består stort sett av å vere fagleg rådgjevar og sparringspartnar.
  - I 2012 har vi delteke på ulike konferansar i EU-samanheng. Vi har prioritert å delta på arrangement som behandlar utviklinga av politikk og verkemiddel for PCP og PPI, og som har hatt erfaringsutveksling på tvers av land.

Av kvantitative indikatorar har vi tal frå Modenhetsanalysen som blir gjennomført årleg av PwC på oppdrag frå Difi. Han viser at det er skjedd ein auke i delen offentlege verksemdar som har mål om innovasjon i sine anskaffingsstrategiar frå 5 % i 2011 til 16 % i 2012. Undersøkinga blir gjennomført i oktober kvart år. Vår vurdering er at denne auken gjev eit klart bilete av at det i løpet av året er skapt større merksemd om innovasjon, noko som er ein føresetnad for å skape konkrete effektar.

Samla sett vurderer Difi at vi leverer gode resultat på måla som er sette av Nærings- og handelsdepartementet for verksemda i 2012.

### **Statens landbruksforvaltning**

Det er inngått ein samarbeidsavtale mellom Difi og Statens landbruksforvaltning (SLF). Som rammevilkår for arbeidet er regjeringa sine handlingsplanar lagde til grunn:

- Miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar
- Økonomisk, agronomisk – økologisk!

Det overordna målet har vore kompetanseheving og forankringsarbeid knytt til økologisk mat. Difi har avklart at det er juridisk mogleg å stille krav om økologisk mat, jf. Lov om offentlege anskaffelser som set krav til at statlege, kommunale og fylkeskommunale styresmakter og offentleg rettslege organ skal ta omsyn til miljøkonsekvensar av anskaffingar. Ved å etterspørje økologisk mat etterlever offentlege innkjøparar lovkrava.

Prosjektet har utvikla krav og kriterium for miljøvenlege og sosialt ansvarlege anskaffingar av mat og serveringstenester i offentleg sektor, og ein bakgrunnsrapport med ein gjennomgang av grunngjevingar for å kunne velje økologisk mat.

I prosjektet har det vore jamleg kontakt med styresmakter, innkjøpsansvarlege og marknadsaktørar. Hausten 2012 har vore formidlingsfasen i prosjektet, og saman med ØQ og Nofima har Difi gjennomført eit seminaropplegg i samarbeid med fylkesmannsembeta. Målgruppa var innkjøparar i statlege, kommunale og fylkeskommunale verksemdar, og kjøkensjefar og kantineleiarar. Somme stader var også rådmenn og politikarar til stades. I



---

tillegg har Difi halde seminar i eigen regi og har delteke med føredrag på møte/konferansar.

Til arbeidet tilfører SLF Difi 1,6 millionar kroner i 2012. Røynsler frå prosjektet og aktuelle rettleiarar er publiserte på [www.anskaffelser.no](http://www.anskaffelser.no). Prosjektet vart avslutta ved utgangen av 2012.

---

## 3 Administrative føringar og organisasjon

Difi sin strategi for 2012-2015 gjev retning for arbeidet fram mot 2015. Difi gjennomførte ein intern OU-prosess i løpet av fyrste halvår 2012 der strategien var førande for korleis Difi skulle organiserast. Prosessen vart gjennomført med brei medverknad frå dei tilsette og tenestemannsorganisasjonane. Som resultat av OU-prosessen vart Difi organisert i fem avdelingar. Tre avdelingar med basis i innsatsområda i strategien; Digital forvaltning, Offentlege anskaffingar og Leing og organisering. I tillegg kjem avdeling for IT drift og utvikling og ei administrasjonsavdeling.

Dette inneber færre og større avdelingar enn tidlegare, og det vart difor naudsynt å styrkje mellomleinga i Difi gjennom seksjonsinndeling i avdelingane. Gjennom dette vil ein sikre betre fagleg oppfølging, prioritering og styring. Tre av avdelingane har tilsette både i Leikanger og Oslo. Det vart oppretta to stabseiningar: Kommunikasjonseininga og Kurs- og konferanseininga, og det er tilsett ein kommunikasjonsdirektør.

I samband med den interne OU-prosessen vart det innført ein mellombels stillingsstopp tidleg i 2012 for å sikre prioritering av kompetansebehov i tråd med strategien og ny organisering. Unnateke frå stillingsstoppen var gjentilsetjing av kritisk kompetanse. Dette var ei av årsakene til at vi ved utgangen av 2012 hadde 221 tilsette, dvs. ein nedgang frå 2011 med sju tilsette, eller -3 %. Nedgangen har vore størst i Leikanger med 11 %, medan bemanninga i Oslo har auka med 2 %. I tillegg kjem at turnover auka frå 11,3 % i 2011 til 17,1 % i 2012. Tilsetjingar som vart gjennomførte i slutten av året medfører difor at alt i løpet av januar/februar 2013 vil bemanninga auke med 17 tilsette, 10 av desse i Leikanger.

Samla administrative kostnader er redusert frå 57,8 millionar kroner i 2011 til 53,4 millionar kroner i 2012. Endringane kjem i hovudsak av lågare kostnader til maskiner, inventar og telefoni. Vi viser elles til forklaringar til statsrekneskapet, vedlegg 7.

I desember 2012 vart det gjennomført ei medarbeidarundersøking i Difi. Resultata vil bli presenterte og følgde opp tidleg i 2013.

### 3.1 Fellesføringar

#### 3.1.1 Prioritering av økt rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne i arbeidet med inkluderande arbeidsliv

Difi sin personalpolitikk legg vekt på mangfald ved å ha eit inkluderande arbeidsmiljø, stimulerande og utfordrande arbeidsoppgåver og konkurransedyktige vilkår. Vi legg til rette for å tilsetje personar med redusert funksjonsevne gjennom tilkomst, tilrettelegging av arbeidsplassen og opning for å arbeide heime. Vi er tydelege på dette når vi lyser ut ledige stillingar, og alle stillingane blir lyste ut gjennom Jobbressurs.no, som er ein jobbportal for personar med nedsett funksjonsevne. Rekrutteringsverktøyet legg til rette for tydeleg markering av nedsett funksjonsevne, og det blir følgt opp systematisk at

---

minst éin kvalifisert søkjar i denne kategorien blir kalla inn til intervju. Vi har tilsett éin person i 2012 som har nedsett funksjonsevne. Dette er i tråd med målsetnaden.

### 3.1.2 Auke av talet på lærlingar i statsforvaltning

Difi hadde som mål å ta inn to lærlingar i 2012 – ein innanfor kontor- og administrasjonsfaget og ein innanfor IKT-servicefaget. Vi har fått på plass ein lærling innanfor IKT – for perioden august 2012-august 2014 – han er knytt til Avdeling for IT drift og utvikling med arbeidsstad i Leikanger.

### 3.1.3 Vidarebruk av offentleg data

I 2012 publiserte Difi 14 datasett:

- Innbyggjarundersøkinga: 2 datasett
- Flyreiseaktivitet i staten: 1 datasett
- Datasett over offentlege verksemder: kontaktinformasjon, kartkoordinatar, kvalitetsvurderingar m. m.:11 datasett

#### **Innbyggjarundersøkinga:**

Del 1 dreier seg om innbyggjarane sitt generelle syn på dei største offentlege tenestene, velferdsstaten, demokrati og å bu i Noreg. Undersøkinga skal gje betre innsikt i innbyggjarane sine oppfatningar og røynsler på tenesteområde som oppvekst, utdanning, helse, sikkerheit, økonomi, samferdsel og kultur. Innbyggjarundersøkinga har 412 variablar.

#### **Flyreiseaktivitet i staten:**

Samanstilt data over flyreisene til dei statstilsette.

#### **Datasett over offentlege verksemder**

##### **– kontaktinformasjon, kartkoordinatar, kvalitetsvurderingar m. m:**

Dette datasettet frå Norge.no inneheld ei oversikt over offentlege verksemder, det vil seie statlege etatar og verksemder sine sentrale, regionale og lokale einingar, fylkeskommunar og kommunar.

### 3.1.4 Utvikling i geografisk fordeling av statlege arbeidsplassar

Difi er lokalisert i Leikanger og Oslo. Bemanninga ved Difi har auka med 122 medarbeidarar i løpet av dei fem fyrste driftsåra. Tabellen nedanfor viser utviklinga i talet på arbeidsplassar frå etableringa av Difi i 2008 og til utgangen av 2012:

| År       | Leikanger | Oslo | Endring i Leikanger | Endring i Oslo | Tilsette i alt |
|----------|-----------|------|---------------------|----------------|----------------|
| Oppstart | 34        | 65   |                     |                | 99             |
| 31.12.08 | 32        | 91   | -2                  | +26            | 123            |
| 31.12.09 | 63        | 121  | +31                 | +30            | 184            |
| 31.12.10 | 78        | 142  | +15                 | +21            | 228            |
| 31.12.11 | 86        | 142  | +8                  | 0              | 228            |
| 31.12.12 | 76        | 145  | -10                 | +3             | 221            |

---

Vi viser elles til omtale i innleiinga til kap. 3 ovanfor.

## **3.2 Styringskrav**

### **3.2.1 Likestilling**

I Difi var det pr 01.11.2012 53 % kvinner og 47 % menn. Dette er ein nedgang i kvinnedelen frå 2011, der det var 54 % kvinner. På leiarnivået assisterande direktør, avdelingsdirektør og fagdirektør har vi hatt ein reduksjon frå 45 % til 38 % kvinnedel, medan vi i stillingsgruppa underdirektør, seksjonssjef og arkivleiar har auka kvinnedelen frå 56 % til 60 %. For leiarstillingar med personalansvar var fordelinga 44 % kvinner og 56% menn.

Talet på deltidstilsette har auka for både kvinner og menn, frå høvesvis 11 % til 19 % for kvinner og 6 % til 9 % for menn.

Delen menn som tek ut foreldrepermisjon har auka frå 39 % til 48 %. Totalt sett var det mindre uttak av foreldrepermisjon i 2012 enn året før. Det legemelde fråveret er vesentleg høgare for kvinner (6,1 %) enn menn (2,2 %). Menn er samla sett noko høgare løna enn kvinner (92 % ift. menn). Skilnaden har vorte to prosentpoeng mindre enn i 2011. Det er noko variasjon avhengig av stillingskategori. Det er grunn til å tru at det også er andre forklaringsvariablar enn kjønn.

Vi viser elles til vedlegg 8.

### **Vurdering av likestillingssituasjonen på bakgrunn av etnisitet, religion og funksjonsnedsetjing**

Difi har om lag 8 % tilsette med innvandrarbakgrunn. Vi registrerer ikkje spesifikt på etnisitet.

Difi har ingen oversikt over religiøs tilhøyrslø og livssyn hjå dei tilsette.

Difi har ingen tal på tilsette med nedsett funksjonsevne.

### **Gjennomførte tiltak**

Difis personalpolitikk legg vekt på mangfald, bl.a. ved å ha eit inkluderande arbeidsmiljø, stimulerande arbeidsoppgåver og konkurransedyktige vilkår. Det blir lagt vekt på å rekruttere og halde på personar med annan etnisk bakgrunn og personar med redusert funksjonsevne som ein del av mangfaldet. Dette blir også spegla i rekrutteringsprosessen.

### **Rekruttering**

Personar med annan etnisk bakgrunn blir i stillingsannonsane våre oppmoda om å søkje. Søknadssystemet vårt (EasyCruit) gjev søkjarane høve til å krysse av for annan etnisk bakgrunn. Ved tilsetjingar der det er kvalifiserte søkjarar med annan etnisk bakgrunn, skal minst éin av desse kallast inn til intervju, også sjølv om dei ikkje er blant dei best kvalifiserte på bakgrunn av innsendt informasjon.

Personar med nedsett funksjonsevne blir i stillingsannonsane våre oppmoda om å søkje. Søknadssystemet vårt (EasyCruit) gjev søkjarane høve til å krysse av for funksjonshemming, slik at vi kan få oversikt over dette. Ved tilsetjingar der det er kvalifiserte søkjarar med nedsett funksjonsevne, skal alle kallast inn til intervju, også sjølv om dei ikkje er blant dei best kvalifiserte på bakgrunn av

---

innsendt informasjon. Éin søkjar til stillingar i Difi har i 2012 oppgjeve at vedkomande har nedsett funksjonsevne.

For å prøve å tiltrekkje oss personar med innvandrarbakgrunn og med redusert funksjonsevne annonserer vi også på nettstadene jobbressurs.no og inkludi.no

### **Utjamne lønsskilnader**

Det vart gjennomført lokale 2.3.3-forhandlingar i Difi hausten 2012. I desse forhandlingane vart det lagt vekt på prinsippet om likeløn.

### **Livsfasepolitikk/sjukefråvere**

Livsfasespørsmål, karriereutvikling og meistring i arbeidet er forslag til tema for medarbeidersamtalen, uavhengig av om medarbeidar er over/under 60 år. Det er eit håp at dette også kan hjelpe noko på sjukefråveret. Difi er IA-verksemd, og driv tett og aktiv oppfølging av sjukmelde.

Eit tiltak for å behalde seniorar lengre i arbeid er at Difi legg til rette for endring av arbeidsoppgåver og ansvar/overgang til anna stilling der det er ynskjeleg med mindre krevjande oppgåver frå fylte 60 år. Difi gjev tilbod om pensjonistkurs og individuell utrekning av pensjon frå fylte 60 år.

I Difi er det inngått avtale om uttak av ”seniordagar” – slik at alle tilsette har, frå det kalenderåret dei fyller 62, krav på seks dagar tenestefri med løn i tillegg til dei åtte dagane som er avtalefeste i HTA § 5.9.1.

### **3.2.2 IKT sikkerheit**

Difi har oversikt over informasjonssystema sine som står opp om oppgåver og måloppnåing i verksemda. For kvart system er det utnemnt ein systemeigar. Verdivurdering og klassifisering av data i systema vart gjort av systemeigarar, ved hjelp av metodikk, hjelpeskjema og fagleg bistand frå sikkerheitsorganisasjonen. Data vart vurdert ut i frå konsekvens av brot på sikkerheitsmåla (konfidensialitet, integritet og tilgjenge), type informasjon som blir behandla og systemavhengnader. Val av klassane er basert på KOBİ-rapporten (Hovudrapport KOBİ «Klassifisering og beskyttelse av informasjon» versjon 1.1).

Oversikt over verdivurderingane er forvalta av avdeling for IKT drift og utvikling. For nye system blir systemeigarar kontakta for å gjennomføre verdivurdering. For dei eksisterande systema er det eigarane sitt ansvar å oppdatere verdivurdering ved endringar.

I samband med oppdrag frå FAD om å nominere eventuelle skjermingsverdige objekt i verksemda, vart det gjennomført eit arbeid med skadevurdering av blant anna informasjonssystema i Difi etter rettleiinga i objektsikkerheit frå NSM.

### **3.2.3 Evalueringar**

#### **1. Brukarundersøking av tenestetilbod på anskaffingsområdet.**

Difi gjennomførte hausten 2012 ei brukarundersøking om Difi sitt tenestetilbod på anskaffingsområdet. Undersøkinga vart send til 1071 personar, og 335 av

---

desse svarte. Undersøkinga vart send til dei som faktisk hadde vore i kontakt med tenestetilbodet frå Difi, slik at brukarane si oppleving av kvalitet på området vart evaluert.

Tenestene som vart evaluerte, var portalen anskaffelser.no, Statens standardavtalar (SSA), generelle konkurransemalar og rettleiarar, attåt våre arrangement som kurs, konferansar og seminar. Hovudintrykket frå undersøkinga er at brukarane opplever rettleiingstilbodet frå Difi som fagleg tillitvekkjande og relevant for deira konkrete utfordringar på anskaffingsområdet. Resultata frå brukarundersøkinga viser også at noko av rettleiingsmateriellet kan gjerast betre kjent.

Når det gjeld arrangementa våre gav brukarane uttrykk for at dei opplever at dei gjev auka kompetanse. Dei legg også vekt på at arrangementa gjev dei større nettverk og inspirerer til eige arbeid. Funna blir også støtta av dei jamlege evalueringane vi gjer av våre kurs, seminar og konferansar.

## **2. Statusundersøking for knutepunkta for miljø i offentlege anskaffingar**

Alle knutepunkta for miljø i offentlege anskaffingar i både pulje 1 og 2 har gjennomført ei spørjegransking om miljøkrav i offentlege anskaffingar i 2010 og 2011 (pulje 1) og 2012 (pulje 2). Denne undersøkinga var meint å gje eit nullpunktsbilete og ein høve til å spore endring. Det er ei viss uvisse knytt til datasettet, spesielt med tanke på samanlikningsgrunnlaget mellom fylka. Det er ikkje sikkert at det er same målgruppe som er treft i dei ulike fylka, og det er visse ulikskapar i svarprosent.

Frå 2010 til 2012 er det ein liten auke i delen som har ein anskaffingsstrategi der miljø er inkludert. 6,2 % fleire seier at dei tek miljøomsyn ved innkjøp ”ofte” eller ”nesten alltid”. Under 5 % oppgjev at dei sjeldan eller aldri tek miljøomsyn. Det er ein auka bruk av alle metodar for å stille miljøkrav i anskaffingar, men spesielt som tildelingskriterium. Det er også auka bruk av fleire typar informasjonskjelder, deriblant bruk av anskaffelser.no.

Gjennomgåande er dei to største hindringane for å stille miljøkrav framleis mangel på kunnskap og mangel på praktiske verktøy.

## **3. Evaluering av Difi sitt kurstilbod på det internasjonale området**

Hausten 2012 sette Difi i gang ei eignevaluering av opplæringstilboda på det internasjonale området – Europakompetanse og Noreg i internasjonalt samarbeid (NIS). Desse to programma omfattar per i dag seks modular, og opplæringa skal høvesvis:

- auke deltakarane sine kunnskapar og utvikle ferdigheitene deira i samhandlinga med EU gjennom EØS-avtalen og andre samarbeidsavtalar.
- auke deltakarane sine kunnskapar og utvikle ferdigheitene deira innanfor internasjonale arbeidsformer, språk, kultur og internasjonale forhandlingsprosessar.

---

Denne evalueringa skal belyse om Difi faktisk treffer behova forvaltninga har på dette området, og å kartleggje om det er naudsynt med endringar av både fagleg og praktisk karakter.

Vi har kartlagt kursdeltakarane innanfor desse to kurstilboda dei siste 1,5 åra. Ved å sjå på verksemdstilhøyrse, stillingstype, deltakar på tal kurs m.m. innanfor desse to programma har vi fått eit bilete av kven som er brukarane våre. Evalueringa vår omfattar også eit gruppeintervju med HR-leiarar og opplæringsansvarlege i utvalde departement og underliggjande verksemdar, for å undersøkje om vi treffer behova verksemda har for denne typen kompetanse. Vi har også sendt ei spørjegransking til kursdeltakarar frå dei to siste åra for å evaluere langtidseffekten av å ta Difi sine kurs, og bruken av andre tilbydarar enn Difi på dette området. I tillegg samanfattar vi evalueringsskjema som kursdeltakarane har svart på rett etter enda kurs. Vi viser også til korleis forvaltninga i dei andre nordiske landa har organisert den sentrale opplæringa si på EU-området.

Samstundes som Difi byrja evalueringa si, sette Utanriksdepartementet (UD) i gang eit arbeid med å følgje opp Meld.St.5 (2012-2013), der styrking av europakompetansen i forvaltninga er eit av punkta som regjeringa skal følgje opp. Ein del av dette arbeidet består i å ha intervju med leiarar for spesialutvala, der bl.a. eksisterande kompetansetiltak og behov for nye tiltak blir diskutert. Difi har tett samarbeid med UD for å få til synergjar mellom deira intervju og vårt evalueringsarbeid, slik at vi ikkje belastar forvaltninga med unødvendig overlappande evalueringar.

Evalueringa vår blir ferdigstilt i løpet av mars 2013, og vil bli publisert som eit Difi-notat på difi.no.

#### **4. Brukarundersøking OEP**

Difi publiserte i vår rapporten frå brukarundersøkinga for OEP. Undersøkinga var retta mot tre målgrupper: sluttbrukarar, arkivmedarbeidarar og verksemdsleiing. Undersøkinga viser stor grad av måloppnåing med tenesta, og brukarane er nøgde med OEP. Ein kan trekkje fram to forbettringspunkt i OEP av undersøkinga. OEP bør leggjast til rette for meir effektiv behandling av innsynskrav, og dokument bør vere tilgjengelege direkte frå tenesta utan å måtte gå vegen om innsynskrav. Difi har inkludert dei fleste av endringsynska for OEP i vidareutviklinga av tenesta, og levert FAD ei vurdering over alternative løysingar for å gjere dokument tilgjengelege direkte frå OEP. Ny brukarundersøking for tenesta er planlagt i 2014.

#### **5. Analyse/brukarundersøking av Kvalitet på nett (KPN)**

Vi har gjort ei eigenevaluering av KPN ved hjelp av datamaterialet som er innsamla gjennom Difi sine årlege vurderingar av offentlege nettstader, og ei spørjeundersøking blant nettredaktørar i offentlig sektor. Føremålet har vore å analysere kvalitetsutviklinga på offentlege nettstader over tid (2007-2011) og gjere ei vurdering av effekten av KPN som verkemiddel. Analysen blir dokumentert i ein rapport som er planlagt publisert i februar 2013. Her gjer vi greie for dei viktigaste resultatane:

- 
- Nettstader i offentleg sektor har i gjennomsnitt vesentleg høgare kvalitet i 2011 enn i 2007. Dette gjeld for alle tre områda i KPN, men er mest markant på området nyttig innhald.
  - Skilnader i nettkvalitet mellom statleg og kommunal sektor er viska ut, kommunale nettstader har innhenta forspranget dei statlege hadde i 2007
  - Halvparten av nettredaktørane har god/svært god kjennskap til KPN, berre 3 % svarer at dei ikkje kjenner til verkemidlet.
  - Tre av fire nettredaktørar var samde i at «Difi sine kvalitetsvurderingar og offentleggjering av kvalitetsskår/tal stjerner for kommunar og statlege etatar, har stor innverknad på kvaliteten på offentlege nettstader».
  - Eit klart fleirtal av nettredaktørane vurderer kriteriesettet som nyttig i arbeid med anskaffing, test/eigenevaluering av nettstadene.

Vi har i tillegg fått ei rekkje innspel til vidareutvikling KPN, med hovudvekt på kriteria vi byggjer på i måling av kvalitet.

### **3.2.4 Klart språk**

Difi har gjennom fleire år halde interne skrivekurs der skriveråda frå Klarspråksplakaten er viktige element i opplæringa. Vi held både kortare kurs i korleis skrive for nett ved hjelp av interne krefter, og meir omfattande kurs ved bruk av ekstern kompetanse. I år har NTB halde eitt skrivekurs i Leikanger og eitt i Oslo. Kursa gjev praktiske råd og rettleiing i korleis skrive slik at målgruppa forstår det vi vil seie, og medverkar til auka medvit om korleis vi formulerer oss når vi formidlar kunnskap frå Difi. Det er god deltaking på kursa. I tillegg har vi ein rammeavtale for språkvask og omsetjing, slik at dei avdelingane som ynskjer meir omfattande bistand til å forbetre og brukartilpasse eksisterande tekstar, enkelt kan gjere det.

### **3.2.5 Etske retningslinjer og risiko for misleghald**

Opplæring, informasjon og tilrettelegging for arenaer for diskusjon av etiske dilemma er sentrale verkemiddel når det gjeld etiske og haldningsskapande spørsmål. Etske retningslinjer og varslingsrutinar er i 2012 innført som ein fast del av introduksjonsprogrammet for nyttilsette. Elles vil det liggje underliggjande etiske omsyn til grunn for ulike interne rutinar. Det kan nemnast som døme at Difi har revidert rutinar for transaksjonskontroll og vedteke ein ny IKT-sikkerheitsinstruks.

### **3.2.6 Samisk språk**

Difi forvaltar infrastrukturen for innlogging med offentleg elektronisk ID. ID-porten er tilgjengeleg på samisk (både sjølv innloggingsfunksjonen og brukarstøtteinformasjonen).

Difi har som mål at nettenestene våre som skal nå heile befolkninga, skal vere tilgjengelege på samisk.

- Innbyggjarportalen Noreg.no har samisk versjon, [www.norga.no](http://www.norga.no).



- 
- Difi forvaltar på vegner av FAD løysinga Offentleg elektronisk postjournal. Den har samisk versjon.
  - AVANT, eit elektronisk verktøy for medarbeidarundersøkingar som Difi tilbyr statlege verksemdar, vart i 2012 utvida med samisk versjon.

På Difi.no har vi kontaktinformasjon til Difi på samisk, og i tillegg ei omsetjing av hovudmenypunkta (med opplysning om at lenkja leier til ei norskspråkleg side).

## Vedlegg 1

## Oversikt over lengre utgreiingsprosjekt i 2012, jf. hovudmål 1 og 3

| Oppdragsgjevar | Prosjekt  | Publisering rapport/status   |
|----------------|---|--|
| UD             | Evaluering av forvaltninga sin bruk av ordninga med nasjonale ekspertar                   | Difi-rapport 2012:1 Noregs nasjonale ekspertar i Kommisjonen. Ein ressurs for Noreg, eller berre for EU? |
| Tildelingsbrev | Kartleggje status, verknader og hinder knytte til forvaltninga sin bruk av sosiale medium | Difi-rapport 2012:2 Sosiale medier i forvaltningen   |
| JD             | Gjennomgang av visumsamarbeidet innanfor Schengen   | Difi-rapport 2012:3 Norsk medvirkning i visumsamarbeidet innanfor Schengen                               |
| Eigeninitiert  | Alternativ organisering av departementsavdelingar   | Difi-rapport 2012:4 Et fleksibelt hierarki? Alternativ organisering av departementsavdelinger            |
| KRD            | Kartlegging av lokalisering av statlege arbeidsplassar                                    | Difi-rapport 2012:6 Lokalisering av statlige arbeidsplasser – en kartlegging                             |
| Eigeninitiert  | Uavhengig myndigheitsutøving i staten   | Difi-rapport 2012:7 Uavhengig eller bare uavklart? Organisering av statlig myndighetsutøvelse            |
| Tildelingsbrev | Etterleving av Utredningsinstruksen   | Difi-rapport 2012:8 Graves det dypt nok? Om utredningsarbeidet i departementene                          |
| FAD            | Styring av Fylkesmannen   | Difi-rapport 2012:9 Styring av Fylkesmannen  |
| HOD            | Evaluering av Bioteknologinemnda  | Difi-rapport 2012:11 Evaluering av Bioteknologinemnda  |
| Eigeninitiert  | Val, organisering og samordning av publikumskanalar                                       | Difi-rapport 2012:12 Kontakt oss – Fra hjelpetrengende til selvgående brukere?                           |
| Eigeninitiert  | Om kontroll- og rapporteringsregime i staten  | Difi-rapport 2012:14 Ute av kontroll? En artikkelsamling om kontroll og rapportering i staten            |
| FAD            | Administrative støttefunksjonar i staten  | Difi-notat 2012:2 Administrative støttefunksjoner i staten   |
| KD             | Røynslar med bruk av personlegdomstest i rekrutteringsprosessen                           | Difi-notat 2012:3 Erfaringer med bruk av personlighetstest i rekrutteringsprosessen                      |
| FAD            | Direktorata si rolle overfor kommunane  | Difi-notat 2012:6 Direktoratenes rolle i styring av kommunene – en kunnskapsoppsummering                 |
| FAD            | Evaluering av tariffmidlar  | Difi-notat 2012:7 Evaluering av midler avsatt i hovedtariffoppgjøret                                     |
| POD            | Evaluering av Politidirektoratet  | Rapport blir publisert i 2013  |
| Tildelingsbrev | Lovspråk og offentleg saksbehandling  | Notat blir publisert i 2013  |
| Tildelingsbrev | Røynslar med fornyingsprosessar   | Rapport blir publisert i 2013  |

## Vedlegg 2

## Oversikt over rådgjevingsmøte og føredrag 2012, jf hovudmål 1 og 3

| Oppdragsgjevar                                     | Aktivitet/tema   |
|--|--|
| FD   | Presentasjon av Difi-rapporten <i>Hva skjer i departementene?</i>  |
| HR-Norge   | Stand på Personalkonferansen for offentlig sektor  |
| FIN  | Presentasjon av Difi-rapporten <i>Hva skjer i departementene?</i>  |
| Riksarkivet - Statens helsearkiv                   | Føredrag om Statens kommunikasjonspolitikk   |
| FAD  | Innlegg på seminar i FAD om styringa av Fylkesmannen   |
| Norad  | Sosiale medium   |
| Riksrevisjonen                                     | Presentasjon av Difi-rapporten <i>Hva skjer i departementene?</i>  |
| DFØ  | Rådgjeving i samband med oppstart av ei kartlegging av kompetansenivå på DFØs ansvarsområde  |
| HOD  | Presentasjon av Difi-rapporten <i>Hva skjer i departementene?</i>  |
| MD   | Presentasjon av Difi-rapporten <i>Hva skjer i departementene?</i>  |
| FAD og hovudsamanslutningane                       | Innspel til evaluering av punkt 5.6.1 i hovudtariffavtalen (Midlar til kompetanseutviklingstiltak i samarbeid og medråderett - tre tariffperiodar) |
| Bufdir   | Presentasjon av Avant  |
| JD   | Presentasjon av Difi-rapporten <i>Hva skjer i departementene?</i>  |
| KD   | Presentasjon av Difi-rapporten <i>Hva skjer i departementene?</i>  |
| Trainee-programmet                                 | Presentasjon av IA   |
| Helsedirektoratet                                  | Deltakar i referansegruppe «Veileder i sosiale medier for helse- omsorgs- og sosialsektoren»   |
| KRD  | Presentasjon av Difi-rapporten <i>Hva skjer i departementene?</i>  |
| Forskningsrådet: Forsking og forvaltning – Seminar | Føredrag om sosiale medium i forvaltninga  |
| KD   | Gjennomgang av krava i utgreiingsinstruksen  |
| NTL i BLD  | Presentasjon av Difi-rapporten <i>Hva skjer i departementene?</i>  |
| Partnerforum                                       | Ordstyrar /Diskusjonsleiar på seminar om sosiale samhandlingsplattformer   |
| Utdanningsdirektoratet                             | Rådgjevingsmøte om etatsstyring  |
| HOD  | Presentasjon av Difi-rapporten <i>Hva skjer i departementene?</i>  |
| Partnerforum                                       | Ordstyrar på seminar om sosiale samhandlingsplattformer  |
| Noregs Forskningsråd                               | Innlegg om innovasjon i offentlig sektor   |
| Utdanningsdirektoratet                             | Føredrag om forholdet mellom departement og direktorat   |
| Riksrevisjonen                                     | Presentasjon av Avant  |
| Oljedirektoratet                                   | Presentasjon av Difi sitt tilbod til nye leiarar og eMUS   |
| Kvinner i kommunikasjon                            | Innlegg om sosiale medium i forvaltninga   |
| Toll- og avgiftsdirektoratet                       | Presentasjon av Difi-rapporten <i>Direktoratenes faglige rolle</i>   |
| FAD  | Omstilling for medarbeidarar ved utflytting av tilsyna   |
| Bufdir   | Presentasjon av Difi-rapporten <i>Direktoratenes faglige rolle</i>   |
| FAD  | Presentasjon av forslag om korleis etablere ein felles læringsportal i staten for arbeidsgruppa om kompetanse og utvikling i departementa          |
| Dir. for Naudkommunikasjon                         | Presentasjon av Statens kommunikasjonspolitikk   |
| Partnerforum                                       | Innlegg om bruken av sosiale medium i forvaltninga   |
| FKD  | Presentasjon av Difi-rapporten <i>Hva skjer i departementene?</i>  |
| BLD  | Presentasjon av Difi-rapporten <i>Hva skjer i departementene?</i>  |
| Statleg nettverk i regi av Nav og Dossier          | Presentasjon av eMUS   |

|   |   |
|---|---|
| Jernbaneverket  | Rådgeving i samband med utarbeidinga deira av eit nytt leiarutviklingstilbod bygd på verktøy frå Difi |
| Riksrevisjonen  | Presentasjon av Difi-rapporten <i>Hva skjer i departementene?</i>                                     |
| DFØ   | Presentasjon av arbeidet med strategisk kompetanseutvikling i staten for DFØs største brukarar.       |
| Domstolsadministrasjonen (Bergen)                                   | Innlegg og samtalepartnar i eit prosjektgruppemøte: Kvalitetsleiing i domstolane                      |
| Universitetssykehuset   | Innlegg om Statens kommunikasjonspolitikk   |
| Direktoratet for økonomistyring                                     | Orientering om CAF  |
| Forsvarsbygg futura   | Innlegg om teamorganisering   |
| KRD   | Presentasjon av rapporten om etterleving av utgreiingsinstruksen                                      |
| Departementa  | Presentasjon av rapporten om etterleving av utgreiingsinstruksen                                      |
| IMDI  | Informasjon om Difi sine leiarutviklingstiltak, med spesielt vekt på Mentorprogrammet                 |
| MD  | Innlegg om <i>Hva skjer i departementene?</i>   |
| Konfliktråda  | Rådgevingsmøte om mogleg leiarutvikling   |
| JD  | Innlegg om <i>Hva skjer i departementene?</i>   |
| FAD/KPA   | Innlegg om <i>Hva skjer i departementene?</i>   |
| Klif  | Innlegg om sosiale medium   |
| Riksrevisjonen  | Presentasjon av bruk av konsulenttenester og evalueringar i forvaltninga                              |
| HOD   | Rådgevingsmøte om leiarutvikling i HOD og korleis ein kan ta i bruk tilboda frå Difi                  |
| Kriseinfo (DSB og Dep og Dir)                                       | Sosiale medium i kriser   |
| FKD   | Rådgeving til sekretariatet for lostenesteutvalet   |
| DFØ   | Graves det dypt nok? Etterlevelse av Utredningsinstruksen<br>Presentasjon av rapport                  |
| Riksrevisjonen  | Rådgevingsmøte om røynsleane Difi har med bistandsprosjekt i Makedonia                                |
| Udir  | Presentasjon om direktorata si faglege rolle  |
| Høgskulen I Volda   | Heildags førelesing Statens kommunikasjonspol og sosiale medium                                       |
| NVE   | Presentasjon av rapport Graves det dypt nok? Etterlevelse av Utredningsinstruksen                     |
| Departementa sitt fylkesmannsutval +direktoratsleiarar              | Presentasjon av rapporten Styring av Fylkesmannen; leiing av halvdagssamling                          |
| HOD   | Rådgeving om kjøp/oppfølging oppdragsforsking   |
| JD  | Rådgeving vedr. kartlegging av tilbod til voldsoffer  |
| Skatteetaten  | Rådgeving «hvordan ta Sats i bruk i egen virksomhet?»   |
| Statens Innkrevjingsentral sine leiarar + stabstilsette (Mo i Rana) | Presentasjon av rapporten «Kontakt oss» - kartlegginga av publikumskanalane                           |
| Fylkesmennene i Agderfylka – Etatssjefsmøte (Kristiansand)          | Presentasjon av rapporten «Kontakt oss» - kartlegginga av publikumskanalane                           |
| Luftfartstilsynet   | Rådgeving om strategisk kompetanseutvikling og digitale læringsformer                                 |
| BI  | 4 timar Førelesing i Statens kommunikasjonspolitikk og sosiale  |

|   |   |
|---|---|
|   | medium  |
| NHD   | Innlegg om <i>Hva skjer i departementene?</i>                                       |
| AFIN, UiO   | 2 timar Førelasing i Statens kommunikasjons politikk og sosiale medium              |
| JD  | Rådgeving om eit arbeid for å styrkje JDs samordningsrolle for samfunnstryggleik    |
| Klif og DN  | Presentasjon av rapporten Styring av Fylkesmannen                                   |
| Miljøverndep + underliggjande etatar - kommunikasjonsansvarlege | Sosiale medium og kriseinformasjon  |
| FAD   | Innlegg om <i>Hva skjer i departementene?</i>                                       |
| HOD   | Rådgeving kjøp/oppfølging oppdragsforskning   |
| FAD   | Presentasjon av rapporten Graves det dypt nok? Etterlevelse av Utredningsinstruksen |
| Fylkesmannsmøte   | Presentasjon av rapporten Kontroll og rapportering                                  |
| UD  | Rådgeving om organisering av eksportkontrollen                                      |
| Helsedirektoratet   | Presentasjon av rapport Direktoratenes faglige rolle                                |
| JD og SRF   | Innlegg om styring av fylkesmannen og tilsyn  |
| Difi-kurs Nytilsett i departementa                              | Presentasjon av «Å starte i staten»   |

## Vedlegg 3

## Oversikt over møteplassar arrangerte av Difi i 2012, jf hovudmål 1 og 3

| Dato        | Aktivitet  | Tema  | Ca. deltakartal   |
|-------------|--|---|---|
| 13.01       | Frukostmøte                                      | Røynsler med å overvake EØS-avtalen   | 110   |
| 19.01       | Frukostmøte                                      | OEP   | 100   |
| 09.02       | Ettermiddagsseminar                              | Kommunesamarbeid rundt kvalitet på psykisk helsevern                                      | 30  |
| 01.03       | Temamøte for leiarar i departementa              | Departementskompetanse  | 60  |
| 14.03       | Temamøte   | Teamorganisering  | 3   |
| 26.03       | Workshop for leiarutviklarar og HR-folk i staten | Slik tek du Sats i bruk i eiga verksemd   | 11  |
| 17.04       | Ettermiddagsseminar                              | Presentasjon av Europautredningen – NOU 2012:2 Utenfor og innenfor. Norges avtaler med EU | 80  |
| 19.01       | Møteplass for nye leiarar                        | Sats-café: Arbeidsgjevars styringsrett og handlingsrom                                    | 7   |
| 28.02-29.02 | Oppstartsamling                                  | Nye leiarar i staten  | 24  |
|             | Nettverksmøte<br>Kompetansestyring               | Erfaringsdeling v/innføring av kompetansestyringsverktøy.                                 | Deltakarar i nettverket:<br>Skatteetaten, UD, UDI, Lånkassen, DSS, Tolletaten |
| 12.03       | Møteplass for nye leiarar                        | Sats-kafé: Medarbeidarleing   | 10  |
| 24.05       | Møteplass for nye leiarar                        | Sats-kafé: Konflikthandtering   | 20  |
| 10.09.      | Blir brukartrafikken styrt?                      | seminar om difi-rapp 2012:12  | 120   |
| 27-28.09    | CAF-event 2012                                   | Europeisk CAF konferanse  | 160 frå 20 ulike land   |
| 25.-26.10   | Oppstartsamling for nye leiarar                  | Nye leiarar i staten  | 26  |
| 05.11       | Workshop for HR og leiarutviklarar               | Læringsmål, effekt og evaluering av leiarutviklingstiltak                                 | 27  |
